



**Kommunedelplan
for
kulturminne i Voss
2004-2007**

INNHALD

1.	Plangrunnlag.....	3
1.1.	Kulturminne - ein ikkje-fornybar ressurs!.....	4
1.2.	Juridisk plangrunnlag	4
1.3.	Planperiode.....	4
1.4.	Planarbeidet.....	4
2.	Mål for kulturminneplanen.....	5
3.	Rammer for arbeidet.....	5
3.1.	Kvifor verne kulturminne og kulturmiljø?	5
3.2.	Verkemidlar for forvaltning og vern	6
3.3.	Omgrep nytta i planen	9
4.	Metode for vurdering av verneverdi.....	11
4.1	Verdivurderingar	11
4.2.	Vernekategoriar	12
4.3.	Kartfesting	13
5.	Mangfaldet og det karakteristiske ved kulturminna i Voss	13
6.	Materiale og status for kulturminne i Voss	16
6.3.1.	Fornminne	18
6.3.2.	Freda bygg.....	19
6.3.3.	Kyrkjer og kyrkjegardar	19
6.3.4.	Kulturminne i regulerte område	19
7.	Kulturminne og kulturmiljø i Voss	20
7.1.	Tunskipnad og byggjeskikk	21
7.1.1.	Førhistoriske gardsanlegg og øydegardar	21
7.1.2.	Gardsmiljø.....	22
7.1.3.	Husmannsplass og husmannsstover	25
7.1.4.	Einskildhus på garden	25
7.1.5.	Einskildbustader	32
7.2.	Samferdsle	34
7.2.1.	Vegar	34
7.2.1.1.	Postvegen Bolstad-Nærøydalen	35
7.2.1.2.	Andre vegar	35
7.2.1.3.	Bruer.....	37
7.2.2.	Bryggje, kai og naust.....	38
7.2.3.	Jarnbane.....	39
7.2.4.	Reiselivsanlegg.....	40
7.3.	Kulturminne under vatn	41
7.4.	Møtestader/offentleg verksemd	41
7.4.1.	Tettstad- og grendamiljø	41
7.4.2.	Offentleg verksemd	43
7.4.2.1.	Handelsverksemder	43
7.4.2.2.	Skular	44
7.4.2.3.	Forsamlingshus (; ungdomshus, bedehus)	44
7.4.2.4.	Bygningar knytt til helse- og sosial-stell.....	45
7.5.	Tru og kristenliv	46
7.5.1.	Helleristingar, gropasteinar, krossastein	46
7.5.2.	Gravminne frå førhistorisk tid.....	48

7.5.3. Kyrkjer og kyrkjegardar	48
7.6. Forsvars- og krigsminne	49
7.7. Utmarksminne	52
7.7.1. Stølsbruk.....	52
7.7.2. Andre driftsbygningar og anlegg i utmark	58
7.7.3. Vasskraft.....	60
7.7.4. Jakt og fangst.....	61
7.7.5. Jarnframstilling.....	64
7.7.6. Andre utmarksminne	65
7.8. Tekniske og industrielle kulturminne.....	65
7.8.1. Skiferindustrien	65
7.8.2. Elektriske kraftverk	68
7.8.3. Telegraf/telefonliner	68
7.8.4. Småindustri.....	69
7.9 Andre kulturminne	69
7.10. Kulturlandskap	69
7.11. Stader og område med potensial for funn av automatisk freda kulturminne (fornminne).....	76
8. Utfordringar – truslar – forvaltning.....	76
9. Handlingsplan.....	81
10. Økonomiske konsekvensar.....	82
Vedlegg	83
- Litteraturliste	
- Retningsliner for handsaming av kulturminne i Voss kommune	
- Kulturminne verna i medhald av plan- og bygningslova	
- Liste over kulturminne som har fått tilskot 1988-2003	
- Kart over område som er SEFRAK registrert i Voss	

Forsidefoto:

Øverst til venstre: Detalj av våningshuset på Fjose. Foto: Sigrunn Dommarsnes

Øverst til høgre: Fangstanlegg i Ljosandalen. Foto: Knut S. Andersen

Nederst: Gamalt sel i Skamdalen. Foto: Sigrunn Dommarsnes

1. Plangrunnlag

1.1. Kulturminne - ein ikkje-fornybar ressurs!

I meir enn 6.000 år har menneska sett sitt preg på området som i dag er Voss kommune. Jegarar og sankarar i steinalderen gjorde ikkje store inngrep i landskapet, det skjedde først då menneska vart bufaste og byrja dyrke jorda for meir enn 2000 år sidan. Om lag frå Kristi fødsel og fram til etterkrigstida vart landskapet omforma til kulturlandskap gjennom rydding, dyrking, slått og beiting. Hus, steingardar, rydningsrøysar og gravhaugar sette og sitt preg. I løpet av to generasjonar er dette særprega kulturlandskapet med kulturminne langt på veg forsvunne. Ønsker me å bevare denne arven for kommande generasjonar? Då byrjar det å haste, dette er verdiar som me ikkje får att om dei går tapt – dei er ikkje fornybare!

Kulturminneplan for Voss kommune skal vera eit bidrag til å gjere innbyggjarar og private og offentlege planleggarar klår over kva ressursar som finst i kommunen. Planen viser status og foreslår ein prioritering av kulturminna for på best mogleg vis å sikre og forvalte denne ikkje-fornybare ressursen.

1.2. Juridisk plangrunnlag

Kulturminneplanen er ein tematisk kommunedelplan med heimel i Plan- og bygningslova (Pbl), §20-1.

1.3. Planperiode

Planperioden er 4 år, frå 01.01.2004 – 31.12.2007.

1.4. Planarbeidet

Voss kommune har lenge ønska å lage ein kulturminneplan med oversyn over og verdivurdering av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Alt tilbake i 1989 laga Gunnar Hemre Ringheim eit oversyn med vurdering av kjende kulturminne i Voss kommune. Knut J. Rokne supplerte med nokre tillegg i 2001.

Arbeidet med kulturminneplanen starta sommaren 2003. Gaute Sandvik, Sigrunn Dommarsnes og prosjektleiar Mona Mortensen har utarbeidd den føreliggjande planen, under leiing av kommunalavdeling plan, økonomi, miljø og kultur. Voss kommune nedsette ei referansegruppe som har hatt slik samansetjing: Voss folkemuseum (Dag Sæverud), Sogelaga på Voss (Knut Mørkve), Voss Grunneigarsamskipnad (Ole Jørgen Rio), MKU (Randi Blomhoff Pedersen), Voss kommune (Gunnar Hemre Ringheim, Gunnar Berge / Gunnar Dagestad) og Fylkeskonservatoren (Hanne Windsholt; konsultatitv medlem). Grappa har hatt 3 møter undervegs i planarbeidet. Oppstart av planarbeidet er kunngjort etter reglane i Pbl.

2. Mål for kulturminneplanen

I kommuneplanen for Voss (Kommuneplanen 2003-2014) er følgjande mål formulert: *”Kulturminne og kulturlandskap skal registrerast, sikrast og forvaltast på ein forsvarleg og framtidsretta måte”.*

Kulturminneplanen skal følgje opp denne målsettinga ved å vera ein retningsgjevande, tematisk kommunedelplan. Målet for kulturminneplanen har vore å gå gjennom kjente kulturminne og kulturmiljø i kommunen for å skaffe ei oversikt og gjere ei prioritering av desse. Kommunedelplanen kan med det vera ein viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturminneressursar og fungere som grunnlag for utarbeiding av arealplanar.

Kommuneplanen inneheld fleire konkrete retningslinjer som berører kulturminne, først og fremst gjennom retningslinjer for kulturminne, men og gjennom estetiske retningslinjer for byggje- og anleggstiltak og retningslinjer for hyttebygging (jmf. vedlegg 4, 7 og 8 i kommuneplanen)

Kulturminneplanen skal bidra til å:

- *Synleggjere kommunen sin kulturminnepolitikk ved å lage eit handlingsprogram for forvaltning av kulturminne utifrå prioriteringar gjort i samråd med sogelag, interesseorganisasjoner, antikvariske mynde og andre interesserte.*
- *Fokusere på dei kulturminna som er gode kjelder til kunnskapsformidling gjennom sin bygningshistoriske, sosialhistoriske og næringshistoriske verdi.*
- *Sjå kulturminne og kulturmiljø i samanheng/som ein heilskap.*
- *Utarbeide eit verktøy for å ta vare på dei mest verdifulle kulturminna i kommunen.*
- *Forvalte kulturminne på best mogleg måte ved å sjå dei som ein verdi og ta omsyn til dei tidleg i alt planarbeid.*
- *Gjere lokalbefolkningen medviten om kulturminne gjennom informasjon.*
- *Nytte motivasjon og samarbeid som verkemiddel for vern.*
- *Oppmode til medverknad frå lokalbefolkningen i forvaltningen av kulturminna*
- *Utarbeide ein brukarvenleg plan for kommuneforvaltning og grunneigarar.*
- *Inngå samarbeid med styresmaktene som har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna i kommunen.*

3. Rammer for arbeidet

3.1. *Kvifor verne kulturminne og kulturmiljø?*

Dei siste 20 åra er ein blitt stadig meir klar over det presset kulturminna vert utsett for gjennom moderne utbygging og nedlegging av tradisjonell næring. Dette har ført til auka medvit om dei verdifulle ressursane som kulturminna representerer.

I dag vert kulturminnevern og kulturpolitikk definert som eit viktig element i landets miljøpolitikk (sjå *St. meld. 58. 1996-97. Miljøpolitikk for ei bærekraftig utvikling*). Kulturminna er vår identitet og kollektive hukommelse om tidlegare generasjonars samfunn

og levekår. Dei er kjelde til kunnskap og grunnlag for opplevelser og kan og vera ein bruksressurs for brukaren i dag.

Dei gjeldande nasjonale mål for kulturminnevernet er:

- *”Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og ivaretas som bruksressurser og som grunnlag for opplevelser og videreutvikling av fysiske omgivelser.”*
- *”Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv som kunnskapsressurser og som grunnlag for opplevelse.”*

I dette ligg forståinga av at me ikkje kan ta vare på alt, men at me må velge. Dagens og morgendagens menneske må få høve til å settje sitt preg på omgjevnadene og speigle dei verdiane dette samfunnet tek vare på. Me må sjå samla på fortid, notid og framtid, slik at utforminga av våre fysiske omgjevnader tek inn alle desse aspekta.

Dette er og det overordna målet for den regionale kulturminnepolitikken i Hordaland. I *Fylkesdelplan for kulturminne, ”Kultur viser veg 1999-2010”* er hovudmålet definert som

”å forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida”.

For å sikre dette er det definert mål og strategiar for tre hovudtema i planen.

- Tema 1 Kulturminne og kulturmiljø har som mål å *”Sikra kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde med nasjonal, regional og lokal verneverdi”.*
- Tema 2 Forvaltning har som mål å *”forvalta kulturminne som ein integrert del av heilskapleg miljø- og ressursforvaltning”.*
- Tema 3 er Kunnskap og formidling med mål: *”Sikra og formidla kunnskap som er knytt til kulturminne og kulturmiljø”.*

Fylkesdelplanen inneheld og regionale retningslinjer for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i Hordaland. Desse er utarbeida med heimel i § 19 i Plan og bygningslova og skal gjerast gjeldande for all planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Hordaland (sjå vedlegg).

3.2. Verkemiddel for forvaltning og vern

Ein har tre aktuelle verkemiddel for å verne kulturminne og kulturmiljø.

- 1) *Informasjons – og haldningskapande verkemiddel*
- 2) *Juridiske verkemiddel*
- 3) *Økonomiske verkemiddel*

1) Informasjons – og haldningskapande verkemiddel

Dette er det aller viktigaste verkemiddel for vern av kulturminne og kulturmiljø og er eit verkemiddel som Riksantikvaren fokuserer mykje på. Haldningskapande arbeid kan starte i barnehage og skule som ein langsiktig strategi for å skape forståing for kvifor me må ta vare på kulturminnearven vår. Det er svært viktig å komme i dialog med grunneigarar og brukarar. Kommunen kan til dømes distribuere faktainformasjon om kulturminne og kulturmiljø anten generelt for kommunen eller individuelt for kvar enkelt grunneigar. Haldningar kan endrast og skapast gjennom tildømes kursverksemd, eit ryddig regelverk og effektiv saksgang. Lag

og interesseorganisasjoner spelar her ein viktig rolle saman med kommunen og dei antikvariske mynde.

2) Juridiske verkemidlar

Dei antikvariske styresmaktene ønskjer først og fremst å sikre vern av kulturminne og kulturmiljø gjennom samarbeid og økonomiske verkemiddel. I ein del tilfelle er imidlertid interessekonflikten så stor mellom verne- og tiltaksinteresser at det er nødvendig å bruke juridiske verkemidlar for å sikre vern av kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminnelova (Lov om kulturminner av 9. juni 1978, sist endra 31.01.2003)

Sterkast vern har kulturminne og kulturmiljø som fell inn under kulturminnelova (Kml). Lova har som formål å frede og også å gi dispensasjon frå freding av kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminnelova skil mellom automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne. Alle kulturminne eldre enn 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år og ståande bygningar som er erklært eldre enn 1650 er automatisk freda. Dette kjem fram av §§ 4 og 6. I §§ 3 og 8 vert det gjort rede for forbudet som gjeld mot inngrep i eit automatisk freda kulturminne med mindre ein har fått tillating til dette frå Riksantikvaren. Forutsetningar for frigjeving er omtala i §§ 8, 9 og 10. Kulturminnelova fastset ei sikringssone på 5 meter kring alle automatisk freda kulturminne. Denne kan utvidast etter vedtak av dei antikvariske styresmaktene. Også inngrep i sikringssona er ulovlege (§ 6).

Søknader om riving eller vesentleg endring av bygningar og anlegg før 1850 skal sendast fylkeskommunen til fråsegn (§ 25 i kulturminnelova).

Nyare tids kulturminne kan fredast ihh til §§ 15, 19 og 20. § 15 gjev høve til å freda einskilde bygningar og anlegg eller delar av dei med eksteriør, interiør og fast inventar, samt i særlege tilfelle også laust inventar. Fylkeskommunen kan etter § 15a gje dispensasjon frå fredingsbestemmingane til mindre vesentlege endringar. Gjennom § 19 kan ein freda eit område rundt eit freda kulturminne, t.d. ein bygning eller eit skipsfunn på havbotnen, for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet. § 20 gjev høve til å freda eit heilt kulturmiljø, til dømes ein heil gard med bygningar og innmark, eller eit byområde. Fylkeskommunen gjev også dispensasjon frå fredingsbestemmingane etter §§ 19 og 20.

Plan- og bygningslova (av 14. juni 1985, nr 77)

Verneverdige kulturminne som ikkje fell inn under Kml kan få eit vern gjennom Plan- og bygningslova (Pbl). Riksantikvaren formulerar det slik:

”Kommunene er sentrale aktører i vernet og forvaltningen av kulturmiljøer og kulturminner gjennom oppgavene sine etter plan- og bygningslova. Innarbeiding av verneverdige og fredete kulturlandskap, kulturmiljøer og kulturminner i kommunale arealplaner og håndheving av planene gjennom kommunens byggesaksbehandling er avgjørende for bevaring av kulturarven. Dette inngår også som et viktig element i arbeidet for utvikling av bærekraftige lokalsamfunn og forvaltningen av kulturminner som en ikke-fornybar ressurs.”

Pbl er kommunens viktigaste verkemiddel når det gjeld *arealdisponering og byggjesakshandsaming*. Lova pålegg kommunane å drive oversiktsplanlegging gjennom utarbeiding av kommuneplan med arealdel. Her kan ein vise område som er spesielt interessant i kulturminnesamanheng ved å bandleggje område etter §20-4, pkt. 4.

Bandleggjinga føreset at kommunen i løpet av fire år utarbeider planar for vidare oppfølging, reguleringsplan eller ved å bruke andre lover, ma Kml og Nvl (Naturvernlova).

Gjennom Pbl skal kommunen og drive *fysisk detaljplanlegging og handsame byggesaker*. Pbl gir høve til å utarbeide reguleringsplanar med ulike reguleringsformål. Under § 25. 6 Spesialområder inngår mellom anna ”områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares”. Det gjev kommunane høve til å regulere til spesialområde bevaring. Dette kan omfatte alt frå større tettbygde område eller kulturlandskap og ned til ein enkelt bygning. Reguleringsplanen er ein detaljplan og kan brukast aktivt som eit formings- og styringsverktøy for kulturminne, kulturmiljø og deira omgjevnader. Reguleringsbestemmingane må utformast slik at dei er i samsvar med føresegnane for bevaring, dei må vera forutseeilige og enkle å forstå. Dei kan vera strenge og detaljerte eller meir generelle alt etter føresegnet med reguleringa.

Pbl gjev og føresegner om *handsaming av byggjesaker*. § 92, 3 (verneregelen) pålegg kommunen å ”se til at historisk, arkitektonisk eller kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vel mulig blir bevart”. Etter § 81 skal oppføring av nye driftsbygningar i landbruket og endring av eksisterande driftsbygning meldast til kommunen. § 79 omhandlar uvanleg bygging og bygningsrådet kan ”forby bebyggelse som etter sin art eller størrelse avviker vesentlig fra det som er vanlig i strøket”. Når det gjeld riving skal kommunen, etter Pbl § 95, samarbeide med regional kulturminneforvaltning og innhente fråsegn frå desse. Som hovudregel kan ingen rive eit byggverk utan at det på førehand er innhenta tillating etter Pbl.

For fleire av dei § som er nemnt her kan kommunen utarbeide vedtekter som skjerpar eller lempar, gjev tillegg til eller unnatak frå av dei føresegnene som er gitt i lova. Voss kommune sine retningslinjer i kommuneplanen som gjeld estetikk, byggje- og anleggstiltak og hyttebygging er døme på dette.

Det er nedsett eit planutval som har lagt fram ein utredning med forslag til planbestemmelser til ein ny Plan- og bygningslov (NOU 2003:14). Med den nye lova vil kulturminneforvaltningen få utvida og forbetra heimler til å bevare kulturmiljø gjennom Pbl, slik at vern av kulturminne og kulturmiljø så vidt mulig skal skje på grunnlag av planlegging og planar etter denne lova, ikkje med heimel i Kml. Det gjer det enklare å gje verneverdige kulturminne og kulturmiljø eit sterkt juridisk vern. Vidare vil byggesaksdelen av plan- og bygningslova verte forenkla og forbetra med omsyn til handsaming av ståande bygningsmasse.

Lov om naturvern (av 19. juni 1970, sist endra 20.06.03)

Naturvernlova skal sikre vern av det biologiske naturgrunnlaget etter internasjonale, nasjonale og regionale verneverdiar. Av vernekategoriane i naturvernlova er det oppretting av nasjonalparker i medhald av §3 og oppretting av landskapsvernområde i medhald av §5 som i særleg grad er viktig for kulturminne og kulturmiljø.

3) Økonomiske verkemidlar

Økonomiske verkemidlar skal stimulere til bevaring og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø. For vedlikehald og restaurering av kulturminne (bygningar og anlegg) kan ein søkje fylkeskommunen om midlar. Til skjøtsel og vedlikehald av landbrukslandskap og kulturmiljø kan ein søkje kommunane om SMIL-midlar. Dei ulike tiltaka er nærare handsama under kapittel 8.

3.3. Omgrep nytta i planen

Vi omtalar ofte kultur som ein motsetnad til natur - det som er skapt av menneske. Det er denne forståinga som ligg i botn for alle omgrep som vert nytta innan kulturminnvern. Dei fleste omgrepa er juridisk definert i lovverket, medan andre har eit innhald som me har ein alment akseptert forståelse av.

- **Kulturminne** vert definert i kulturminnelova som ”*alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til*”. I utgangspunktet vil planen nytte denne definisjonen. Lova skil mellom automatisk freda kulturminne (fornminne) og nyere tids kulturminne. Skilet er sett til reformasjonen i år 1537 (sjå kapittel 2.2. om kulturminnelova). Eit kulturminna kan vera materielt (til dømes eit skap) eller immaterielt (til dømes stadnamn i utmark). Ein skil og mellom lause og jordfaste kulturminne (ein steinøks vil vera eit laust kulturminne medan ein bygning vil eit vera fast kulturminne). *Planen held seg til dei materielle, jordfaste kulturminna i Voss kommune, frå førhistorisk tid fram til ca. 1950.* Ein slik definisjon gjer at tildømes stadnamn i utmark ikkje er med. Heller ikkje interessante kulturminne frå tida etter 1950 er vurdert.
- **Kulturmiljø** vert i same lov definert som ”*områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*” Kulturmiljø vert brukt om både kulturlandskap og jordbrukslandskap med gardsanlegg og andre kulturminne, og om tettbygde strøk og byområde.
- **Kulturlandskap** er definert i naturvernlova som det menneskeforma landskapet som inneheld økologiske/biologiske og/eller kulturhistoriske element. Fylkeskulturplanen definerer omgrepet som: ”*Menneskeforma landskap som inneheld økologiske/biologiske og kulturhistoriske element.*” I planarbeidet har me avgrensa omgrepet til å gjelde det historiske kulturlandskapet som menneske har forma gjennom tidlegare tiders landbruksdrift. Dette omfattar ulike kulturmarkstypar, anlegg som steingardar, rydningsrøyser, ferdselsårer og miljø med verneverdig bygningsmasse. Eit kulturlandskap kan vera av varierende storleik. Større kulturlandskap vert omtala som kulturlandskapsområde.
- **Landskapsvernområde** har som formål å ta vare på eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap. I landskapsvernområde er det eit generelt forbod mot inngrep som vesentleg kan endre landskapet si eigenart eller karakter. Landskapsvernområde vert verna i medhald av naturvernlova.
- **Nasjonalparkane** vert og verna i medhald av naturvernlova og sikrar større urørde eller i det vesentlege urørde eigenarta eller vakre naturområde mot inngrep. I tillegg til fauna og flora er og kulturminne verna mot utbygging, anlegg, lokal forureining og andre inngrep.

- **Kulturminnevern**

Korleis ein skal verne, eller ta vare på kulturminne er eit omfattande tema. Formelt er det miljøverndepartementet med Riksantikvaren som faginstans som er ansvarleg for nasjonalt kulturminnevern gjennom strategiar, lovverk, tiltak og økonomiske midlar. På regionalt nivå er det fylkeskommunen som forvaltar kulturminnevernet. På lokalt nivå er det kommunen som forvaltar kulturminnevernet med heimel i Plan- og bygningslova. Men det viktigaste kulturminnevernet ligg i ansvaret som kvar enkelt av oss har for å verne og ta vare på kulturminna. Dei antikvariske styresmaktene kan først og fremst gje fagleg veiledning og noko økonomisk støtte, slik at me saman kan ta eit tak for å verne arven frå fortida, til glede for vår eiga og framtidige generasjonar.

- **Freding**

Freding er det sterkaste juridiske vern eit kulturminne eller kulturmiljø kan få. Gjennom Kulturminnelova vert alle kulturminne eldre enn 1537 og ståande bygningar som er erklært eldre enn 1650 *automatisk freda*. Fredningsverdige kulturminne som ikkje automatisk fell inn under desse kriteria, kan *fredast med vedtak*. Det er Riksantikvaren som står for den formelle fredinga, etter at fylkeskommunen som regel utarbeider saka. Framlegg om freding kan alle gjere. Kulturminne og kulturmiljø med nasjonal verdi kan fredast med vedtak. (Også kalla ”det smale vern”).

- **Vern**

Kulturminne og kulturmiljø kan sikrast med vern gjennom Plan- og bygningslova (Pbl), offentlege eller private verneplanar, ved tilskotsmidlar og vern- og vedlikahaldsavtalar. Pbl er viktigaste reiskapen kommunen har for å ivareta omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Kommunen kan følgje opp framlegg i kulturminneplanen med sikring gjennom regulering til spesialområde vern og med skjøtselstiltak. Det er større rom for å akseptere endringar av kulturminne og kulturmiljø som er regulert til spesialområde vern gjennom Pbl enn for kulturminne som er freda. Reguleringsbestemmelsene kan variere frå strenge/varierte/spesifikke til meir veiledande. (Også kalla ”det breie vern”).

- **Byggjeskikk, lokal byggjeskikk**

Enkelt sagt er byggjeskikk korleis me byggjer husa våre og korleis me organiserer bygningsmassen i miljø. Med lokal byggjeskikk meiner me ein folkeleg, regional byggjetradisjon med fast bruk av visse materiale, tekniske løysingar, planløysingar og detaljering. Lokal byggjeskikk gjev kunnskap om historisk tradisjon og kan haldast levande i nybygg der ein tek omsyn til lokale byggetradisjonar.

- **Bygningsvern**

Gamle hus er ein verdifull del av kulturarven vår, mellom anna fordi dei vitnar om samfunnstilhøve og gammalt handverk. Bygningsvernet er nedfelt i kulturminnelova såleis at alle ståande bygningar eldre enn 1650 er automatisk freda, medan kommunen pliktar å sende søknad til den regionale kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen i saker som gjeld ombygging- eller riving for bygg og anlegg eldre enn 1850.

- **Estetikk**

Med dette omgrepet meiner me å ta omsyn til lokal byggjeskikk og tradisjon både i utforming av bygg, fargevalg og plassering av nye bygg.

4. Metode for vurdering av verneverdi

4.1 Verdivurderingar

Omgrepet ”kulturminne” er verdinøytralt i Kulturminnelova. Men me kan ikkje ta vare på alle kulturminna. Det er difor nødvendig å gjere ei prioritering, ei utveljing, av dei mest verdfulle. Ei viktig problemstilling for dei antikvariske styresmaktene har difor vore å utarbeide verdikriteria som kan nyttast ved verdivurdering. Me har nytta kriteria utarbeidd av Riksantikvaren, seinast presentert i heftet ”*Alle tiders kulturminner*” (RA 2001).

Ved å nytte desse kriteria vert vurderinga fagleg begrunna og etterretteleg. Samstundes må ein vera klar over at kvar vurdering vil vera skjønsmessig, farga av personen som gjer vurderinga og av det til ein kvar tid rådande verdisyn samfunnet har for kulturminnevern. Ei verdivurdering kan difor ikkje fastsetjast endeleg, men bør gjerast på nytt med jamne mellomrom.

Tre hovudverdiar vert lagt til grunn: *opplevings-, kunnskaps- og bruksverdi*. For ytterligare å grunnkje kva verdiar kulturminnet har, nyttast delverdiar eller -kriteria.

Opplevingsverdi

Omgrepet *opplevingsverdi* vert nytta for å karakterisere kva kulturminne og kulturmiljø bidrar med for sjølve opplevinga av det fysiske miljøet. Verdien kan til dømes knyttast til kulturlandskapet, der mennesket gjennom påverknad har vidareutvikla det opprinnelege landskapet og gjerne knytt segn og folketru til særlege trekk i landskapet. Slik kan område få *miljøverdi* og ha *identitets/symbolverdi* ved å gje menneska som nytter område ei kjensle av gjenkjenning og tilhøyring. *Eстетisk verdi*, utfrå arkitektonisk eller kunstnarisk kvalitet er og med å gje ein opplevingsverdi. Opplevingsverdien kan til dømes knyttast til ein helleristing på eit berg omkransa av gras, ein særleg vakker profil på eit husveggpanel, eller ein mosegrodd steingard som strekk seg inn i horisonten.

Kunnskapsverdi

Omgrepet *kunnskapsverdi* vert nytta for å forklare kva verdi kulturminna har som kjelde til fortida. *Alder* er den viktigaste delverdien her. Dess eldre jo høgare verdi. *Representativitet* som kriterium er viktig for å finne eit utval representative kulturminne som illustrerer eit tverrsnitt av historia. Kriteriet nyttast difor på objektnivå og på overordna nivå. Kva kunnskap eit kulturminne gjev avheng og av korleis me vel å sjå fleire objekt i samanheng i tid og rom. Eit hus på eit gardstun kan gje kunnskap om byggjeskikk og om livstilhøve. Vel ein derimot å sjå gardstunet under eitt med bygningar, fornminne og anlegg gjev dette kunnskap om kulturgrunnlag, næringstilpassing og bruk av ressursar i eit lengre historisk perspektiv. Kunnskapsverdien må og vurderast i høve til *variasjon/mangfald* innan ein kulturminnekategori. Momenta *sjeldan/typisk* skal ivareta at både dei heilt typiske og dei meir sjeldne kulturminnekategoriane vert bevart. Eit anna viktig omgrep er *autentisitet*. Med det meiner me at noko verkeleg er det som det gjev seg ut for å vera, eller at objektet er lite endra. Som hovudregel er det slik at dess meir autentisk, jo høgare verdi får kulturminnet. Autentisitet må og sjåast i samanheng med *fysisk tilstand* på kulturminnet og *historisk kjeldeverdi*.

Bruksverdi

Bruksverdien må vurderast med utgangspunkt i om det økonomisk lønar seg å ta vare på gamle bygningar og anlegg framfor å byggje nytt. Dei *økologiske verdiane* er knytta til

miljøverdi og bærekraftig utvikling med stikkord som miljøbelastning og biologisk mangfald. *Bruksressursar og næringsverdi* kan lett komme i konflikt med verneinteressar. Sist, men ikkje minst er *pedagogisk potensial*, om kulturminnet er av ein slik karakter at det er lett tilgjengeleg for publikum, også ein bruksverdi.

Opplevingsverdi	Kunnskapsverdi	Bruksverdi
<ul style="list-style-type: none"> • <i>Identitetsverdi</i> • <i>Symbolverdi</i> • <i>Eстетisk verdi</i> (<i>Arkitektonisk/ kunstnarisk verdi</i>) 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Representativitet</i> • <i>Historisk kjeldeverdi</i> • <i>Alder</i> • <i>Autentisitet</i> • <i>Typisk-sjeldenhet</i> • <i>Variasjon-mangfald</i> 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Miljøverdi</i> • <i>Bruksressursar</i> • <i>Økologisk verdi</i> • <i>Næringsverdi</i> • <i>Pedagogisk verdi</i>

Det er viktig å presisere at verdiane kan nyttast ulikt ettersom ein vurderar enkeltobjekt eller eit miljø. Eit verneverdig bygningsmiljø treng difor ikkje å ha enkeltbygningar som i seg sjølv er spesielt verneverdige.

4.2. Vernekategoriar

Basert på desse verddivurderingane kan kulturminne og kulturmiljø sikrast enten ved freding eller vern. Ein har valt å bruke følgjande vernekategoriar i kulturminneplanen:

- ***Freda/fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø*** (med heimel i Kml)
Kulturminne og kulturmiljø som er freda eller vert foreslått freda har høg nasjonal verneverdi. Alle førreformatoriske (før 1537) faste kulturminne og alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650 er automatisk freda etter kulturminnelova. Nyare fredingsverdige bygg og anlegg sikrast med vedtaksfreding ihht Kml. Lova fastset ei rekkje forbod og påbod i samband med freding.

Det er ulovleg med alle formar for inngrep i automatisk freda kulturminne og i sikringssona som desse kulturminna har etter lova. Føremålet med sikringssona er å verne mot inngrep som kan skade kulturminnet. Sikringssona fastsettast særskilt av vedkommende myndighet etter lova. Inntil omfanget er vurdert gjeld eit belte på 5 meter frå kulturminnet sin kjende yttarkant. Riksantikvaren kan etter søknad gje dispensasjon til inngrep i automatisk freda kulturminne eller sikringssona deira, men dette krevjer normalt svært god grunngjeving. Ein skal også vera varsam med inngrep utanfor sikringssona ettersom § 3 i kulturminnelova forbyr alle inngrep som kan skjemme eit automatisk freda kulturminne. Dette forbodet gjeld også tiltak utanfor sikringssona. Det er riksantikvaren som i tvilstilfelle avgjer kva som er skjemmande.

For nyare tids freda kulturminne (vedtaksfreda) gjeld eit generelt rivings- og endringsforbod. Alle endringar som går ut over vanleg vedlikehald må gjodkjennast av rette mynde (Fylkeskommunen). Dette gjeld også små endringar som måling med ny farge eller målingstype, utskifting av vindauge, delar av bordkledning osv. Fredingsføresegnene kan spesifisere innhaldet i fredinga

og seie meir nøyaktig kva for inngrep som er lovelege/ulovlege. Det kan gjevast dispensasjon til mindre vesentlege endringar, og dette vert t.d. somme tider gjort for å sikra bruken av freda bygningar som vert for gammaldagse etter moderne krav. Vedtaksfreda kulturminne har ikkje sikringssone, og "skjemmeparagrafen" gjeld ikkje.

- **Verna/ verneverdige kulturminne kulturminne/kulturmiljø**
Verneverdige kulturminne/-miljø kan skiljast i to vernegradar/-formar

Særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø er vurdert å ha stor lokal/regional verneverdi og bør sikrast ved særskilde tiltak. Vern kan skje i samarbeid med grunneigarar og brukarar eller ved regulering til spesialområde vern. For særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø bør det gjelde eit generelt riveforbod og endringsfråsegn. Spørsmål om endringar og andre byggetiltak bør alltid sendast til Hfk. All planverksemd må for øvrig skje ihht kommunen sine retningsliner for kulturminne, om hyttebygging og estetikk (Jmf vedlegg 4, 7 og 8 i kommunedelplan 2003-2014) og Hfk sine regionale retningsliner for forvaltning av kulturminne/-miljø, sjå vedlegg.

Andre potensielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø vil gjelde alle bygg og anlegg bygd før 1950. Dette gjeld ein stor gruppe kulturminne og kulturmiljø. Spørsmål om endringar, riving og andre byggetiltak bør vurderast i kvart enkelt tilfelle av kommunen/ev. fylkeskommunen. All planverksemd må for øvrig skje ihht kommunen sine retningsliner for kulturminne, om hyttebygging og estetikk (Jmf vedlegg 4, 7 og 8 i kommunedelplan 2003-2014) og Hfk sine regionale retningsliner for forvaltning av kulturminne/-miljø, sjå vedlegg. NB! Alle bygningar og anlegg bygd før 1850 er underlagt særlege reglar om antikvarisk vurdering før ombygging/riving vert tillatt.

Me gjer merksam på at det finst viktige kulturminne frå tida etter 1950. Desse er ikkje behandla i kulturminneplanen.

4.3. Kartfesting

Alle fornminne, freda bygg og fredningsverdige og særleg verneverdige kulturminne og kulturlandskap er kartfesta (sjå temakart i vedlegg til planen). Nr. på karta koresponderer med nr. i planen. Fornminna er merka med rune-R.

5. Mangfaldet og det karakteristiske ved kulturminna i Voss

”Landskapet i hovuddalføret er prega av breiare dalar og mjukare formar enn elles i indre deler av fylket. Eit mangfald av dalar skjer ned i terrenget i ulike himmelretningar. Vossovassdraget med sine mange greiner er ein dominerande faktor i landskapsbiletet. Langs hovudvassdraget finst store areal med flate moar.”
Frå ”Kommuneplan for Voss 2001-2014:10

Voss kommune er samansett av mange ulike landskap som varierer frå fjord til høg fjell over 1000 moh. Det varierte landskapsbiletet og dei ulike føresetnadene for ressursar som dette gjev, avspeglar seg i lokale skilnader i kulturminne og kulturmiljø. Skal ein forenkla det mangespektra landskapsbiletet er det formålsteleg å sjå for seg tre ulike landskapssonar i kommunen; fjordkanten med dei vilkår låglandet og sjøen gjev, innlandssonen med store gardar og høg fjellet med til dels karrige tilhøve. Frå gammalt var kommunen skild i dei tre prestegjelda Evanger, Vossevangen og Vossestrand. Mellom desse er det fleire topografiske skilnader som påverka ressursutnyttinga. I Evanger er landskapet brattare, jorda meir tungdyrka, noko som gjorde spadebruk mest høveleg. I Vossevangen og Vossestrand prestegjeld var derimot pløying med hest og plog nærast einerådande. Tilgjenge til skog har vore god i dei fleste bygdelaga, med unnatak av dei høgareliggjande områda og nærast fjorden i vest. Grøderike høgtiliggjande beiteområde har gjeve grunnlag for utstrakt støling i Vossebygdene.

Førhistorisk tid (6.000 f. kr. - 1050 e. Kr.)

Fram til slutten av steinalderen var folk for det meste nomadiske fangsfolk utan fast bustad. I fjellet, ved Borgarbuvatn finn ein einaste buplass som er datert til steinalderen. Nede i bygda er det lausfunna som dominerar. I eldre steinalder er det helst områda nær fjorden som har vore i bruk, forutan fjellområda lengst aust i kommunen.¹ Frå yngre del av steinalderen og bronsealder, då me reknar med at folk vart meir bufaste, tyder funna på at alle bygdelag i kommunen var busett.²

Då folk byrja å bli bufast, det vil seie rydde seg bu, opparbeide seg tun, innmark og utmark, fekk dei og hevd på eige område. Me reknar med at eigedomsrett over land i alle fall går attende til byrjinga av jernalderen, for om lag 2000 år sidan. Men det er få direkte spor etter husa til dei første som busette seg fast. Det er gravhaugar og røysar, desse monumenta over dei daude, som er historieforteljarane – dei fortel kva gårdar som me kan rekne med var busette i jernalderen. Saman med helleristingar, gropasteinar og lause fornminne har me ein god indikator på busetting i førhistorisk tid. Ei oversikt over desse syner at dei fleste sentrale gardane i kommunen var busette alt i førhistorisk tid. (Sjå vedlegg; kart frå Førhistoriske minne)

Tunskipnad og byggjeskikk

Frå mellomalderen og fram til utskiftingane i andre halvta av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet var dei fleste tuna fleirbølte klyngetun eller rekkjetun. Ein reknar rekkjetunet som eldste tunform. Etterkvart som garden vart delt mellom stadig fleire brukarar avgjorde plassen på tunet om ein kunne halde på rekkjeforma eller om det utvikla seg til klyngetun. Såleis er klyngetuna mest utbreidd i områda lengst vest i kommunen, i det gamle prestegjeldet Evanger, der det var meir trongt om plassen. I dag er berre eit fåtall rekkjetun bevart. Tuna på *Nesheim* (einbølt) og *Mølster* (fleirbølt) står som to svært godt bevarte døme på den gamle, uskifta tunskipnaden.

¹ Funn av vestlandsøks på Rekve gnr 15-17, Evanger, Finnesteigen gnr 232 og Kvarekvål, gnr 117, flintflekke på Vassenden og bergartsøksar på Vinje gnr 97-98, Lid gnr 133, 189-190, Seim gnr 247, Øvsthus gnr 86, Kvåle gnr 36, Mosafinn gnr. 240. Steinalderbuplass ved Borgarbuvatn.

² Funn av pilspissar, øksar og dolkar av stein på Vossevangen, Een gnr 62, Sæve gnr 20, Ytre Sundve gnr 282, Gjelle gnr 226, Ringheim gnr 50-53, Saude gnr 241, Jordalen gnr 335, Lekve, gnr 47, Kvitno gnr 122, Kyte gnr 103. Bronsegenstandar frå bronsealder er funnet på Mølster gnr 46, Helleve gnr 96, Slæn gnr 331, ved Kaldafjell og i Strandaleitet.

Med utskiftingane vart husa flytt og gjenreist på nye tun. Mange av brukarane nytta dette høvet til å byggje nytt og større. Dei fleste lemstover og etterkvart hus med sveitserstil vart bygd etter utskiftingane. *Vinje, Vossetrand* er eit godt bevart døme på utskifta tunskipnad. Som døme på eit lite bruk er det naturleg å trekke fram *Finnesteigen*.

Byggjeskikken frå mellomalderen og fram til nyare tid i Vossebygdene er prega av god tilgang til tømmer. Laft har vore nærast dominerande, både i bustadhus og uthus – ja, heilt til støls frakta ein tømmer og sette opp lafta sel, flor og utløer. Kommunen har ein godt bevart bygningsmasse heilt attende til mellomalderen. Av innhus på tunet er det naturleg å peike på alle dei godt bevarte røykstovene og lofta. Av uthus er det framleis fleire gode døme på lafta, einskilde løer og florar slik dei vart bygd fram til ca 1850, og på kombinerte driftsbygningar, som etterkvart overtok for einskilde hus til kvar funksjon. Etter utskiftingane fekk dei fleste bruk eige tun. Ein gamal bygningstype som det er få att av er løer med tømra høy- og kornbrot og med treskelåve i midten. Denne bygningstypen er særeigen for Voss og Granvin /Ulvik.

Samferdsle og næring

Voss si strategiske rolle som knutepunkt for samferdsle mellom aust og vest har og vore med å prege kulturmiljøet i kommunen, både i gamal og nyare tid. Heilt attende til 1300-talet har me skriftlege kjelder som omtalar dei gamle *hovudvegane*. På 1600-talet vart Postvegen, eller Kongevegen, oppretta. Me kjenner til nokre eksisterande vegstrekk av mellomaldervegen (holvegen på Bjørke) og fleire av Postvegen. Ein del strekk er no tilrettelagt som turvegar. Langs vegane vart det, etter kongelege forordningar, oppført skysskiftestasjonar og gjestgjevarstader. Nokre vart bygd med drag av samtidig ”internasjonal” arkitektur, som til dømes gjestgjevargardane på Bolstad og Voss. Andre stader vart dei reisande innlosjerte på gardar langs veggen, td. på Flatlandsmo og Tvinne. Til tross for at Voss er ein innlandskommune finst og nokre maritime kulturspor knytt til dei gamle vegane. På Bolstad står framleis kaien frå den gongen staden var skiftestasjon mellom landeveg og sjøveg.

Reisemønsteret endra seg noko då Vossebanen opna i 1883. Grunnlaget for Vossevangen sin framvekst som moderne tettstad vart lagt, Bolstad endra funksjon frå å vera knutepunkt for skipsfart til å verte ei stasjonsgrend.

Frå folk vart bufaste før vår tidsrekning til midten av 1900-talet har landbruk vore viktigaste næring i Voss. Alle nisjar vart utnytta. Heimebøane vart dyrka, dyra beita heime før dei steg for steg vart styrt mot sommarstølen. Utmarken var og viktig for fôrsanking. Same kor bratt, vart teigen slegen om den kunne gje fôr til vinteren. Skogen vart nytta både til brensel, fôr og byggemateriale. Malmrike myrar vart nytta til jarnframstilling, mest i førhisotrisk tid men og i historisk tid.

Elvar og vatn vart nytta til transport av tømmer, som utover 1800-talet var ei viktig attåttnæring for mange, særleg langs Strandaelvi og Raundalselvi.

Frå midten av 1800-talet vart turisme ei viktig attåttnæring i Vossebygdene. Næringa skaut særleg fart etter at jarnbanen opna, og det vart oppretta fleire store turisthotell; td på Vossevangen og Stalheim. Moderne transportmidlar som jarnbane og motorbåt gjorde gardsturisme til ei viktig attåttnæring. I første halvta av 1900-talet vart difor mange stølar leigd ut til byfolk. På Grønestad, i vestenden av Hamlagrøvatnet, ligg framleis eit hus som vart nytta som pensjonat.

Mellom 1880 og 1940 gjekk det føre seg ein storstilt skiferdrift i Voss. Mellom anna på Nordheim, på Klondyke og Møn vaks det fram ein viktig industri som involverte mykje folk i det tunge arbeidet med å få fram råstoffet og til bearbeing av hellene. Til transporten vart det nytta båt, taubane og jarnbane.

Grend og tettstad

Dei største av dei gamle rekkjetuna kan karakteriserast som grender og fekk etterkvart fleire fellesfunksjonar som butikk, bakeri, post og telegraf. Både Vinje, Oppheim og Brekkhus er døme på slike grender. Bolstad og Evanger vaks seg jamvel større og fekk tettstadfunksjon, medan Vangen etterkvart fekk ein særleg senterfunksjon. Vangen har vore ein naturleg samlingsstad langt attende i tid, mellom anna som stad for Vangskyrkja. Jordbrukspreget heldt seg likevel til langt inn på 1800-talet og utviklinga mot tettstad fekk først fart då jarnbanen opna. Utviklinga av tettstaden vart underlagt særlege reglar etter at Vangen vart eigen bygningskommune i 1883. Vedtaket medførte reguleringar som ellers ikkje var vanleg utanom byane. Forsvaret la eksersisplassar hit og vidaregåande skular av mange slag gjorde bygda til ein skulestad. Mykje av den gamle bygningsmassen på Vangen vart imidlertid lagd i grus under bombing i 1940, men sentrum vart seinare gjenreist som ein moderne småby.

6. Materiale og status for kulturminne i Voss

Grunna knapp tid har det vore naudsynt å basere planarbeidet hovudsakleg på skriftleg bakgrunnsmateriale. I tillegg har me samtala med informantar og vore på synfaringar i kommunen. Noverande status for kulturminne og kulturmiljø som vert omtala i kapittel 7 *Kulturminne og kulturmiljø i Voss kommune* er i fleire høve difor usikker. Følgjande bakgrunnsmateriale er nytta for å omtale status for kulturminne på Voss:

6.1. Fornminne

- *Førhistoriske minne på Voss*
Førhistoriske minne gjev ein unik oversikt over det talet på fornminne i Voss kommune fram til 1979. Alle kjente fornminne er skildra i gardsvise oversikter, inkludert lausfunn og dei som er forsvunne. Alle funna er kartfesta på såkalla funnkart. *Det bør vera eit høgt prioritert tiltak å få desse kartfestingane digitaliserte slik at dei kan nyttast i kommunen sitt kartverk. Funnkarta er lagt med som vedlegg i delplanen. Me oppmodar om at desse karta vert nytta som grunnlag i all planlegging inntil plotta er digitalt kartfesta.* Eit oversyn med beskrivelse av funnstadene finn ein på Universitetet i Bergen sin nettstad, under Bergen museum, Museumsprosjektet, Førhistoriske minne. Adressa er http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html Her er det mogeleg å få fram kommuneoversikt eller sjå på enkelte gardar. Me gjer merksam på at oversynet ikkje er ajourført etter 1979.
- *Fornminne i Hordaland, Voss kommune, (rapport om topografisk-arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket, (1981).*
I samband med fylkeskartkontora si kartlegging for Økonomisk kartverk (ØK) utførte dei arkeologiske musea registrering av faste fornminne, der alle kjende fornminne vart kartfesta med rune-R (automatisk freda kulturminne). Under registreringa vart det registrert 95 fornminnelokaliteter med tilsaman 119 einskildminne i Voss kommune.

Desse er skildra og kartfesta på utsnitt av ØK-kart. Fornminne som ligg i områder som ikkje er dekkja av ØK-kart er ikkje registrert og kartfesta. Kjente fornminne som ligg i høgareliggande utmarksområde er difor ikkje nødvendigvis innteikna i kommunen sitt kartverk.

- *Fortidsminne i dagens landskap. Status for automatisk freda kulturminne i Voss k.,* NIKU-rapport (1998).
Kring 20 år etter ØK-registreringane vart det gjort kontrollregistreringar av fornminna i Voss kommune. Av dei 152 fornminna som vart kontrollert var 134 i god stand. Dei hadde ikkje vore utsette for tiltak som kjem i konflikt med Kml. 18 fornminne var påført skadeverk, av desse var åtte heilt fjerna. Det gjev ein tapsprosent på 5,3 i løpet av åra mellom 1979/83 og 1998. Dette er ein stor forbetring samanligna med tapsprosenten i tidsrommet mellom registreringane til Førhistoriske minne på midten av 1950-talet og ØK-registreringane i 1979/83. Her er tapsprosenten på 17,4. Tapet av fornminne i Voss kommune er altså minkande og noko under gjennomsnittet på landsbasis.³
- Gustafson, L.: *Arkeologiske registreringer i Vossovassdraget. Verneplan for Vassdrag - 10 års vernede vassdrag.* Bergen 1983. Arkeologiske rapporter, Historisk museum, Universitet i Bergen.
Gjev ein oversikt over alle kjente fornminne i Vossovassdraget sin øvre del, langs Strondaelva frå Vikafjell til Vangsvatnet, Raundalselva og Istadelva frå grensa mot Granvinsvassdraget. I samband med prosjektet vart det gjort ein del nyregistreringar knytt til utmarksressursar (steinalderbusetnad og jarnframstilling i høgareliggande område). Alle kjente fornminne innan området er skildra og kartfesta.
- Gjennomgang av topografisk arkiv, Bergen museum, kulturhistoriske samlinger.
- Gjennomgang av fornminnearkivet, Fylkeskommunen.

6.2. Bygningar og anlegg

- *Kulturminnerapport v/G. Hemre Ringheim* (1989).
Rapporten gjev eit oversyn over bevaringsverdige kulturminne i Voss kommune, kategorisert i mellom anna kulturlandskap, einskildbruk/gardstun, einskildhus, utmarksminne, industri, kommunikasjon, tettstader og offentleg verksemd. Dette er eit ”storarbeid”, som har vore av stor betydning for oss som har jobba med kulturminneplanen.
- *Røykstoverregistreringane til O. D. Lærum og fylkeskonservatoren.* Temaet er og presentert i boka ”Røykstover” (Lærum og Brekke, 1990).
- *SEFRAK registreringane* var ei landsomfattande registrering av alle faste kulturminne bygd før 1900. Alle objekt vart dokumenterte på eit standardskjema og fotografert. I ettertid er objekta digitalt kartfesta og knytt opp til GAB. Ein del registeringsdata er tilgjengeleg i ein database (kommuneSEFRAK). Databasen er søkbar på gardsnummer og bruksnummer, tidfesting og fritekstsøk. Det er utarbeidd ei handbok for bruk av databasen. Kontaktperson hjå fylkeskommunen er Signe Nygård. I Voss vart

³ Riksantikvaren reknar med at det årleg forsvinn 1% fornminne på landsbasis. I Voss kommune har det årlege tapet i tidsrommet 1980-2000 vore ca 0,55% i gjennomsnitt.

registreringane utført i tidsrommet 1984-1991. Meir enn 2000 objekt er registrert, av desse er 1353 bygningar som er datert til tida mellom 1500 og 1900. I praksis er det mest bygningar som er registrerte, andre typar faste kulturminne er meir sporadisk medtekne. Registreringane i Voss er ikkje fullstendige. Av 47 krinsar er 26 registrerte. Frå ansvarleg hjå fylkeskommunen har me fått oppgitt at omtrent 2 årsverk gjenstår for å fullføre registreringane. *Å vidareføre denne registreringa er eit prioritert tiltak i kommuneplanen sitt handlingsprogram 2003-2006 (Kommuneplan for Voss 2003-2014:18). Me oppmoder om at dette vert høgt prioritert hjå kommunen og Fylkeskommunen.*

- Ringheim, G. H.: *Førkrigshus på Vangen*, Voss kommune 1998. Har oversikt og historikk over alle førkrigshus som stod på Vangen i 1991.
- Liste over moglege automatisk freda hus i Voss bygd 1537 – 1650, v/ Kjell Andresen (2000).
- Tyssen, A.: *Ei jordbruksbygd på Vestlandet, Kulturminne frå nyare tid i øvre del av Vossovassdraget, Hordaland. Riksantikvarens rapporter 9, 1984*. Rapporten inneheld ei analytisk oversikt over kulturminne i øvre del av Vossovassdraget og omtale av alle registrerte kulturminne frå nyare tid. Alle objekta er kartfesta.
- Stølsregistreringar utført i samband med Kulturlandskapsprosjektet 1990-92. Prosjektleiari Jon Nedkvitne registrerte 124 stølar (einbølte og fleirbølte stølar). Av desse er 83 vurdert å ha kulturhistorisk verdi. Dei fleste stølane som tidlegare var registrert i A. Tyssen sine registreringar av Vossovassdraget og i SEFRAK er nevnt, men ikkje verdivurderte. Registreringane føreligg som registreringsskjema og i ei samla registreringsoversikt. Det er og eit stort biletmaterial. Arbeidet har vore utgangspunkt for vurderingane som er gjort i planarbeidet.
- Gjerdåker, J.: *Stølar i Vossafjell*, Voss bygdeboknemnd 2001. Ein storslagen oversikt over stølane i Vossafjell. Svært nyttig grunnlagsmateriale for tema knytt til støling.
- Gjennomgang av arkiva hjå fylkeskonservatoren, Hordaland fylkeskommune (arkivnykkel 652).
- Informantar i kommunen, hjå fylkeskonservator, fylkesmannen sitt landbrukskontor, blant grunneigarar og lokalhistorisk interesserte.

6.3. Freda og verna kulturminne i Voss kommune

6.3.1. Fornminne

Det er registrert 152 eksisterande *fornminne* på Voss (status i 1999). Me veit at det korrekte talet er noko høgare. Nokre fornminne ligg utanfor ØK-kartverket og er difor ikkje inkludert i dette talet. I tillegg vert det stadig oppdaga hittil ukjente fornminne.

6.3.2. Freda bygg

Riksantikvaren si fredingsliste over bygningar har fleire objekt i Voss kommune. Desse er kartfesta i kommunen sitt kartverk:

- *Vangskyrkja* (i kommunal eige)
- *Rekve*, gnr. 19 mylne (i privat eige)
- *Finne*, gnr. 43, Finnesloftet (i privat eige; Fortidsminneforeningen)
- *Lydvo*, gnr. 37, Lydvaloftet (i privat eige; Fortidsminneforeningen)
- *Mølster*, gnr. 46, gardstun med 18 bygningar (Voss folkemuseum)
- *Ygre*, gnr. 110, stasjonsbygning og pakkhus (statleg eige)
- *Kvilekvål*, gnr. 391, lemstove (Knut Nelson stova) (kommunalt eige)
- *Oppheim*, gnr. 38, loft (i privat eige)
- *Hauge*, gnr. 327, røykstove (i privat eige)
- *Ringheim*, gnr. 52, loft (i privat eige)
- *Lundarosen*, Ringheim, gnr. 51, emne frå eit loft som er flytt frå Gjerstad og gjenoppført i eigedomen til Håkon Skiple. Berre tre vegger er autentiske.

Av desse er Ygre stasjon, Rekve Mylna, Mølstertunet, Knute Nelsonstova og røykstova på Hauge vedtaksfreda, dei andre er automatisk freda pga høg alder.⁴

6.3.3. Kyrkjer og kyrkjegardar

Kyrkjer og kyrkjegardar er regulert etter eit eige rundskriv, der det m.a. er lagt restriksjonar på bygging innan kyrkjene sin 60m sone og 300m sone i speidbygde område. Utvalde listeførte kyrkjer (utarbeida av Riksantikvaren) har eit ekstra vern. Sjå 7.5.2 for ein oversikt.

6.3.4. Kulturminne i regulerte område

- *Museumsområdet på Mølster samt eit område vestanfor dette (spesialområde bevaring)*
- *Evanger tettstad (spesialområde bevaring)*
- *Skulestadmoen, eit mindre areal rundt gamlestova på gnr 50/19, plasset Moen under Ringheim (spesialområde bevaring)*
- *Ny reguleringsplan for Vangen (2003) omfattar og dei kulturhistorisk interessante områda Kyrkjebøkvartalet og Hestavangen.*
- *I samband med kommunedelplan for hytter (2004) er potensielle utbyggingsområde synfart med omsyn til konfliktpotensiale i høve til kulturminne og kulturmiljø.*
- *Draugsvoll, gravhaug (kulturminne innanfor friareal)*
- *Rogne, gravhaug (kulturminne innanfor friareal)*

6.3.5. Verneplanar

- *Forsvaret har utarbeidd verneplanar for sine anlegg/eigedomar i Voss kommune. 28 bygg vart vurdert som fredningsverdige. Forsvaret har våren 2004, i samarbeid med Riksantikvaren gjort framlegg om å fatte fredningsvedtak av anlegga på Bømoen.*
- *NSB har utarbeidd verneplanar for sine anlegg/eigedomar i Voss kommune (1993). Av bygg og anlegg som er vurdert som verneverdige eller fredningsverdige i verneplanen er det berre Ygre stasjon og pakkhus som er vedtatt freda.*
- *Privat verneplan for garden Vinje på Vossestrand*
- *Televerket sin nasjonale verneplan nemner ikkje verneverdige kulturminne i Voss.*

⁴ Fleire andre bygningar i kommunen vert rekna for å være eldre enn 1650 og kan vera automatisk freda. Dette gjeld mellom anna røykstove på Møn, 159/1, sel på Bygdastølen, 268 og Nigardsloftet på Lydvo, gnr. 37/?

6.3.6. Anna

- *Voss folkemuseum eig i tillegg til det freda Mølstertunet også Nesheimtunet, gamle Oppheim prestegard, skulehuset på Urdland, gamlebutikken på Oppheim samt eit uthus. Museet leiger ein vårstøl i Oppheimsdalen og har planar om å kjøpe driftsbygningen på det nye tunet på Mølster.*

6.4. Kulturminne som har motteke offentleg tilskot

Mange kulturminne har motteke offentlege tilskot i perioden 1988-2003. Det er gjeve tilskot på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. Fylkeskommunale og statlege tilskot i denne perioden er ført opp i eige vedlegg.

7. Kulturminne og kulturmiljø i Voss

Kapittelet tek for seg kulturminne og kulturmiljø i Voss kommune, hovudsakleg med utgangspunkt i kategoriar tekne frå *Kultur viser veg* (Hordaland fylkeskommune, 1999). Me har supplert med nokre kategorier nytta i ”*Kommunedelplan for forvaltning av kulturminne i Luster*”, (Luster kommune 2000).

Kultur viser veg lister opp ein rekkje regionale satsingstema for kulturminne og kulturmiljø i Hordaland: Basert på desse vart følgjande tema i utgangspunktet foreslått som satsingstema under arbeidet med kulturminneplanen for Voss:

- **Kulturminne i utmark**; med vekt på stølsområda, jarnvinne/-framstilling, slåttemark (kulturlandskap), torv, jakt og fangst, skiferindustri
- **Trehusbebyggelse** (bygningshistorie)
- **Tettstad**
- **Samferdsle** med vekt på jernbane, vegar og reiseliv.
- **Kulturlandskap** med plantar, utslått, innslått, stølstræde, ”hager” med kulturplantar (kvann)
- **Forsvarsminne**, med vekt på krigsminne frå 2. verdskrig.

Tida som har vore stilt til rådvelde har vore knapp og me har difor ikkje gått i djupnaden på alle kulturminnekategoriane. Me har likevel vald å gje ein omtale også av desse temaene, men har presisert at kunnskapen ikkje har vore god nok til at me har kunne gjere verdivurderingar. Kulturminne og kulturmiljø som er vurdert å ha fredningsverdi eller særleg verneverdi er lista opp i planen og gjeve eit referansenummer som korresponderar med temakarta som ligg med. Grunnlagsmaterialet for vurderingane og prioriteringane me har gjort, har vore tidlegare utførde registreringar. Synfaringar har for det meste vore supplerande. Noverande tilstand/staus for kulturminna er difor ikkje alltid klar.

Til grunn for vurderingene har me særleg lagt vekt på *alder* og *autentisitet*. *Representativitet i tid og rom* og om kulturminnet/kulturmiljøet har vore *sjeldant* er vurdert opp mot kva som står att i dag. Me har og vore opptekne av *kulturmiljø* for å få fram mest mogelg heilskapleg samanheng heller enn enkeltobjekt.

Det er viktig å presisere endå ein gong at oversikten ikkje er endeleg, men synleggjer utifrå dagens kunnskap kva kulturminne og kulturmiljø me veit har høg verdi. Objekt som ikkje er nemnt i planen kan innehalde verdier som ved vurdering kan gje høg verdi. Me veit at så godt som alle gardstun i kommunen har kulturminne som er verdt å ta vare på. Me vonar difor at både grunneigarane sjølv og kommunale planleggarar tek ansvar ved å ta omsyn til antikvariske og arkitektoniske verdier i samband med alle typar bygge- og anleggstiltak.

7.1. Tunskipnad og byggjeskikk

7.1.1. Førhistoriske gardsanlegg og øydegardar

- **Førhistoriske tufter på Kvitla**

På stølsområda til Kvitla og Steine finn ein dei einaste kjente dømene på førhistoriske hus i Voss. Dei nyleg oppdaga tuftene er enno ikkje ferdig undersøkt, men arkeologene hjå fylkeskommunen reknar med at dei er frå eldre og yngre jernalder. For eit utrena auge ligg tuftene godt gøymt i terrenget, under tjukke torvlag. Men om ein ser nøye etter kan ein sjå regelmessige vollar som omkransar ei flate. I ei tuftene fant arkeologane ei blå perle frå eldre jernalder. Om tuftene er rester etter fast gardsbusetting eller støling er usikkert. Fornminna er automatisk freda.

Vi kjenner til fleire øydegardar i Vossebygdene. Stadnamn med nemningar som ”Øyjordæ” og ”Tuft’ne”, segn og overgrodde tufter kan indikerer spor etter tidlegare busetting. Alderen på øydegardane er ofte usikker. Me veit at mange mellomaldergardar vart lagt ned som følgje av Svartedauden, men gardar vart og fråflytt i nyare tid. Dersom lokal tradisjon ikkje kan knytte tufter eller stadnamn til historisk kjent busetting er det godt mogleg at busettinga er eldre enn Svartedauden. Desse er automatisk freda etter kulturminnelova. Moglege øydegardar kjenner ein til nede i bygdane og i stølsområda.

Freda øydegard

- 1 **Mulane**, under Gjerdåker, gnr. 90/1 er delvis undersøkt av fagfolk. Her er registrert minst tre tufter, åkerreiner, fleire plattinger og minst ein gravhaug. Truleg vart garden anlagt i eldre eller yngre jernalder og lagt øyde i mellomalderen. Sidan vart drifta teken opp att på 1500-talet som husmannsplass før den igjen vart fråflytt.
Mulane er automatisk freda.

Moglege øydegardar som kan vera førreformatoriske og dermed automatisk freda med heimel i kulturminnelova

- 2 **Kolle**, gnr. 1/1(notat i topografisk arkiv, Historisk museum)
- 3 **Prestestølen**, gnr 48 (fråflytt i mellomalderen, her er åkerreiner, gravhaug, seinare nytta som støl)
- 4 **Øyjordi/Nereøyjordi, Fjose**, gnr. 99/1(usikker alder)
- 5 **Stuasetmarki mot Krokavatnet** (får etter fast busetting iflgj Gjerdåker, 2001:18)
- 6 **Grovo**, gnr. 176/3 (”Det skal ha butt folk her før Svartedauden” iflg Førhistoriske minne)
- 7 **Ved Grønlidvatnet ovanfor stølen Skaondalen**, gnr 206-208. (ei tuft som må vera gamal iflg Gjerdåker, 2001:18)
- 8 **Haugamoen utanfor Rong**, gnr 216-217 (nydyrking på 1970-talet avdekka kollag iflg Gjerdåker, 2001:18)
- 9 **”Øyjordæ”/”Tuftene”, Tesdal**, gnr. 219/2 (segn knytt til staden, sjå Kindem (1933-38))
- 10 **Tillung**, gnr. 222 (notat i topografisk arkiv, Historisk museum)
- 11 **”Røyrbakken” i Øvstedal**, gnr. 365 (notat i topografisk arkiv, Historisk museum)

7.1.2. Gardsmiljø

"I gamle dagar var byggjemåten på bondegardane mykje annorleis enn no. Det var eitt hus til kvar sitt bruk. Slik vart det fleire hus på kvar gard. Og om det var fleire gardsbruk på same garden, var husa samla kring same tunet, slik vart det ofte ei stor klyngje med hus."

(Arnfin Finne, ca 1920, prenta i Gamalt frå Voss II, 1970)

Karakteristisk for Vestlandet er tuna med mange brukarar. Frå mellomalderen og fram til utskiftingane var dei fleste tuna i Voss fleirbølte *klyngetun* eller *rekkjetun*. Rekkjetunet *"karakteriserast av at husa ligg rekkjevis, etter funksjon. I mange av dei eldre vossetuna ser me at det har lege tre karakteristiske rekkjer i tunet. Øvst låg innhusrekkja, med eldhus, loft og stove for kvar av brukarane i tunet. Midt i tunet låg gjerne ein rekkje med tohøgda loft, og fremst, ut mot dalen, ei rekkje med løer og fjøs."*, skriv Nils Brekke (2003). Tuna låg som regel et stykke oppe i lia, mange stader kunne det vera rett så bratt. Tildels høge murar på lågaste sida av huset vart nytta for å kompensere for dette. Eit vanleg trekk i mange vossatun var *"la"* – eit prinsipp der grunnmuren stikk eit stykke framfor nedste langveggen så ein får ein steingang langs stoveveggen mot tunet. Fleire stader står desse framleis, mellom anna på Nesheim. Tunskipnaden endra seg med utskiftingane mellom 1860 og 1920 då dei fleste tuna vart splitta opp og kvart bruk fekk eige tun.



"La" langs bustadhus på Vinje, Vossestrand (Foto: Mona Mortensen)

Når me har vurdert fredningsverdige og særleg verneverdige gardsmiljø har me lagt vekt på verdiane *autentisitet, alder, heilskapleg miljø*, (med bygningsmasse, tunskipnad og omkringliggjande kulturlandskap), *geografisk utbreiing* samt om miljøa representerar noko *typisk* eller *sjeldant*. *Verneverdige gardsmiljø har ikkje nødvendigvis enkeltbygningar som i seg sjølv er spesielt verneverdige, men likevel utgjer dei ein verneverdig heilskap.*

Fredningsverdige gardsmiljø

13 Staup, gnr 65

Autentisk tun knytt til smedtradisjonane på Voss. Ein god del forfall.

14 Brunborg, gnr 370.

Autentisk tun, representativt for byggjeskikken vest i kommunen. Godt vedlikehald.

15 Hustveit, gnr 74

Einbølt veglaus gard med verneverdige bygningar, deriblant ei røykstove. Var opprinneleg eigd av fyrste ordførar i Voss. Seinare fekk kommunen han i gave. Det hastar med vedlikehald. Hfk har gjort ein antikvarisk vurdering i brev av 13.03.96.

- 16 **Fjose, gnr 99/1**
Særskild tun bygd samla i nasjonal stil i 1925. Hfk har gjort ein antikvarisk vurdering i brev av 14.01.92)
- 17 **Vinje, Vossestrand, gnr 260/1 og 261/2**
To bruk som ligg tett i kvarandre, i det gamle tunet på Vinje. Fleire verneverdige bygningar. (Vurdering i verneplan v/K. Andresen 1998). Kulturlandskapet kring tunet vert framleis helde nokonlunde i hevd.
- 18 **Kvilekvål, gnr 391**
Autentisk tun, ei stove er alt vedtaksfreda. Barndomsheimen til Knute Nelson. Fleire gamle hus i god stand, deriblant ei løebygning med flor bygd i stein. Svært fint murarbeid/steinsetnad i vegar, steingardar som gjer kulturlandskapet svært verdifullt. Styvingstre og hagemark.
- 19 **Nesheim, gnr. 80/1, autentisk tun (med bygningar frå 1500-talet?), eigd av Voss folkemuseum, men utan formelt vern. Kan vera automatisk freda pga høg alder.**
- 20 **Nedre Kvårmo, gnr. 310/311. Velhalde, autentisk tun med to bruk. To våningshus side om side og med felles driftsbygning.**
- 21 **Oppheim gamle prestegard, gnr 316. Autentisk og særprega tun med byggjeskikk prega av mellomalderen. Er i Voss folkemuseum sitt eige, men utan formelt vern.**



Staup (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Særleg verneverdige gardsmiljø

- 22 **Lydvo, gnr 37**
Fleire tun, utskild frå gammalt rekkjetun/klyngjetun, som alle er klassifisert som verneverdige. Lydvaloftet er freda, Nigardsloftet (nr. 82) er vurdert som fredningsverdig. Fleire gravhaugar og skålgropar. Reulert til spesialområde vern i samband med reguleringsplan ca. 1990, sjå brev frå Hfk av 22.04.1994.
- 23 **Grevle, gnr 57**
Tun med mange eldre autentiske bygningar. Kulturlandskap med rydningsrøyser, steingardar med meir. Postvegen går gjennom tunet på Grevle og vidare mot Flatekvål.
- 24 **Vetle Ringheim, gnr. 53**
Interessant tun med mange eldre bygningar med minimale endringar dei siste 100 åra, bl.a ei lemstove. Kulturlandskap.
- 25 **Dukstad, gnr 85 (Kapteinsgarden)**
Typisk tun med utsjånad frå 1880-1890-talet. Sveitsarhus og interessant eldhus. Eit godt bevart gardsbruk som er lite endra dei siste 100 åra. Bør også vurdere allen som ein del av kulturminnet
- 26 **Osgjerd, gnr 113**

- Tunet er fråskilt resten av garden. Vernverdig røykstove og lemstove. Godt vedlikehelde. Omtala av Hfk i brev av 30.4.1987*
- 27 **Røyrlidi, gnr 121**
Ein liten brattlendt gard i eit sidedalføre til Raundalen. Verneverdig røykstove. Var godt vedlikehalden i 1989.
- 28 **Går ut**
- 29 **Fære, gnr 212**
Gardstun i Bordalen, med røykstove. Svært intakt, ettersom nytt tun er bygt opp nedanfor det gamle. Fåre for at det står til nedfalls. Omgjeven av gammalt kulturlandskap.
- 30 **Finnesteigen, gnr 232**
Døme på eit plass som seinare vart utskilt som eige bruk. Samanbygd bustadhus med røykstove. Bygningane i tunet er i ferd med å restaurerast av brukar.
- 31 **Berge, gnr 319**
Gard høgt opp i lia ovanfor Oppheim. Fråflytt, men visstnok godt vedlikehalden (i 2001).
- 32 **Haugstølen, Hauge, gnr 327**
Liten gard som har vore plass under Hauge. Her skal vera mykje gammalt.
- 33 **Sleen, gnr. 331**
Mange gamle hus i eit intakt miljø. Fredningsverdig årestove. Kongevegen går gjennom tunet.
- 34 **Sivle, gnr 334**
Mellomstor fråflytt gard med mange interessante bygningar i god stand. Bør sjåast i samanheng med gamlevegen til Jordalen om Nåli og tuftene etter husmannsplassen "Nåli".
- 35 **Selland, gnr 343**
Uskifta tun med fleire gamle hus, mellom anna ei stampe. Bygdevegen gjekk gjennom tunet. Utmerka seg som interessant i 2001.
- 36 **Rørge, gnr 363**
Som representant for fjellgardane er Rørge vurdert som den mest intakte. Eit nytt, noko uheldig overbygg på våningshuset.
- 37 **Luren, gnr 373**
Ein veglaus, høgtliggjande gard i Teigdalen. Det eine stovehuset er i særers god stand, mest utan brot med korleis slike hus såg ut i mellomkrigstida. Interiøret er og intakt.
- 38 **Akselberg, gnr 382**
Veglaust småbruk i Teigdalen. Bygd opp att etter ein brann i 1870, til dels av gjenbrukt materiale. Høg grad av autentisitet, men forfallet er kan hende komen for langt.
- 39 **Røyrbakken, Rasdalen, gnr. 411**
Rekktun med bygningar frå 1880-åra. Området er omgjeve av gamal kulturmark (åpen slåttemark) med litt bjørk og einer innimellom. Tufter etter fleire hus. Restar etter ei gamal kvern og slipestein like nedanfor Kvernhusfossen. Ellers er der løypestreng og ein klopp.
- 40 **Nakka, gnr 403/1**
Veglaus, gard med mange interessante hus, mellom anna ei røykstove.



Finnesteigen (Foto:Sigrunn Dommarsnes)

7.1.3. Husmannsplass og husmannsstover

Samstundes med at gardstuna vart delt i fleire bruk, skjedde ein auke i *husmannsplass* i fyrste halvta av 1800-talet. Gjerdåker omtalar dette som eit *indre landnåm*, då omtrent kvar 4. huslyd var husmannsfolk i åra 1825-1855 (Gjerdåker 1990:39). Etter 1860 var husmannsvesenet på retur, men det fanst husmenn enno i 1970. Ei ny lov på 1920-talet gav husmennene høve til å kjøpe plassen, men enno i dag finst det plass som ikkje er eigande. Me har gjort eit utval utfrå kjente plass som er *typiske døme og/eller er særleg autentiske*.

Særleg verneverdige husmannsplass og husmannsstover

- 41 Går ut
- 42 *Plasset Moen under Ringheim* gnr 50/19 Er sikra etter plan og bygningslova som spesialområde vern.
- 43 *Kytshagen under nedre Kyte*, gnr 103. Velhaldt plass med gard av ståande helle. Muleg eksepelområde.
- 44 *Husmannsstove på Skiple*, gnr 140/10. Usikker tilstand/status.
- 45 *Husmannsstove på Vinje*, gnr 260. Flytt frå Vinjehagen til noverande stad mellom 1910 og -20. Stova er i god stand og rimeleg autentisk.
- 46 *Nåli, plass under Sivle*, gnr 334. Berre ruinar står att. Det er utarbeidd ein plan om oppattbygging. Det er m.a. registrert ei større kolmile like ved husmannsplassen
- 47 *Plass på Sjedikane*, under Gjerde, gnr. 54. Komplett. Ein del tilbygg.
- 48 *Bergslitræet*, gnr. 48/138, er eit atypisk plass knytt til Bergslikunstnarane. Stovehuset er no redda og ferdig restaurert.
- 49 *Vetlestølen, under Nesheim*, gnr. 80. Stove som for nokre år sidan var svært autentisk.
- 50 *Lonane, under Leiddal*, gnr. 76/3. Verkar svært autentisk. Godt synleg frå stamvegen ved Telland.



Kytshagen under Nedre Kyte (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

7.1.4. Einskildhus på garden

”Samanbygde hus med stove, bu og løe i eitt, står i ferd med å bli borte. Bygningar frå 1500- og 1600-talet er og sjeldsynte. Einskilde løebygningar kan ha høg alder. Lite endra bygningar frå 1700-talet vil ha sers høg verneverdi- Frå 1800-talet er den klassiske lemstova ein bygningstype, som i si opphavelege form og tek til å bli sjeldsynt. Sveitsarhusa dominerer kulturlandskapet frå slutten av 1800-talet og godt inn i det 20. århundre før

nyklassisismen og funksjonalismen tek over. Seinare har ulike ferdighus prega husbygginga, m.a. Rødlandshuset frå 1950-talet og moderne bustadsfelt inspirert av europeisk byggeskikk.”

Frå "Kultur viser veg"1999:20

7.1.4.1. Bustadhus

På dei gamle rekkjetuna var innhusa ofte samanbygde med eldhus, stove og gjerne loft eller bu under eitt tak, gjerne med gang mellom romma. Blant innhusa på tuna er det *loftet og røykstovene* som særpreger Vossebygdene. Det set Voss i ein heilt særskilt nykkelposisjon når ein skal studere utviklinga av gamal byggeskikk. Dei europeiske stilretningane som ein del vestlandshus er prega av etter mellomalderen er ikkje så tydelege i arkitekturen på Voss. Med unntak av nokre få embedsmannsbygningar vart nye hus framleis lafta utan kledning og tekt med torvtak. Dei internasjonale stilretningane ser ein helst igjen i detaljar som vindauge og dører.

Me har teke for oss *røykstover, loft og bu, fleirhøgda stover og lemstover* og *sveitserstilhus* og gjort ei vurdering og prioritering basert på G. H. Ringheim sitt oversyn ((1989), brev og vurderingar i Fylkeskonservatoren sitt arkiv, notat av Kjell Andresen om moglege freda hus i Hordaland og samtalar med heimelsfolk.

7.1.4.1.1. Røykstover

Røykstove er ein omgrep ein nyttar om stover med enkle eldstader og ljore i taket for å sleppe ut røyken frå eldstaden. Hustypen går attende til mellomalderen og hadde først ein open eldstad - åre - midt på golvet. På 1500-talet vart åren avløyst av røykammen, men framleis var det ljoren som stod for røykavtrekk. Røykstovene hadde eit, to eller treromsplan med eller utan sval (Lerum og Brekke 1990:27ff). På Voss er fleire årestover frå mellomalderen bevart. På Mølstertunet og på Oppheim gamle prestegard er åren i stova framleis intakt. Den einaste intakte røykammen står i ei stove på Nesheimtunet. Røykstovene var så godt som einerådande fram til midten av 1800-talet.

Svært mange røykstover er bevarte i Voss. Tilstanden på desse varierer mykje. *Me har på grunnlag av arkitekt Kjell Andresen sitt notat i arkivet til Hordaland fylkeskommune sett opp røykstover som er vurdert som moglege automatisk freda. I tillegg kjem røykstovene som alt er freda (sjå kapittel 6.3.2 for oversikt over freda bygningar). Andre registrerte røykstovene må vurderast av antikvariske styresmakter i kvart enkelt tilfelle, dersom det vert søkt om byggetiltak på eller i nærleiken av huset.*

Røykstover som kan vera automatisk freda etter kulturminnelova

- 51 *Oppheim, gnr. 3/3*
- 52 *Vestrheim, gnr. 4/1 (restaurert)*
- 53 *Går ut*
- 54 *Går ut*
- 55 *Een, gnr. 62*
- 56 *Kvarme, gnr.??*
- 57 *Nesheim, gnr. 80*
- 58 *Bakketun, gnr. 111 (restaurert)*
- 59 *Tundal, gnr. 116*
- 60 *Skiple, gnr. 139/1?*
- 61 *Møn, gnr. 159 (2 stover)*
- 62 *Skutle, gnr. 177-179, Kårstove*
- 63 *Litlere, gnr. 209*
- 64 *Finne, gnr. 258*
- 65 *Lillettun, gnr., 259*

- 66 *Nedre Vinje*, gnr. 261 (tidl. tingstove i Haugsvik, ombygd)
- 67 " " "
- 68 *Sausjord*, gnr. 284
- 69 *Herheim*, gnr. 285
- 70 *Holo*, gnr. 297
- 71 *Oppheim pgd*, gnr. 316, (eldhus + stove)
- 72 *Ure*, gnr. 321
- 73 *Hauge*, gnr. 327 Eldhus
- 74 " " ", Røykomnstove
- 75 *Sleen*, gnr. 331
- 76 *Sivle*, gnr. 334
- 77 *frå Nåsen*, gnr. 337, (no i Tønnebergs samling)
- 78 *frå Fyrde*, gnr. 338, (" " ")
- 79 *Brunborg*, gnr. 370
- 80 *Eddal*, gnr. 389 (stove)

7.1.4.1.2. Loft, bu og bualoft

Loft og bu er omgrep som vert nytta om bygningar som ikkje var i dagleg bruk, slik stova var. Korkje loft eller bu hadde eldstad. Lofta med bu og loft – *bualoft* – er velkjent på Voss, men er og kjent frå andre stader. Mest kjent av lofta er nok Finnesloftet og Lydvaloftet, men på mest alle gardar finn ein denne typen bygning.

Voss er i den heldige situasjon at svært mange loft er bevart. Det kan difor være vanskeleg å gjere eit utval. Dei freda lofta er alt nemnt i kapittel 6. Dei fleste lofta som er sett opp som fredningsverdige er moglege mellomalderloft og vil, dersom dei verkeleg har så høg alder, vera automatisk freda.

<i>Loft, bu og bualoft som kan vera automatisk freda</i>

- 81 *Røte*, gnr. 18-19 (mogleg automatisk freda)
- 82 *Nigardsloftet, Lydvo*, gnr. 37/2. (mogleg automatisk freda)
- 83 *Heradsgarden, Gjerdebu*, gnr 54 (mogleg automatisk freda)
- 84 *Ringheim*, gnr. 50-51
- 85 *Nesheim*, gnr. 80
- 86 *Kløve*, gnr. 118-119 (2 stk)
- 87 *Selheim*, gnr. ?? (mogleg automatisk freda)
- 88 *Oppheim*, gnr. 3, 4
- 89 *Går ut*
- 90 *Norekvål*, gnr. 63/?
- 91 *Dolve*, gnr. 25/9
- 92 *Brynavollen*, gnr. 191/21
- 93 *Går ut*
- 94 *Fagnastøl*, gnr. 123/1
- 95 *Gjerme*, gnr. 26/
- 96 *Ygre*, gnr. 112/3
- 97 *Graue*, gnr. 115/3
- 98 *Gjerdåker*, gnr. 90/2
- 99 *Lemme*, gnr. 106/2
- 100 *Trå*, gnr. 55/1
- 101 *Bakketun*, gnr. 111/2
- 102 *Sygnabere*, gnr. 138/2
- 103 *Hefte*, gnr. 77/1
- 104 *Fletre*, gnr. 78/1
- 105 *Oppkvitne*, gnr. 81/1
- 106 *Gjernes*, gnr. 196/2
- 107 *Lemme*, gnr. 106/1
- 108 *Øvre Kløve*, gnr. 118/1
- 109 *Bjørke*, gnr. 158/3 +156/2

- 110 *Selheim*, gnr. 155/1,3
- 111 *Ringheim*, gnr. 50, 51, 52, 53
- 112 *Hauge*, gnr. 327/?
- 113 *Bidne*, gnr. 257
- 114 *Bygd*, gnr.268
- 115 *Flisram*, gnr. 267
- 116 *Kvarme, ytre*, gnr. 310
- 117 *Lund* gnr. 303/1
- 118 *Løn*, gnr. 322
- 119 *Rødne*, gnr. 306
- 120 *Selland*, gnr. 343
- 121 *Sundve*, gnr. 281-282
- 122 *Går ut*

Særleg verneverdige loft, bu og bualoft

- 123 *Eide*, gnr. 2
- 124 *Bø*, gnr. 28
- 125 *Ullestad*, gnr. 44/1,2
- 126 *Store Ringheim*, gnr. 50
- 127 *Hefte*, gnr. 77 (innbygd)
- 128 *Dukstad*, gnr. 85 (fleire loft)
- 129 *Lofthus*, 87
- 130 *Tvilde*, gnr.89
- 131 *Vinje*, gnr. 97-98 (Tjukkebygdi)
- 132 *Taulen*, gnr. 308
- 133 *Stalheim*, gnr. 332 (museet)

7.1.4.1.3. Fleirhøgda stover

Mot midten av 1800-talet vart dei fleste røykomnar avløyst av peis og/eller omn, der røyken vart slept ut gjennom skorstein. Dermed vart det teknisk mogleg å ha lem, eller loft over stova og ein byrja byggje *lemstover* og *fleirhøgda stover*. Dei kan være nybygde, eller ombygde einhøgda stover. Også når det gjeld fleirhøgda stover har Voss er eit stort utval, fordelt over heile kommunen. Me har gjort eit utval basert på *autentiske* og *godt vedlikehaldne* fleirhøgda stover. Saman presenterer dei eit mangfald i arkitektonisk uttrykk. Dei freda lemstovene er nemnt tidlegare, i kapittel 6. 3.2

Fredingsverdige lemstover

- 134 *Nesheim*, gnr. 80
- 135 *Finne*, gnr. 258 (samanbygd)

Særleg verneverdige lemstover og fleirhøgda stover

- 136 *Vetle-Ringheim*, gnr. 53
- 137 *Staup*, gnr 65
- 138 *Oppkvitne*, gnr. 81 (halvanna høgda)
- 139 *Osgjerd*, gnr.113
- 140 *Urmland*, gnr. 124
- 141 *Vinje*, gnr 260/1, 261/2, 260/15, *Vossestrand*
- 142 *Nedre-Kvårmo*, gnr. 310-311
- 143 *Veka*, gnr. ?? (2-høgda stove frå 1860-åra)
- 144 *Finnesteigen*, gnr. 232 (samanbygd)



Fleirhøgda stove på Høyland (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

7.1.4.1.4. Sveitserstilhus

Utskiftingane gav, saman med ein generell oppgangstid og folkeopplysningsarbeid for betring av hygiene og helse, grunnlag for storstilt byggeverksemd. Bustadhusa var jamnt over fleirhøgda med meir eller mindre preg av *sveitserstil*. Sveitserstilen fekk innverknad på byggeskikken i kommunen frå 1880- åra og er karakteriserast av det store saltaket med takutstikk, ofte vakkert utskoren. I tillegg til nybygde sveitsarhus finn ein og ein rekke dømme på eldre hus som har fått trekk av sveitserstil under ombygging/påbygging.

Dei verneverdige sveitserstilhusa representerer mangfaldet av arkitektoniske uttrykk innan stilen. Nokre av husa er nybygde i stilen, andre er ombygd i sveitserstil. Her er både nøkterne og overdådige dømme på stilen.

Særleg verneverdige sveitserstilhus

- 145 **Berge**, gnr. 7 Ein fin representant for stilen.
- 146 **Kvåle**, Gullfjordungen, gnr. 36/5. Særs stort sveitserhus.
- 147 **Finne**, gnr. 43/30, men oppr. br. 1. Særs stort sveitserhus.
- 148 **Eide**, gnr. 2. Eit nokså typisk hus.
- 149 **Møn**, gnr. gnr. 159. Dømme på ei lemstove ombygd i sveitserstil.
- 150 **Løne**, gnr. 66-67 Her er fleire hus med sveitserelement.
- 151 **Går ut**
- 152 **Dukstad**, 85 (Kapteinsgarden). Eit godt dømme på stilen.
- 153 **Lindehaugen** gnr. ?? "...det absolutt vakraste sveitserhuset i kommunen". I god stand.
- 154 **Sorenskrivergarden**, gnr.?? Dømme på nøktern sveitserstil.

7.1.4.2. Uthus på gardstunet

På den tradisjonelle garden hadde ein trong for hus til ei rekkje funksjonar. I dette kapitlet er hovudvekta lagt på løa og floren, medan uthus i utmark vert presentert i kapittel 7.2.2.

Undersøkingar av løer og florar i kommunen syner at skilnadene i utforminga er historisk så vel som geografisk betinga (sjå Andresen 1985). Frå gamalt av har det vore vanleg å sette opp enkelthus til kvar driftsfunksjon (saueflor, kyrflor, løe var eigne bygningar) og bygningane var alltid lafta. Dei var opprinneleg i ei høgde, ofte med florslem i kyrfloren. Å ha eldstad i floren skal ha vore ganske vanleg – det var alltid ljore i fjøstaket ifølge Arnfinn Finne (Finne

1970:10). Me kjenner berre til ein flor som framleis har eldstad. Det er floren på Staup, som har ei grue med skorstein like innanfor inngangsdøra.

Samstundes med driftsendringar i jordbruket frå midten av 1800-talet vart bygningane til kvar husdyrfunksjon flytt saman under same tak. Løene vart høgare og fekk løebru. Som første steg i ei utvikling mot løer med køyrebru på Voss byrja ein å byggje lafta løer med underliggjane, lafta florar, men utan kyreflor. Laftverket i løa var mest alltid sett på kraftige stavar for å unngå at dei underliggjande florane har konstruktiv samanheng med berekonstruksjonen i løa. Dette har vore den mest utbreidde forma i Voss. Når florane rotta var dei enklare å fornye uten å måtte rive heile løa. Siste steg mot å samle alle husdyrfunksjonane under same tak er lafta løer med underliggjande frambygd kyreflor. Døme på dette finn me på Oppheim prestegard. Ein variant med frambygd kyreflor bygd av stein er kjent i Myrkdalen. Ein annan type er dei lafta løene med mura, underliggjande flor. Desse har i nokon grad vore vanleg i dei austre delane av Voss kommune, bla Vossestrand.

Laftverket i løene var mykje materialekrevjande og kring 1900 vart difor grindbygde løer vanleg i dei mest skogfattige områda lengst vest. Døme på dette finn ein mellom anna på fjellgarden Brunborg og på Rongen ved Bolstadøyri. Ei heilt sær eigen overgangstype er ei løe på Kvilekvål som vart bygd i 1. helfta av 1900-tallet. Løa er i to høgder med mura flor. Denne typen ”representerer ei samansmelting av grindløer med tømra flor og grindløer med mura flor ved at ein nytta konstruksjonsprinsippet frå grindløene med mura flor og planløysinga frå dei yngre grindløene med tømra flor.” (Andresen 1985). På Vinje, gnr 260/15 står ei grindbygd løe med 3 store grunder som går opp i to høgder frå kjellermuren, lafta del som er heva opp på staver og avstiva med skråbånd på ein måte som likner på grindbyggingsteknikken. Denne skal vera karakteristisk for fleire løer på Voss (niku temahefte 034). Ein finn i tillegg nokre heilt unike anlegg. På Brunborg er florane plassert under stova, etter same prinsippet som på mange stølar, der bustadeiningen (selet) er bygd oppå driftsbygninga (floren). Som ein kuriositet kan me nemne at Rekve mylna har ein flor i møllebygninga.

To adskilte løer og florar på Mølster er vedtaksfreda (jmf kapittel 6). På Nesheim finn ein og særleg verneverdige driftsbygningar, men desse har, saman med resten av tunet, ikkje formelt vern.

Me har valt å skilje dei separate og kombinerte løene og florane i to grupper. Generelt vil dei separate vera dei eldste, men unntak finst, til dømes den kombinerte driftsbygninga på Nesheim som er datert til 1797.

Me har ikkje hatt tid til å oppdatere tilstand på desse kulturminna. Det er difor mogeleg at endå fleire av bygningane kan vera fredningsverdige. Ved planar om tiltak bør objekta synfarast for å vurdere dette. Ein gjer og merksam på at det nok finst svært mange andre interessante uthus med høg verneverdi.

Fredingsverdige uthus

155 **Århus**, gnr. 380(1), separat løe

156 **Flansås**, gnr. 371(1?) separat løe

157 **Sivlesøy**, gnr. 334, samabygd løe og husdyrbygningar

Særleg verneverdige separate løer og florar

- 158 *Vetle Ringheim*, gnr. 53 (separat flor)
- 159 *Grevle*, gnr. 57, (separat flor og løe med stall bygd inntill løa)
- 160 *Staup*, gnr. 65 (separat flor m/eldstad),
- 161 *Tvilde*, gnr. 89/1 (eigen flor)
- 162 *Nesheim*, gnr. 80 (smaleflor)
- 163 *Opkvitne*, gnr. 81 (separat flor)
- 164 *Røyrlidi*, gnr. 121 (separat flor)
- 165 *Brunborg*, gnr. 370 (2 grindbygde løer utan flor)
- 166 *Kvilekvål*, gnr. 391 (lafta løe og flor)
- 167 *Sjedikane*, gnr.54, (lafta løer og flor)



Flor med eldstad på Staup (Foto:Sigrunn Dommarsnes)

Særleg verneverdige kombinerte løer og florar

- 168 *Ringheim*, gnr. 50-53
- 169 *Staup*, gnr. 65
- 170 *Nesheim*, gnr. 80 (lafta løer med underliggjane, lafta florar, men utan kyreflor)
- 171 *Nesheim*, gnr. 80 eldste dømme på kombinert løe og flor; Ano 1797, lafta løe med mura, underliggjande flor)
- 172 *Lofthus*, gnr.87
- 173 *Øvre Oppheim*, gnr. 318 (lafta løe med mura, underliggjande flor)
- 174 *Sleen*, gnr. 331 (lafta løer med underliggjane, lafta florar, men utan kyreflor)
- 175 *Nedre Kvårmo*, gnr. 310-311 (eit dømme på samanbygd driftsbygning for 2 bruk med svalgang og brunn)
- 176 *Løn*, gnr. 322 (lafta løe med mura, underliggjande flor)
- 177 *Rongen*, gnr. 360/1 (grindbygd løe med tømra flor)
- 178 *Kvilekvål*, gnr. 391
- 179 *Vinje*, gnr. 260/15, (grindbygg og laft i kombinasjon)
- 180 *Vinje*, gnr. 261/2
- 181 *Vinje*, gnr. 260/1, Vossestrand (lafta, smalefjøs under løen og frambygd flor under kornbrotet)
- 182 *Lissheim*, gnr. 5



Kombinert løe og flor på Vinje, Vossestrand (Foto: Mona Mortensen)

Andre særleg verneverdige uthus på gardstunet

183 Grindeland, gnr. ?? turkehus

184 Vinje, gnr 260/2, stall, (står som han stod før utskiftinga)

185 Selland, gnr. 343, stampe

186 Oppheimstunet, gnr. 317, uthus ved gamle butikken

7.1.5. Einskildbustader

Fram til Vossebanen opna i 1883 var Voss eit tradisjonsbunde jordbrukssamfunn. Dette avspeglar seg og i byggeskikken som var lite påverka av stilretningar. Unntak gjaldt kun embedsmannsbustader, som til dømes Grovendalhuset.

Frå tida etter utskiftingane er sveitserstilen (presentert under 5.1.2) dominerande, men ein finn og andre stilartar i byggeskikken i Vossabygdene, særleg innan grensane til den gamle bygningskommunen. Mest tydeleg er nok Jugendstilen (ca. 1890-1920). I Rognsbakkane finn ein fleire gode døme som viser korleis stilen har vore nytta både til enkle og overdådig uttrykk. Medan Jugendstilen tek utgangspunkt i europeisk arkitektur, vaks det i same tidsrommet fram ei retning som i ettertid vert kalla "Det nye Norge" (1905-1930). Retninga søkte i eigne røter for å utvikle ein nasjonal byggeskikk. På Voss var særleg Magnus Dagestad ein eksponent for denne stilen. Han teikna bustadhus og ungdomshus med typiske kjenneteikn for stilen; kubbeforma bygningskropp, høgrest saltak med svært bratt takvinkel, småruta vindauge og rik utforming av dørportalene og med breie hjørnekasser.

I mellomkrigstida vaks ein ny stilretning fram. Funksjonalismen la vekt på enkel og funksjonell byggeskikk. Stilen påverka utviklinga av arkitekturen direkte og indirekte frå omkring 1925 og i mange ti-år framover. På Voss er det særleg i offentlege bygg at stilen er representert, som til dømes Kyrkjebøbygningen på Vangen. Eit godt døme på bustadhus i funkis stil er eit hus på Ullestad med flatt tak.

På Voss, som mange andre stader i landet, var det mange huslause etter bombeåtaka i april 1940 og bolignauda kravde rask gjenreising. Ein enkel, funksjonell arkitektur var difor naudsynt under og like etter krigen. Gjenreisingshusa vart teikna som enkle, funksjonelle bustader, bygd over same lest over heile landet, men tilpassa lokal byggeskikk. Voss fekk 30

hus i gåve frå Sverige. Husa kom som byggesett og vart ført opp av lokale handverkarar, skriv Aslak Helleve (Helleve 2003). Svenskehusa var bygde i to fulle høgder, med ei grunnflate på 54 m². Det var to rom og kjøkken i kvar høgde, og felles bad og toalett i kjellaren. Husa var planlagde for to huslydar, ein i kvar høgde. I tillegg fekk Voss fem hus frå Buskerud, slik at tilsaman 35 hus vart sett opp i eit byggefelt i Rognshagen i tida mellom 1941 og 1943. Etter 2. verdskrig er arkitekturen prega av ferdighus og husbankfinansiering. Første typehuskatalog frå Husbanken kom i 1946 og viste funksjonelle og moderate hus som tydeleg la vekt på tradisjonell norsk byggeskikk. På 1950-talet kom Rødlandhuset og noko seinare moderne bustadfelt med eit vidt spekter av stilartar og bruk av fasadematerial. I planen har me helde oss til tida før 1950.

Fredingsverdige embedsmannsbygningar

300 *Grovendalhuset*, Vangen (empirebygning)

301 *Bolstadøyri*, gnr. 359, gjestgjevarstaden.Hage og gråsteinsmur bør og utgjera ein del av fredninga.

Særleg verneverdige embedsmannsbygningar

302 *Lekvehuset* (reoppført på Stalheim)

303 *Sorenskrivargarden* (nøktern sveitserstil)

304 *Prestegarden*, Vossestrand

305 *Kapellansgarden*, Ullestad

Særleg verneverdige bustadhus frå perioden 1880 - 1930

306 *Brynaflaten*: eit stort hus (enkelt jugendstil med mansardtak, restaurert)

307 *Rognsbakkane*, (2 hus i enkel jugendstil ved krysset mellom Rognsbakken, Ringheimsvn og Strengjarhaugen)

308 *Valland sitt hus i Rognsbakkane* (Jugend/nyklassisisme)

309 *Gjerdesslatane*, bygt av lektor A. Leiro. (Typisk for fleire "finare" hus frå mellomkrigsåra)

310 *"Slottet"* på Horvei, gnr. 361-362, teikna av Magnus Dagestad

311 *Tinrabakken*, (teikna av Magnus Dagestad)

312 *Rosereiret* (Magnus Dagestad sitt bustadhus, teikna av han sjølv)

313 *Sævelid* (teikna av Magnus Dagestad til Lars Osa i 1918)

314 *Vangslø* (jfr 7.1.4.1.4)

315 *Dei tre første husa i Ullestadvegen*



Bustadhus med trekk av jugend og nyklassisisme (Foto: Sigrunn Dommarsnes)



Bustadhus i funkisstil (Foto: Mona Mortensen)

316 *Ullestadvegen* – funkisvilla med flatt tak, bygd 1936).

- *Svenskehus* – kva hus skal eventuelt vernast?

7.2. Samferdsle

På turar i skog, mark og fjell i vossebygdane kjem ein ofte over gamle vegfar. Dei ligg meir eller mindre tydeleg og minner om gamal samferdsle, nokre attende til mellomalder og førhistorisk tid. Som eit nett har vegane snodd seg gjennom tuna, klatra over høgdedrag og bitt seg fast langs bratte parti. I samband med dei gamle vegfara finn ein bruer og jamvel nokre bryggjer og kaiar. Men samferdsle er meir enn berre vegnett. Jarnbaneanlegg, som revolusjonerte samferdsla med mykje kortare reisetid då han kom, og reiselivsanelegg, som har samferdsle som utgangspunkt, er difor handsama under same kapittel.

7.2.1. Vegar

Dei gamle vegtraséane kjenner ein dels frå skriftlege kjelder, dels frå bevarte parti av dei gamle vegane og dels gjennom lokal tradisjon. Vegane har vore av mange slag; vegtråkk, klyvjavegar, stølsvegar, bygdevegar og hovudvegar anlagt etter kongelige forordningar. Gulatingslova omtalar tjodvegar, rekstervegar og setervegar. Tjodvegane, dvs folkevegar, gjekk gjennom og mellom bygdene og batt saman landsdeler. Voss hadde to slike folkevegar; frå Bolstad via Vossevangen til Stalheim og til Aurland i Nærøydalen og frå Vossevangen til Eide i Granvin om Bjørkebrui, Forvouna, Fivelhella og Skjervet. Grunnlaget for vår kunnskap om desse traséane er to vegabotsbrev frå 1342 og 1343 der vegane er skildra med mange stadnamn. Seinare er dei og kartfesta på 1930-talet. Gjennom hundreåra har traséane endra seg i takt med endringar i transportmiddel – tildømes då posten etter kvart vart transportert med hest i staden for til fots. Eitersom postvegen ofte gjekk gjennom tuna, endra traséane seg og i samband med utskiftingane. Resultatet er at det i dag kan råde usikkerhet om tidfestinga av kvar enkelt trasé (er traséen den som er nemnt i Vegabotsbrevet frå 1343 eller ein yngre trasé – den eldste traséen vil i då vera automatisk freda). Andre vegar vart bygd på privat initiativ, tildømes vegen mellom Teigdalen og Evanger. Vegen vart bygd av og for bøndene i 1885, for å transportere ferskmjølka til Bergen med Vossebanen og skal vera ein av dei første køyrevegane som vart bygd i Hordaland (Kulturhistorisk vegbok, 1993:342).

Freda, fredningsverdige og verneverdige vegar

Alle vegfar som kan dokumenterast å vera eldre enn 1537 vil vera automatisk freda. I tillegg er Stalheimskleiva vurdert å vera fredningsverdige. Den gamle hovudvegen/postvegen er eit særleg verneverdig kulturminne. Heile den gamle hovudvegen har imidlertid så høg verneverdi at det bør vurderast om vegen er fredningsverdige. Ein slik vurdering kan ikkje gjerast før heile trasèen er registrert med kartfesting og forsøkt datert utfrå skriftlege kjelder. Andre gamle vegtraséar (saltvegane, Sverrestigen og særleg velbevarte strekk langs stølsvegar) er vurdert som særleg verneverdige

Det bør vera eit prioritert tiltak å registrere og om mogleg vurdere alder på gamle vegstrekk i kommunen.

7.2.1.1. Postvegen Bolstad-Nærøydalen

Det norske postverket vart skipa i 1647 med postrute frå Oslo til Bergen. Ruta vart lagt langs den gamle allfarvegen frå Gudvangen i aust til Tyssø i vest. Det var og forordningar om høvelege gjestgjevarstader/skysstasjonar med jamne mellomrom. I Voss var det gjestgjevarstader på Vinje, Bergshaugen, Flatlandsmoen, Tvinne, Vangen, Evanger og Bolstad.

På fylgjande strekk av har det vore arbeid med tilrettelegging pr. 2001:

- *Horvei – Bjørge – Vindeggi – Brunborg – Forvoena. (til dels høgtliggande)*
- *Fadnes – Styvesmarki – Bjørgåsvegen. (knyter seg til bilvegen under Elje)*
- *Dyrvedalen – Heggjavad. (opphavleg trasé er noko usikker på delar av strekket)*
- *Gjøstein – Åsbrekke (opphavleg trasé er noko usikker på delar av strekket)*
- *Vinje – Oppheim*
- *Rygg – Brattland/Stalheim.*
- *Parti under Stalheimkleiva*

7.2.1.2. Andre vegar

317 Saltvegen

Frå gamalt av gjekk strendingane til Granvin for å skaffe salt. Dei andre bygdelaga gjekk til Lussand, Kvanndal og Folkedal. Desse gamle vegtraseene vart difor kalla saltvegane og har truleg vore nytta sidan mellomalderen. Vegen er vurdert som særleg verneverdig, trasèar og/eller trekk som er eldre enn 1537 er automatisk freda.

318 Stalheimskleiva

Stalheimskleiva vart bygd mellom 1842 og 1849 og er eit minne som viser imponerende ingeniørkunst og arbeidsinnsats. Vegen er foreslått freda i Vegvesenet sin verneplan.

319 Sverrestigen

Segna seier at kong Sverre bygde Sverrestigen undervegs då han flykta frå vossingane opp Raundalen på 1200-talet. Om det verkeleg var Sverre som laga til veg i det bratte lendet er usikkert, men vegen er nemnt i kjelder frå 1300-talet. Sverrestigen er merka som kulturminne. Dersom kulturminnet er frå 1300-talet er det automatisk freda, men er i allefall særleg verneverdig.

320 Holvegar

Slike vegar kan ein sjå som langsgåande søkk i terrenget. Dei kan vera doble parallellførte, etter bruk av hest og kjerre, eller enkle etter tråkk. Denne typen vegar kan vera av høg alder. To holvegar er nemnt i planen, men det er heilt klart at ein finn mange fleire dersom ein foretek systematiske registreringar. *Vinjamoen v/ Vinjo.*

Skal ha vore ein veg frå Voss til Sogn. Nedom Kleivaskaret er godt synleg merke. Usikker alder, men kan vera gamal. Særleg verneverdig kulturminne, dersom ein kan dokumentere datering før 1537 er vegen automatisk freda.



Holveg på Vinjemoen, Vossetrand. Ein kan sjå to parallelle søkk i terrenget (Foto: Mona Mortensen)

Bjørke

Ein holveg er datert gjennom eit rettargangsbrev frå 1314. Kulturminnet er automatisk freda.

- *Drifteveg/driftestrekk*

Drifting, det vil seie å frakta varer (ofte levande dyr), har nok gått føre seg frå mellomalderen av. Ein kjenner til Normannaskaret, som og vert kalla Driftaskaret. Frå Ljosno i byrjinga av Brandsetdalen kom vegen frå Sogn, vidare om stølen Prinsabotn til Normannaskaret. Vegen er nemnt i eit dokument frå 1700-talet som "Fieldmandsvei". Ingen av desse er verdivurdert i samband med planarbeidet.

- *Kyrkjeveg*

Tidlegare var Voss kommune delt i 4 kyrkjesogn; Evanger, Vangen, Ophheim og Vinje. Store avstander, særleg i sogna Vangen og Evanger medførte lang veg til kyrkja. Ein del av desse traséane er framleis kjent. Kyrkjevegane til Evanger er presentert av J. Gjerdåker på ei kartskisse (Gamalt frå Voss XV 1983), kyrkjevegen frå Myrkdalen til Vinje er omtalt i verneplan for Vinje (Andresen 1998:3). Ingen av kyrkjevegane er verdivurdert i samband med planarbeidet.

- *Stølsveg*

Bufersvegane kan vise seg som smale, uanselege tråkk/stigar til breie steinlagde vegar. Nokre gardar låg slik til at dei ikkje hadde høveleg stølsareal i nærleiken og måtte langt av garde for å skaffa seg eigna stølsområde. Bufersvegen kunne bli temmeleg lang for desse, medan for andre var avstanden så kort mellom garden og stølen at budeiene gjekk imellom kvar dag. Den gamle postvegen gjekk framom nokre stølar, mellom anna vårstølen til Eide mellom Oppheimslidi og Kolle og framom Fadnesstølen og Bjørgastølen, nord for Evanger. Då det frå byrjinga av 1900-talet vart bygd køyreveg til støls, skjedde ei omlegging av stølsdrifta. No var det ikkje lenger naudsynt med den tradisjonelle videreføring av mjølka på stølen, ho vart i staden frakta raskt til fellesmeieria.

Me har trekt fram følgjande strekk av kjente stølsvegane som verneverdige, på grunnlag av at dei er oppbygde i terrenget:

- *Klyvjaveg mellom Fjelasstølen og Mokedalen med oppmuring i naturstein*
- *Stølsveg mellom Århus og Bjønndalen/Fannadalen med oppbygde steintrapper*
- *Klyvjaveg med steinkloppar opp til stølen Hedlo*

7.2.1.3. Bruer

Over elvane i vossebygdane har det alltid vore naudsynt med bru. Bruene er av mange ulike konstruksjonar; enkle heller eller stokkar lagt over elva, trebruer, steinbruer og jarnbruer. Dei letta transporten til fjells eller langs hovudvegane. Nokre av bruene er lagt med militært føremål, andre er lagt i samband med jarnbanen. Dei eldste dokumenterte er Båbruo, Åsbrekkebrui og Bjørkebrui, som er nemnt i vegabotbrev fra 1342/1343. Bruene som står på plassen i dag er ikkje dei opprinnelege, men har likevel høg kulturhistorisk verdi når staden har vore nytta til same føremål over mange hundre år. Elve-kryssing *utan bru*, såkalla "vad", har og vore svært så vanleg på dei gamle ferdselsvegane. Slike vad kan vera kulturminne i den grad vegtraseen er lagt opp for å møte elva på eit høveleg kryssingspunkt; og ofte ser ein også at det er lagt ut steinar i elva, slik at elveløpet kan kryssast i hopp frå stein til stein. I fjellet finn ein framleis slike "hoppesteinar" av uviss alder. Nede i låglandet kjenner me ingen slike tilrettelagde vad, men minnet om slike gamle vad er bevarte gjennom stadnamn; t.d. "Tjuavadet" i Holeelva i Holbygda.



Straumabrui, Teigdalen. (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Fredingsverdige bru

321 Sundsvoll bru

Steinkvelvingsbru langs postvegen frå 1780-åra. Svært verneverdig i seg sjølv; fredingsverdige som del av miljøet langs den gamle postvegen.

322 Oppheim bru

Steinkvelvingsbru langs postvegen frå 1780-åra. Svært verneverdig i seg sjølv; fredingsverdige som del av miljøet langs den gamle postvegen.

323 Giljarhus bru

Av same type, alder og med same formål som dei to over. Svært verneverdig i seg sjølv; fredingsverdige som del av miljøet langs den gamle postvegen.

324 Kjennstølbrui

Særeigen steinkonstruksjon på denne brua som går over Tesjolo like nedanfor garden Tesdal. Typologisk representerer denne brua ei enkel og primitiv konstruksjonsform på eit nivå før steinkvelvings-teknikken. Innhogd årstal 1806?

325 Grjotlandsbrui

Skråstagsbru bygd kring 1895. Ein har nytta tjukke jarnstenger i staden for waier. Er av verdi som eit teknisk kulturminne.

Særleg verneverdige bru

326 Svinaone bru

Bru ved Lemmestjørnet, som gamle Raundalsvegen går over. Oppmurte kar på både sider. Svære steinheller som dekke.

327 **Båbrui**

Like ved novernade bru som vart sett opp 1901 av Forsvaret viser framleis dei gamle kara. Dette er den opphavlege bruplassen, nemnt i vegabotbrev frå 1342 og 1343. Særleg verneverdig pga plassen si lange historie som bruplass minst attende til mellomalderen.

328 **Brynabru**

Under noverande bru over Raundalselva til Tvildemoen er ei gamal bru med høge oppmurte kar.

329 **Bjørkebrui (Oppbrui)**

Kar frå ei eldre bru enn den som no står. Vegabotbrevet frå 1342 fortel at det var ei bru på staden. Særleg verneverdig pga plassen si lange historie som bruplass minst attende til mellomalderen.

330 **Rangabru**

Steinkvelvingsbru, no utvida og forsterka. Årstalet 1924 er hogd inn.

331 **Nyabru i yst i Dyrvedalen**

Til tross for namnet skal den vera gamal.

332 **Saghaug bru**

Brua kjem opprinneleg frå Tysse i Samnanger. Ei fagverksbru sett opp i 1848, sett opp på novernade stad i (1871?) (Sjå gamalt frå Voss, 1970)

333 **Straumabru**

Smekker steinkvelvingsbru, bygd 1894. Ny bru sett opp ved sida av denne. Utsøkt ingeniørkunst! Særleg verneverdig.

333a. **Forvoena.** Steinkvelvingsbru, spesiell utførelse. Nyare betongbru lagt oppå brua

334 **Skromlebrui**

Steinkvelvingsbru på E16. Nyleg restaurert av Statens vegvesen.

335 **Åsbrekkebrui,**

nemnt i vegabotsbrev fra 1342/43. Ein stund gjekk kongevegen ein anna trasé, men brua vart bygd opp att kring 1780. Det står ein nyare bru her i dag. Særleg verneverdig pga plassen si lange historie som bruplass minst attende til mellomalderen.

336 **Lindehaugsbrua**

Kvelvingsbru frå 1880-åra. Er truleg eldste brua langs Vossebanen. Er eit viktig teknisk kulturminne og representerer "framifrå" ingeniørkunst, ifølgje tidlegare vurderingar.

337 **Kvelvingsbru og vegundergang i Lundarosen**

Ein del av Bergensbaneanlegget. "Framifrå murarbeid", ifølgje tidlegare vurderingar.

338 **Går ut**

339 **Går ut**

340 **Kvelvingsbru ved Urdland**

Verneverdig kulturminne knytt til jarnbanen.

341 **Vegundergang på Kløve**

Verneverdig kulturminne knytt til jarnbanen.

342 **Tvinne bru, kvelvingsbru.**

343 **Svelgabru, øvre, nyleg restaurert av Vegvesenet.**

344 **Bolstad bru, var opphavleg jernbanebru Seim-Flaga då banen var smalspora. Seinare flytt til Bolstad og nytta som køyrebru.**

344 a **Rekve bru.** Steinkvelvingsbru like under Rekve Mylna. Brua er skjemma av påhengd gangbru.

7.2.2. **Bryggje, kai og naust**

Marine kulturminne er fåtallige i innlandskommunen Voss. Nausta som tidlegare låg tett langs dei største vatna og ved fjorden er no for det meste borte. I dei midtre og indre delane av Voss var dei vanlegvis bygd av steinmur med nokre omfar med lafta tømmer oppå (Hefte og Nesheim), i vest har dei vore bygd i stavkonstruksjon (Nore Hamlagrø). Dei få nausta som står att er svært viktige å ta vare på og er vurdert som særleg verneverdige, så sant tilstanden er slik at det er råd å ta vare på dei. Oversikten over naust er ikkje komplett, ein vil truleg finne fleire naust ved fjorden som kan vera verdt å ta vare på.

Einaste *kai* i Voss kommune finn ein på Bolstadøyri. Han vart bygd i 1873 då dampbåtruta Bergen-Bolstad vart sett opp. Kaien er restaurert, og er vurdert som særleg verneverdig grunna sin tilknytting til dei store endringane i samferdsle som motoriserte fartyg førde med seg i andre halv av 1800-talet. Staden har og vore eit viktig knutepunkt for samferdsle mellom Voss og Bergen. Ved Evangervatnet står det 2 *steinbryggjer* med stor kulturhistorisk

verdi. Lende på nordsida og sørsida av Evanger er uråd å ta seg fram til fots. All ferdsel måtte difor gå over vatnet før Vossabanen kom i 1882/83. Desse bryggjene vart sette i stand for ein del år sidan. Bryggjene er er vurdert som særleg verneverdige. Ei bryggje på Een vart bygd i samband med skiferdrift. Denne bør ein og taka vare på.

Særleg verneverdige kulturminne knytt til vatn

345 *Nesheim* (naust, har ikkje formelt vern men vert teke hand om av Voss folkemuseum).

346 *Grønestad* (fleire grindbygde naust, tidlegare løer, noko til nedfalls)



Naust på Grønestad ved Hamlagrøvatnet (Foto: Mona Mortensen)

347 *Honve*, Vangsvatnet (restaurert naust)

348 *Bolstadøyri* (kai)

349 *Evangervatnet* (2 steinbryggjer)

350 *Een*, steinbryggje

7.2.3. Jarnbane

I Voss kommune er det anlagt tre store jarnbaneanlegg. Vossebanen opna i 1883, Bergensbanen i 1909 og Hardangerbanen i 1935. Det er framleis jarnbanedrift på Voss/Bergensbanen medan Hardangerbanen er nedlagt (men oppretthalde som godsbane mellom Palmafoss og Voss). Jarnbanen har hatt mykje å seie for turisme og anna næring i bygda. Kulturminna er mange, ein god del frå den eldste tida er framleis bevart. I NSB sin verneplan (1993) er fleire bygg og anlegg vurdert som verneverdige (stasjonane på Urdland, Voss og Ygre, samt banevaktarbustaden på Mjølfjell). Av desse er Ygre stasjon og pakkhus vedtaksfreda. I tillegg har me vurdert Evanger, Bolstadøyri og Mjølfjell stasjon som verneverdige då desse har historisk betydning og kontinuitet og har ein naturleg plass i dei lokale miljøa. Lokstallen på Vangen er eit anna monumentalt byggverk som bør vernast for ettertida som eit minne over den store jarnbaneverksemden som var på Voss i tidsrommet 1880-1970. Eit vanleg kulturminne som no er i ferd med å forsvinne er dei mange stoppestadene med skur langs Bergensbanen. Minst eit av desse bør bevarast som minne om den viktige rolla Bergensbanen hadde for lokal samferdsle. Kulturminna langs Hardangerbanen er ikkje vurdert i planarbeidet, men me ser det som svært viktig at banen og kulturminna i samband med den bør dokumenterast og vurderast før det er for seint. Skiferindustrien transporterte mykje skifer med jarnbanen. På Ygre er lasteperrongen framleis intakt, på Kløve står berre muren med trapp att. I tillegg til kulturminna som er lista opp nedanfor kjem bruer og overgangar knytt til jarnbanen. Desse er nemnt under ”bruer”.

Særleg verneverdige kulturminne knytt til jarnbanedrifta

351 Urdland Stasjon

Vurdert av NSB som verneverdig.

352 Voss stasjon

Murbygget og pakkhuset er vurdert som verneverdig av NSB, til tross for at bygningane er noko modernisert. I tillegg bør lokstallen vernast.

353 Evanger og Bolstadøyri stasjonar

354 Lasterampen og trallerampe på Ygre stasjon.

Desse er ikkje omfatta av det eksisterande frednings-vedtaket; men utgjer eit verdfullt kulturminne som spor etter skifer-transporten. Bør takast inn som del av det freda stasjonsområdet.

355 Mjølfjell stasjon og banevaktarbustad,

Banevaktarbustaden er vurdert som verneverdig av NSB.

356 Eggjareir vaktarbustad

Står framleis intakt.

357 Skiple,

stoppestad med skur



Stoppestad med skur på Stiple (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

7.2.4. Reiselivsplanlegg

Langs dei gamle hovudvegane låg mange skysstasjonar og gjestgjevarstader. Grunnlaget for denne næringa var ferdsel i embeds medfør, både for embedsmenn og bønder. Kommersiell turisme var imidlertid ein næring som først byrja bløme på 1800-talet. Etter at mange vegar vart utbetra og Vossebanen opna i siste halvdel av 1800-talet fekk næringen raskt svære dimensjonar og mange av dei gamle skysstasjonane vart gjort om til hotell.

Fredningsverdige kulturminne knytt til reiseliv

358 Gjstgjevarstova på Bolstadøyri

Lange tradisjonar som overnattingsstad. Noverande fasade er frå tidleg 1800-tal, i "Louis seize" stil.

359 Stalheim gjestgjevarstove

(no i bygningssamlingen på Stalheim).

360 Fleischers hotell, Vangen

stort bygg i sveitserstil bygd 1889. ("Det absolutt mest verneverdige hotellet i kommunen", ifølgje tidlegare vurderingar).

Særleg verneverdige kulturminne knytt til reiseliv

362 Skysstasjon på Tvinno

(gamlestovo; er opprinneleg del av røykstove frå 1700-talet og samanbygd med nyare delar).

363 Skysstasjon på Flatlandsmoen

Bygningen som fungerte som skysstasjon skal framleis stå, men eigar har søkt om å få flytte det.

Fylkeskommunen har gjeve eit fråsegn i samband med reguleringsplan for Flatlandsmo Camping der dei set seg imot flytting.

364 Framnes kurstad

Vart bygd som hotell i 1880. Til tross for tilbygg er det mogleg å fjerne desse slik at den opphavelige bygningskroppen kjem til sin rett att. Kan vera fredingsverdig, men i alle høve særleg verneverdig.

365 Voss Avhaldskafé. Tidlegare hotell, ein av dei få førkrigsbygningane som overlevde brannen på Vangen i 1940. Sjå og HFk sine vurderingar.

366 "Søylen-huset" ved Lundarosen

Bygd som hotel Eldorado på Skarvet, flytt til Skjervet i Granvin for så å bli flytt opp att til noverande tomt like etter 1900. Restaurert.

367 "Gamlebutikken", Oppheim, som no er eigd av Voss folkemuseum, har og vore pensjonat. Bygningen er frå omkring 1870, og var eit viktig knutepunkt for trafikken mellom Stalheim og Voss. Her er og eit interessant uthus (sjå nr. 185).

7.3. Kulturminne under vatn

Kulturminne med marin tilknytting i Voss kommune begrenser seg til nokre kaier, ei bryggje og nokre naust. Desse er omtala under kapittel 7.2.2.

7.4. Møtestader/offentleg verksemd

7.4.1. Tettstad- og grendamiljø

Klyngetuna og rekketuna som prega tunskipnaden i Voss var gjerne tett busette og folkerike, og alltid basert på jordbruk som hovudnæring. Nokre av desse tuna fekk tettstadsfunksjon i tida etter 1850. Ein tettstad kan definerast "som eit område med meir enn 200 innbyggjarar der husa ikkje ligg lengre frå kvarandre enn 50 m og der minst $\frac{3}{4}$ driv anna næring enn jord- og skogbruk" (Kultur viser veg Hfk 1999:23). Sjølv om berre Vangen fell inn under denne strenge definisjonen, var det nokre tun/grendar som fekk ein senterfunksjon knytt til kommunikasjon, og offentleg og allmenn verksemd.

Vossevangen

Fram til opninga av Vossebanen var Vangen eit jordbruksamfunn med overvekt av gardar og husmannsplassar i tillegg til nokre få geistlige. I 1801 budde færre menneske på Vangen enn på gardane Brekkhus og Århus i Teigdalen (Gjerdåker 1991:60). Frå midten av 1800-talet utvikla Vangen seg til å bli ein tettstad særleg knytt til handelsverksemd. Det skjedde særleg etter ein ny handelslov av 1866 som utvida handelsfridomen slik at ikkje berre byborgarar kunne drive handel. Framveksteren av tettstaden Vangen i løpet av dei første tiåra etter 1850 gjorde det nødvendig å regulere utbyggingen og i 1883 vart det vedteke at Vangen skulle verte eigen bygningskommune. Vossevangen bygningskommune omfatta først området frå Finnesshaugen i vest til ovanfor Rognsfossen i aust. Nordgrensa gjekk frå Rognsflóten ovanfor tunet på Rogne til Finnesshaugen. Desse grensane vart utvida i 1919, då Rognshagen og Haugamoen og noko av Tvildemoen kom med.

Fram til krigen vaks bygningskommunen jamnt og trutt. Handelsverksemd og offentleg verksemd vart hovudsakleg lagt nede på sjølve Vangen medan bustadhus for det meste vart sett opp på Rogne, Lekve og Ullestad.

I dag framstår Vangen som eit tettstadmiljø prega av 50- og 60-talet si nøkterne og enkle etterkrigsarkitektur. Det gjeld særleg handels- og kontorkvartal i Vangsgata og Utrågata. Mesteparten av førkrigsbusetnaden forsvann med bombinga av Vangen i april 1940. Difor er førkrigshusa som framleis står av særleg verneverdi. Eit oversyn over desse finn ein i rapporten "Førkrigshus på Vangen" (Ringheim 1998). Diverre er nokre av desse husa forsvunne. Av bygningsmassen som overlevde står den freda Vangskyrkja frå 1200-talet som eit verdig midtpunkt. Nokre område, til dømes Kyrkjebøkvartalet, er verna gjennom regulering til spesialområde vern. Også bygningsmassen ført opp etter krigen bør snarast råd vurderast heilskapleg, før det typiske tettstadmiljøet frå tidleg etterkrigstid forsvinn. Det gjeld særleg fasader og og trappeoppgangar. *Det bør vera eit prioritert tiltak å registrere, dokumentere og vurdere dei kulturhistoriske verdiane i etterkrigsarkitekturen på Vossevangen.*

Bustadbebyggelsen på Rogne, Lekve og Ullestad er prega av gradvis utbygging. Soleis er dei fleste stilar representerte, frå leinstover og sveitserstil til hus frå 1990-talet. Enkelthus er nemnt under kap. 5.2, byggeskikk. Nokre mindre område har imidlertid framleis ein høg grad av autentisitet, som til dømes Ullestadvegen, til dels stroket frå toppen av Rognsbakken ned mot lokomotivstallen og området med svenskehus i Rognshagen. Dei er vurdert som særleg verneverdige. Ein bør vera varsom med vidare bustadfortetting eller fasadeendringar i desse områda. *Det bør vera eit prioritert tiltak å registrere, dokumentere og vurdere dei kulturhistoriske verdiane i bustadbebyggelsen.*

Bolstadøyri og Evanger

Både Bolstadøyri og Evanger vaks fram som tettstader pga samferdsle. Bolstadøyri har vore knutepunkt for transportskifte frå landeveg til sjøveg mange hundre år attende i tid. Då jarnbanen kom endra Bolstad seg frå å vera ein skysskiftestad til ein stasjonsstad. Busetnaden i sentrum er prega av 1800-tals bebyggelse. Her er fleire innslag av bondeempire og ein gjestgjevarstad med fasade frå midten av 1800-talet. Delar av huset skal vera fleire hundre år eldre. Like ved gjestgjevarstaden ligg ein gamal tingstove. *Her er mange enkeltobjekt av høg verdi som dannar eit historisk miljø med element frå tida som skysstasjon og som stasjonstad. Bolstadøyri er vurdert som eit særleg verneverdig miljø. Ein bør vera varsom med vidare bustadfortetting eller fasadeendringar.*

Evanger, som Bolstad, var frå gammalt skysskiftestasjon og gjestgjevarstad, men fekk ein ny funksjon då jarnbanen vart anlagt. Så godt som all bygningsmasse brann ned i 1923. Evangerkyrkja, bygd i 1851, var ein av få bygningar som overlevde brannen. I dag framstår Evanger som eit interessant lite sentrum med tett bebyggelse langs rette, regulerte gateløp, bygd opp dei næraste åra etter brannen. Evanger heradshus (heradstyresal og kommunekontor) er restaurert. *Evanger sentrum er vurdert som eit særleg verneverdig miljø og er verna gjennom regulering til spesialområde vern.*

Vinje, Oppheim, Brekkhus/Århus

Fellesnemnaren for desse tre gardane er funksjonen som knutepunkt for samferdsle. Dei manglebølte gardane hadde og stor busetnad og vaks difor til grendasentre – med fellesfunksjonar som til dømes butikk, bakeri og meieri. Vinjo og Oppheim har og vore kyrkjestader. Gravhaugar på alle tre gardane indikerar busetnad attende til jarnalder og kontinuitet i fast busetnad i fleire tusen år.

Dei tre grendene er alle særprega på kvar sin måte. Brekkhus/Århus ligg i eit framleis levande kulturlandskap. Sjølv dalbotnen er prega av spreidde tun med relativt store bygningar, for det meste bygd etter utskiftingane. Tilsaman er busetnaden eit godt døme på eit lokalmiljø som var tufta på fellesfunksjonar og handverksproduksjon, fram til ca 1970. Landbruksdrifta pregar framleis kulturlandskapet kring tuna med ope beitemark med tresjikt. På Vinje ligg nokre av dei gamle tuna framleis intakte etter utskiftinga, med høg grad av autentisitet. Fleire av dei gamle vegane ligg framleis synleg i landskapet. Tuna er omkransa av mark som byrjar å gro att, men som framleis er mogleg å redde (jmf Andresen 1998). Fleire av grunneigarane viser stor interesse for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i landskap og bygningsmasse. Den gamle kyrkjegarden frå mellomalderen er automatisk freda. Den opphavlege busetnaden på Oppheim ligg meir spreidd enn på Vinjo og med fleire nyare element som hytter og intensivt jordbruk. Enkeltobjekt er alt teken hand om; gamlebutikken og Oppheim gamle prestegard er overtekte av Voss folkemuseum. Kyrkjegarden frå mellomalderen er automatisk freda.

Alle tre gardane har høge kulturhistoriske kvalitetetar. Kulturlandskapet i Brekkhus/Århus bør haldast i hevd slik at landskapet fortset å vera mest mogleg trefritt. Ein bør syne varsemd med alle typar byggjetiltak. På Oppheim bør den gamle prestegarden, som ikkje har eit formelt vern, sikrast saman med ei sikringssone gjennom freding eller gjennom regulering til spesialområde vern. Ein bør syne varsemd med alle typar byggjetiltak. For garden Vinje er det utarbeidd ein privat verneplan for kulturminne (Andresen 1998).

Planen har konkrete tiltak for å halde kulturlandskapet i hevd og vedlikehald av bygningsmassen. Me foreslår difor at heile området som er omtala i planen vert sikra ved regulering til spesialområde vern og/eller gjeve tilskot til skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet.

Kytesgrendi

Mange av arbeidarene i skiferbrota kom utenbygds frå. Nokre leigde seg inn privat, medan andre bygde seg hus i nærleiken av brudda. Like nedanfor det store Nordheimsbruddet vart Kytesgrendi bygd opp av skiferarbeidarar på utskilde små tomter dei fyrste ti-åra av 1900-talet og fram mot 1950. Dei fleste tomtene er utan jord, men med plass til eit hus og ein liten hageflekk. På Nordheim var butikk med bakeri. Det skal framleis være eit bygg i Kytesgrenda som vart nytta som folkebad. Grenda er og prega av tradisjonell gardsbusetting med gamalt kulturlandskap. *Kytesgrenda står i dag fram som eit særskilt minne etter skiferdrifta, og vert vurdert som særleg verneverdig. Å registrere og dokumentere denne busettinga bør vera ein prioritert oppgåve i næraste framtid. Kommunen bør sjå til at det ikkje skjer bustadfortetting eller fasadeendringar i grenda.*

Særleg verneverdige grender

368 Vinje, Vossestrand

369 Kytesgrendi



Frå øverste tunet på Vinje, Vossestrand (Foto: Mona Mortensen)

7.4.2. Offentleg verksemd

7.4.2.1. Handelsverksemd

Få gamle handelsverksemdar eksisterer framleis, eller står att intakt. Gamlebutikken på Oppheim framhever seg som særleg interessant. Butikken på Nordheim er framleis i drift som gardsbutikk og skal ha ein intakt bakaromn i kjellaren. Også på Vinje står eit gammalt butikkbygg bevart kloss i vegkanten ved E-16. Eksteriøret er autentisk, men huset er interiørmessig omgjort til bustadføre mål.

Særleg verneverdig handelsverksemd

370 Gamlebutikken på Oppheim. Delvis intakt interiør og eksteriør. Eigar: Voss folkemuseum.

7.4.2.2. Skular

Frå skulelova kom i 1739 skjedde undervisninga som omgangsskule, utan fast skulehus. I 1827 kom ei ny lov som krevde ein fast skule ved kvar hovudkyrkje. På Vangen vart ulike leigde lokale nytta, mellom anna stovehuset til Bjarne Mølster. Stova, som framleis står på Mølstertunet, husa allmogeskulen mellom 1845 og 1852. Det var først i dei næraste åra etter 1860 at det vart bygd nye skulehus. Dei første skulebygningane var bygde etter eit standardmål i ei høgde med gang, skulestove og kammers for læraren. Etter at Vangen vaks fram som tettstad på slutten av 1800-talet, vart fleire vidaregåande skular etablerte på Voss; mellom anna landsgymnas, kunsthandverksskule, folkehøgskule og jordbruksskule. Me har teke med eit utval bygg som er representative for grunnskule og vidaregåande. Det kan vera skulestover i Evanger og Vossestrand som ikkje er fanga opp i denne oversikten.

Særleg verneverdige skular

- 371 *Skulestad skule (no Urdland skule), oppført mellom 1861 og 1865, er blant dei eldste skulene som vart bygd etter den nye skulelova av 1860. Skulen vart flytt til Urdland i 1902. Er no eigd av Voss folkemuseum, men utan formelt vern.*
- 372 *Skulehuset på Leiddal, bygd 1880, er reoppført på Stalheim.*
- 373 *Voss offentlege Landsgymnas vart teke i bruk i 1919. Bygningen er ei 3-høgda murbygning med mansardtak. Ein del endringar i eksteriør og interiør, mellom anna ein del nye vindauge frå 1960-talet og eit tilbygg. Til tross for desse endringane er skulen vurdert som særleg verneverdig.*
- 374 *Norsk kunsthandverksskule, Jernes. Vart sett i gang av Hordaland ungdomslag i 1920, bygd etter teikningar av Magnus Dagestad.*
- 375 *Voss folkehøgskule Hausten 1902 flytte Voss folkehøgskule inn i gardshusa på Seim, etter å ha helde til i lånte lokaler på Vangen sidan skulen starta i 1895. Nybygningar vart reiste i 1912, 1913 og 1922. Nokre av dei gamle gardsbygningane står framleis, men først og fremst er miljøet prega av dei nye bygningane frå dei aller første tiåra av 1900-talet. Arkitekturen er tydeleg prega av nasjonalromantiske strømingar og stilretninga "Det nye Norge". I nokre knappe tiår på slutten av 1800-talet var Seim embedsmannsgard. Futegarden, den opprinnelege hovudbygningen på tunet, er bevart som del av huset som i dag er prega av Magnus Dagestad sin ombygging og tilpassing i tidleg mellomkrigstid.*
- 376 *Hauge skule, godt døme på typisk 2. generasjons skulehus, bygd mot slutten av 1800-talet.*

7.4.2.3. Forsamlingshus (; ungdomshus, bedehus)

I siste halvta av 1800-talet vart det skipa mange lag og foreiningar. Det var lag med religiøse føremål, ungdomslag, mållag og losjer. Det første lagshuset som vart bygd i Voss var "Ungdomshallen" i 1897. Den rikaste lagstida var i tidsrommet 1921 til 1938, då 14 ungdomslag fekk eigne hus. Nokre av desse forsamlingshusa bør takast vare på. Me har trekt fram dei som best mogleg representerer "gullalderen" for lag og foreiningar. Magnus Dagestad sine bygg er godt representert blant dei utvalde, det er naturleg ettersom han var ein person som sterkt engasjerte seg i lagshusrørsla.



Solheim ungdomshus, teikna av Magnus Dagestad (Foto: Gaute Sandvik)

Særleg verneverdige forsamlingshus

- 377 *Nain* (bedehus), Vangen. Åttekanta bygning, bygd i 1888. Vart brukt som kyrkje då Vangskyrkja vart restaurert i åra 1950-53. Til tross for mange endringar i fasade og interiør er bygningen vurdert som særleg verneverdig med si særprega form og med si historie som midlertidig kyrkje.
- 378 *Ungdomshallen* på Vangen, mykje endra – må gjennom ei omfattande restaurering om den skal tilbakeførast til opprinneleg form. Teikna av Magnus Dagestad.
- 379 *Ungdomshuset "Vallhall"*, Bolstadøyri, i si opprinnelege form, innvigd i 1924
- 380 *Ungdomshuset på Bulken* frå 1929 i nokonlunde uendra form og i god stand.
- 381 *"Solheim"*, ungdomshuset i Bjørgumkrinsen. Uheldige vindaug, elles ein fin bygning, teikna av Magnus Dagestad, bygd i 1921.
- 382 *Bedehuset "Sion"*, Vossestrand (har eit autentisk interiør).
- 383 *Godtemplarhallen*, autentisk døme på forsamlingshus frå slutten av 1800-talet.

7.4.2.4. Bygningar knytt til helse- og sosial-stell

Fram til sjukehuset vart bygd på 1960-talet hadde sjukestovene skiftande lokalisering. Under krigen og etter krigen var det sjukestove på Seim og i nokre av husa i hagebyen. Første sjukehus som vart bygd til dette føremålet, var *Bjørkeli*, eit spesialsjukehus for tuberkuløse. *Voss enkjeheim* er eldste eksisterande eldreinstitusjon i Noreg, grunnlagd på 1600-talet. *Heradsgarden*, *Gjerde* husa ein gamleheim ei tid. Seinare, kring 1950, vart det reist gamleheim på Vangen.



Kurhall, Bjørkeli sjukehus (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Særlege verneverdige bygningar knytt til helse og sosialt stell

384 *Bjørkeli sjukehus* vart bygd som tuberkuloseheim i 1904. Består av ein hovudbygning, som i dag er psykiatrisk sjukehus, og kurhall. Kurhallen er delvis restaurert. Påbygg frå 1924.

385 *Går ut*

7.5. Tru og kristenliv

7.5.1. Helleristingar, gropasteinar, krossastein

Bergkunsten i Voss dominerast av *groper* – rissa inn i lause heller og stein (gropastein) eller i fast berg, i stølsområde og i gardstun. Mest truleg vart dei rissa inn i bronsealder/eldre jernalder. *Ringfigurane* kan daterast til yngre bronsealder. Lokalitetane med *krossastein* er sannsynlegvis mykje yngre og har samband med tidleg kristen tid. Den mest storslåtte helleristinga i Voss er utan tvil *Sledasteinen* på Skjerve, ein stor flyttblokk med meir enn 50 figurar, mellom anna 35 menneskefigurar og 2 skip. Ristingane på Sledasteinen er datert til yngre bronsealder/eldre jernalder.

Fylkeskommunen har utarbeidd ein statusrapport for helleristingar i Voss kommune (Adriansen 1994). To felt på Gjerald vart i rapporten avskrivne og bestemt som moderne inskripsjonar. Fredinga av denne lokaliteten bør difor vurderast på nytt. Dette må gjerast av fylkeskommunen/fagfolk frå Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen. Vidare vert to steinar på stølen Fyrjo vurdert som naturlege. Desse bør og vurderast på nytt av fagfolk. Ein bør og vera merksam på at det i den mjuke berggrunnen i i terrenget kring stølen Helgaset er nokre naturlege gropar innimellom dei innrissa gropane. I rapporten vert og nemnt nokre nye og moglege nye felt:

Klyve: gropastein – ikkje synfart av rapportansvarleg, men nemnt i notat i arkiv hjå Hfk og av lokal mann.

Krossaset; A. Ohnstad, i Gamalt frå Voss 1980 fortel om moglege grop på Krossaset.

Mølstertunet; moglege groper på steiner på tunet.

Stigen; 1 grop ved husmannsplassen, iflg notat i top. Ark. hjå Bergen museum.

Skjerve: ny helleristing registrert like ved Sledasteinen.

Alle førhistoriske ristingar er automatisk freda kulturminne, og er i hovudsak vist som rune **R** på kartvedlegg.



Groper i berg (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Oversikt over kjente lokalitetar med bergkunst i Voss kommune
--

Breiset	Gropasteinar, 2 stk	1-5 groper på kvar stein med en renne tilknytt på eine
Finne	Gropastein på skiferhelle	17 ½ grop
Flyane	Groper	?
Fyrjo	Gropasteinar, 4 stk.	Varierande tal; mellom 2 og minst 20
Føyning	Groper	?
Gilset	Groper	?
Gjerstad	Krossastein	50-100 innrissa kross
Gjøstein	Ringsteinar, 3 stk	5-9 ringer på kvar stein, samt eit bølgebånd
Haugo	Gropastein	1-2 groper
Hefte	Gropasteinar, 3 stk. samt 1 mogleg	5-18 groper på kvar stein.
Helgaset	Groper på svaberg	8-35 groper spredt på fleire felt
Hustveit	Groper på svaberg	3-5 groper
Hustveit	Ringstein	2 ringer
Kvitla	Gropastein	Ca 50 groper
Mosafinn	Groper på svaberg/bergflate	6-9 groper
Remlo	Krossastein/gropa-stein	Usikkert om det er korsrissing eller 4 små groper med forbindingsliner
Remlo	Gropastein	1 grop
Røte	Gropastein	7-9 groper
Skiple	Groper	?
Skjerve	Sledasteinen, helleristingsfelt på stor flyttblokk	56 figurar (ma 35 menneskefigurar, 5 båtar, 2-3 ringer, 2 trær)
Sollii	Groper	?
Vetlebotn	Groper	?
Vinje	Gropastein	4-7 groper

7.5.2. Gravminne frå førhistorisk tid

Dei mange kjente gravhaugane i Voss tydar på at mange plassar var til dels tett busett alt i eldre og yngre jernalder. Den ytre markeringa, sjølve haugen, varierar i storleik og utforming, det same gjeld den indre markeringa, sjølve graven kring den gravlagte. Rikdomen i graven varierar og sterkt. I nokre finn ein berre restar av bål og/eller bein medan andre inneheld våpen og smykker. I tillegg til å vera minne over den gravlagte, markerte truleg haugen og ættene sitt eigedomstilhøve til jord og land. Saman med gardsnamna er gravhaugene difor ein viktig indikator på korleis busettinga har utvikla seg innan eit område.

Ein må vise varsemd med dei forhistoriske gravminna som er att. For å bevare desse som ein del av ein heilskap/ eit kulturmiljø bør kommunen sin haldning vera at det kring kvar gravhaug/samling av gravhaugar skal vera ei god sikringssone. Sikringssona bør vera breiare enn det 5 meter breie beltet som kulturminnelova krev som minimum. Inngrep i nærleiken av gravhaugar bør alltid vurderast av fylkeskommunen. Me viser til den såkalla "Skjemmeparagrafen" Kml sin §3.

Alle gravminner frå førhistorisk tid er automatisk freda kulturminne og vist som rune-R på kartvedlegget.



Gravhaug på Vinjemoen, Vossestrand. (Foto: Mona Mortensen)

7.5.3. Kyrkjer og kyrkjegardar

All vigsla eigedom (jord og bygningar) er underlagt særleg vern gjennom Kyrkjelova og Kyrkjegardslova. Riksantikvaren har utarbeida liste over verneverdige kyrkjer. Vangskyrkja frå slutten av 1200-talet med kyrkjegarden kring, er automatisk freda og er, saman med Evanger, Raundalen og Oppheim kyrkjer listeførde.

Freda kyrkjer og kyrkjegardar

386 *Vangen kyrkje og kyrkjegard, truleg innvigd i 1277*

387 *Vinje; nedlagd gravplass ved gamletunet. Automatisk freda kulturminne.*

388 *Oppheim; nedlagd gravplass nedanfor den gamle prestegarden. Automatisk freda kulturminne.*

Særleg verneverdige kyrkjer og kyrkjegardar

389 *Oppheim kyrkje med gravplass, innvigd i 1871 (listeførd)*

- 390 *Evanger kyrkje med gravplass, innvigd i 1856 (listeførd)*
 391 *Bolstadøyri gravplass med kapell, innvigd som bedehus i 1889*
 392 *Vinje kyrkje med gravplass, innvigd i 1871*
 393 *Raundalen kyrkje, innvigd 1921 (listeførd)*
 394 *Bolstad, nedlagd gravplass.*
 395 *Jordalen; gravplass, innvigd 1924. Kjellaren i skulehuset er vigd til kapell*
 396 *Vangen ; kyrkjegard på Skulehaugen, innvigd som hjelpekyrkjegard i 1834, seinare utvida fleire gongar.*
 397 *Vangen; kyrkjegard ved ungdomsskulen, anlagt like etter 1883, då kommunen kjøpte ny grunn til kyrkjegard på staden.*
 398 *Skiple i Raundalen; nedlagd gravplass, innvigd tidleg på 1800-talet*

7.6. Forsvars- og krigsminne

Voss har mest alltid hatt ei viktig militærstrategisk rolle. Leidangen i mellomalderen hadde naustskipnad i Horvikji ved fjorden lengst vest i kommunen. Ekserserplassen på Vangen vart teken i bruk i 1718. Ingen bygningar frå ekserserplassen er bevart. Seinare vart eksersisplassen flytt til Tvildemoen, i tillegg til at ein ny vart oppretta på Bømoen. Til tider har det vore stor aktivitet på plassane og både 1. verdskrig og 2. verdskrig har etterlete seg kulturminne. Utanom eksersisplassane er det særleg byggeverksemda til tyskarane under 2. verdskrig som har sett spor i landskapet. I tillegg finn ein minnesmerke og bruer som er oppført i samband med militær aktivitet.

Ekserserplassen på Tvildemoen

Ekserserplassen vart oppretta på leigd grunn i 1882/83. Etter at leigekontrakten vart opphevd på slutten av 1990-talet, er her i dag private, kommunale og nokre få militære eigarinteresser. Av dei få militære bygningane som framleis står, er det særleg dei i nedre leir som er vurdert som bevaringsverdige. Det bør vera eit prioritert tiltak å regulere miljøet til spesialområde vern.

Særleg verneverdige kulturminne på Tvildemoen

399 Magasinbygningen

Reist etter bevilging frå Stortinget i 1882. Som eldste bygning på Tvildemoen står den i særstilling.

Bygget er verna som spesialområde kulturminne etter PBL. Viktig å ta vare på bygget sitt eksteriør.

400 *Går ut*

401 *Går ut*

402 *Går ut*

403 Gudbrandsdalsteinen (minnestein)

Minnestein reist etter Gudbrandsdalen Bataljon sin samling i samband med nøytralitetsvakta mellom 1914 og 1918. Dei hadde bataljonssamlingssamling frå 25. september til 21. oktober 1915.

Minnesteinen er vurdert som verneverdig kulturminne. Området der steinen står, er i den kommunale reguleringsplanen for Tvildemoen avsett til grøntareal. Steinen bør få stå her. Ein gjer framlegg om ein hellelagd firkant, 2,5 x 2,5 m med eit stakittgjerde eller kjettingsøyler rundt. Vedlikehald bør kunne avtalast mellom kommunen og Forsvarsforeningen/Forsvarets veteranavdelingar på Voss mot eit lita årleg godtgjersle.

404 *Går ut*



Gudbrandsdalsteinen (Foto:Gunnar Berge)

Bømoen ekserserplass

I samband med at Bergensbanen skulle opprettast, vart det i 1898 av strategiske årsaker vedteke å flytte eksersisplassen frå Vik i Sogn til Voss. Ekserserplassen vart oppretta på Bømoen. Bygningsmassen er stor med totalt 94 inventarnumre, bygde mellom 1899 og 1975.

Forsvaret har sin eigen verneplan for Bømoen. I verneplanen er det gjort framlegg om vern, klasse 1, for 28 inventarnumre. Verneklasse 1 omfattar anlegg som er fredningsverdige (sjå verneplan, s:020). Planen skil mellom bygningar med verneverdig interiør og eksteriør og bygningar med verneverdig eksteriør. Fylkeskonservatoren i Hordaland har seinare (2001) vurdert eit vognskur frå 1911 (inv. nr. 0050) til å ha tilsvarende verneverdi. I tillegg er hangarbygget bygd av tyske okkuperanter under 2. verdskrig vurdert som eit verneverdig kulturminne saman med landevernsbataljonen sitt magasin som vart nytta som fangeleir for russiske krigsfanger under 2. verdskrig. Flyhangaren er ein viktig del av Bømoen sin kulturhistoriske og visuelle identitet. Fangeleiren vart på folkemunne kalla "russarleiren". Bygningen er i fleire høgder og med intakt interiør og eksteriør. I taket på loftet finn ein framleis russiske innskrifjonar. Det vart og bygd 6 soldatbarakker på Bømoen under 2. verdskrig. I dag står berre ein av desse att. Barakken som no går under namnet "vestre messe" vart bygd som offisersbarakke. Bygget er ikkje intakt, men her kan framleis vera ein opprinneleg kjerne. I tillegg står bunkersrestar frå 2. verdskrig att på Bømoen. Verneverdien av desse er ikkje vurdert i samband med planen.

Fredningsverdige kulturminne på Bømoen

405 28 inventarnumre er vurdert som fredningsverdige klasse 1 av Riksantikvaren/Forsvaret. (Sjå verneplan) Riksantikvaren førebur no (våren 2004) eit fredningsforslag for desse bygga. 406 går ut.

Særleg verneverdige kulturminne på Bømoen

407 går ut.

408 Russarleiren, vurdert som fredningsverdig under planarbeidet.

- Bømoen bør vurderast heilskapleg som eit miljø, der ein tek vare på den opprinnelege leirstrukturen, bygningane frå den eldste perioden i leiren si historie og bygningane og anlegga som tyske okkupanter bygde under krigen.



Bømoen (Foto: Gaute Sandvik)

Båbrui

(og nemnt under kapittel 7.2.1.3)

Veteranbautaen

Bautaen vart reist til minne om vossingane som var med i krigen 1807-1814. Den vart avduka 17.mai 1905. Me meiner Veteranbautaen har sin plass i kapittelet om kulturminne knytt til forsvaret. Ansvar for ivaretaking bør ligge på Voss kommune.

Tyske bygg og forsvarsverk 1940-1945

Under 2. verdskrig sette den tyske okkupasjonsmakta opp ein betydeleg bygningsmasse utanfor Bømoen; soldatbarakker, lagerbarakker, hestestallar, verkstadsbygg osv. Det vart laga bunkersar, kanonstillingar, skyttargraver osv. Det meste vart fjerna dei første tiåra etter 1945. Men her er framleis att bortimot intakte barakker og forsvarsverk. Bunkersar og restar etter desse finn ein på Hellesnes, Stalheim, Bømoen, Himle og Mølster. Skyttargravar som vart sett opp på Eggjarhaugen, Ringheim og på Mølster, eksisterar ikkje i dag. Av bygningsmasse kan nemnast at Idrettshuset på Vangen opprinneleg er ei tyskarbarakke (med intakt eksteriør), på Skulestadmoen, på jordbruksskulen og i nedre Liahagen er intakte barakker. I øvre Liahagen står ein intakt garasje. I tillegg kjem ein rekkje bygg som vart demontert og seld etter krigen. Noko vart sett opp på nytt, tildømes ein bilverkstad på Vangen som vart flytt til Hodnaberg kraftanlegg. Mesteparten vart nytta som material til nybygg. Me vil og nemne ein intakt radiostasjon på Tøn.

Minna etter den tyske okkupasjonen er *representative* og har stor *historisk kjeldeverdi*. Ein del av objekta er framleis intakte og dermed *autentiske*. Det er difor svært viktig å ta vare på nokre av desse kulturminna for ettertida.



Bunkers rett nedfor Mølstertunet (Foto: Gaute Sandvik)

Særleg verneverdige tyske bygg og forsvarsverk

409 **Bunkers på Mølster**, relativt intakt, men etterkvert i dårleg stand. Bør takast vare på som del av Voss folkemuseum, mellom anna ved å tilrettelegge kulturminnet for publikum.

410 **Bunkersrestar på Bømoen**. Må sjåast i samanheng med kulturmiljøet på Bømoen.

411 **Kanonstillingar på Stalheim**

7.7. Utmarksminne

7.7.1. Stølsbruk

I vossefjella er det mange stader store og gode beiteområde, noko som må ha vore sterkt medverkande til at vossebøndane kunne posisjonere seg som storleverandør av smør til Bergen. Tufter i stølsområde som kan daterast attende til bronsealder og jernalder tyder på at fjellet har vore ein viktig ressurs i fleire tusen år. I løpet av desse tusenåra har det naturlegvis vore nokre endringar i utnyttinga av stølsområda, men stort sett skjedde få endringar i byggjemåte og organisering av stølane fram til 1880-åra. Særleg meieridrifta fekk fylgjer for stølsdrifta, då ein ikkje lenger måtte vidareforedle mjølka på stølen. Behovet for rask mjølkelevering framskunda bygging av køyreveggar. Og med køyreveggar letta ein og transport til stølen. Dermed vart det enklare å frakte byggematerial til støls; ein bygde gjerne større sel og mange bytte torvtaka med helletak. Dette vart byrjinga til slutten på ei stor anlagd stølsdrift i Vossafjell. I dag er berre om lag ¼ av alle stølar nytta til stølsdrift. Men svært mange stølar har fått ein ny funksjon som fritidsbustad. Husa er framleis i bruk og denne nye bruken av stølane er dermed med å bevare ein gammal driftsform i ny kledning.

Ein nytta mange typar stølar, til ulike tider av vår- og sommarhalvåret, skriv Johannes Gjerdåker (Gjerdåker 2001). I prinsippet flytta ein buskapen lenger og lenger unna tunet på garden utover våren og sommaren og flytte attende same vegen utover seinsommar/haust. Denne trinnvise utnyttinga av landskapet manifesterer seg i ei rekkje ulike ”stølar” på veg til sommarstølen. Nærast garden, i gjerdet mellom utmark og innmark, stod *vårflora* (*mjølstøl*, *tråffjos*;) der dei mjølka kyrne og batt dei inn om kvelden på våren. Vårfloraane var små eitromsbygningar, grindbygd eller lafta. Dei kunne ha florslem, nokre få hadde møkkakjeller. *Vårstølen*, som og vart nytta til *hauststøl* av mange, ligg lengre vekke frå garden enn vårflora. Det er særleg i Holbygdi og Myrkdalen på Strondi at det var vanleg å ha vårstøl i tillegg til sommarstøl, medan relativt få av gardane i Vangssokni på Voss hadde både vår- og

sommarstøl. Vårstølen hadde vanlegvis både sel til overnatting og flor til dyra. På høgsommaren og tidleg haust flytte folk og fe til *sommarstølen* eller *fjellstølen*. Flest ”trinn” hadde ein i stølingen i dei indre delane av kommunen, nokre stader var det så mykje som fem ulike plassar ein støla på.



Vårstøl på Markusteigen, Vossestrand (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Stølane i vossafjell kan vera einbølte eller fleirbølte. Korleis ein tel antall stølar er eit definisjonsspørsmål, men dersom ein reknar antall stølsgrendar/stølstun kjem ein opp i eit tal på mellom 250 og 300. Dersom ein reknar med antall gardar som har stølsbygningar og alle vårflorane vert talet mykje høgare. Talet på stølar har heller aldri vore konstant. Utnyttinga av stølsområdet har vore ein dynamisk prosess som har vore påverka av antall brukarar innan stølsgrenda og naturhøve som flaum og kalde somrar. Tuftar på og i nærleiken av dagens stølsområde er tydelege prov på at stølsbygningane har vore flytta, utvida og lagt ned i løpet av dei mange hundre åra då det var vanleg med stølsdrift. Ein har jamvel døme på at gard er blitt til støl og at støl er blitt til gard (sjå Gjerdåker 2001:18).

7.7.1.1. Stølsmiljø

Stølshusa

Det typiske *vossaselet* er tredelt med sjølve selet, ein gang og eit innsel. Sel og innsel var frå gammalt timbra, dei ytre veggane til gangen var bordkledde. Frå slutten av 1800-talet vart det vanleg å kle dei lafta ytterveggane med plank. Planløysinga er ikkje ulik dei gamle røykstovene. Utanom sel kan ein finne *flor*, *løe*, *lambhus*, *kalvahus*, *ystehus* og *brønnhus* som eigne bygningar på stølane, sjølv om det har vore vanleg med sel og flor i eitt.

I Vossafjell er ein ganske lik fordeling mellom stølshus der sel er kombinert med flor og der sel og flor er i separate bygningar. Noko geografisk mønster i desse to byggemåtene er uråd å finne; kombinerte og adskilte sel og flor står gjerne om ein annan på dei enkelte stølane, og er vanleg over heile kommunen. Flesteparten av dei kombinerte bygningane er i to høgder, med flor under og sel øverst. Som regel er floren bygd i mur og selet lafta. Det er og nokre døme på stølar der sel og flor er bygd inntil kvarandre (samanbygd). Når sel og flor er i separate bygningar er sela mest alltid lafta. Floren kan vera lafta, grindbygd eller i bindingsverk. For baa hustypar er det nokre få døme på steinbygde hus.

Ein bygde stølshusa av lett tilgjengeleg material. Så skulle ein tru at fjellstølane og andre høgtliggande støsbygningar for det meste vart bygd i stein. Det stemmer ikkje. I vossafjella drog ein heller med seg byggemateriale høgt til fjells heller enn å byggje i stein. Truleg var steinhus meir vanleg tidlegare, det skal til dømes ha vore vanleg med steinsel fram til ca 1850 i Jordalen – Nosi (Gjerdåker 2001:161). Taka på stølsbygningane var frå gamalt tekt med torv, det var eit lett tilgjengeleg material som seinare vart bytta med skifer. I dag er taka like gjerne tekt med bølgeblekk. Det har vore rett vanleg å flytte hus frå gardstunet til støls. Det var ofte det eldste huset som vart flytt til støls når ny stove vart bygd på garden. Nokre av desse er så gamle at dei truleg er automatisk freda.

Andre særskilde kulturminne/landskapstrekk knytt til støling

Løypestreng vart anlagt for å lette transport av høy og mjølk ned frå stølar som låg brattlendt til. Den eldste løypestrengen i Voss skal vera ein på Moldbakken som vart anlagt ca 1900. Løypestrengen på Kviting skal og vera frå ca. 1900. Mange stølar laga seg løypestreng i løpet av dei første tiåra av 1900-talet, nokre av desse vart etterkvart motoriserte, td. Løkjane/Steinset i Bordalen. Meir uvanleg er togbanen til varetransport som er sett opp på Langeset. *I dei foreslåtte verneverdige stølsmiljøa bør desse elementa takast vare på og haldast vedlike.*

Turisme i stølsområda

Avtalefesta fritid for arbeidstakarane og betra kommunikasjon danna grunnlaget for ein til dels storstilt turisme i nokre av stølsområda i første halvta av 1900-talet. Kring Hamlagrøvatnet vart dette ei stor verksemd. På Hodnaberg vart det bygd hotell i 1902, omtrent samstundes vart Hamlagrø hotell på Søre Hamlagrø sett opp og pensjonat på Grønestad på Nore Hamlagrø. I tillegg var det vanleg at budeiene tok i mot overnattingsgjestar og fleire sel vart bygd romsleg, med mange rom for å kunne ta imot feriegjestar.

Stølstræe og ulike stengslar

Stølstræe spela ein viktig rolle som førkilde om vinteren. Stølstræe, dvs slått på innmarken på stølen, var vanleg dei fleste stader. Dei fleste stølstræe var inngjerda. Inngjerda sætervoller ser ut til minst å gå attende til 1600-tallet (Reinton 1957:7). Risgard, torvgard, steingard, hellegard og gjeil fungerte som skilje mellom slåttemark og beiteeng og/eller som eigedomsgrense. Mykje står til nedfalls no når dei ikkje lenger har nokon funksjon i landbruket. Men framleis vert nokre stølstræe slått, og gjerdemarkeringane slangar seg somme plassar i terrenget, brotne nokre stader, overgrodd andre, men like fullt synlege. *I dei foreslåtte verneverdige stølsmiljøa bør desse elementa takast vare på og haldast vedlike.*



Steingard på Nedre Almenningen, Bordalen

Veitsler, kanaler og oppdemmingar

På og ved nokre stølar vart det bygd veitsler, kanaler og oppdemmingar. På Breiming skal det ha vore vatnveiter. Hiurdi og Tveitastølen har eit vatn- og møkkaspreiingsanlegg ned til garden. Anlegget vart oppteikna og festa på film på 1950-talet. Ein bør vurdere om anlegget er i ein slik stand at det er mogeleg å verne. På Vambaset var Kroasetvatn oppdemma til kvernavatn. I Kyraldsdalen var Demmedalstjørna oppdemd i gamal tid og nytta til kvernavatn på nedre Fenne og Håtveiti. Også ved Skreio var oppdemming til kvernavatn. Det er og gamle vatnveiter på Øyaset og Vinjahagen. *I dei foreslåtte verneverdige stølslandskapa bør desse elementa takast vare på og haldast vedlike.*

Klyvjasteinar og kjølebrunnar

Klyvjasteinar var nødvendig i den tid ein kløva hest. To jamnhøge steinar med plass slik at ein hest kunne stå mellom, fungerte bra. Klyvjasteinar fann ein i gardstunet og på stølen. Nokre få er bevarte på stølane. *I dei foreslåtte verneverdige stølslandskapa bør desse elementa takast vare på og haldast vedlike.*

Heilt særskilde anlegg

Det er nokre døme på bygningar som på særskilt vis er bygd inn i terrenget. På Fljote er det spor/restar av ein flor som er lagt under ein stor stein. På Rasdalsstølane/Røyrbakkestølane er ein berghammar som har vore nytta som vegg i lambhus.

Jakthytter og andre hytter

Ei jakthytte på Veset frå 1914, idrettslaget Bjart sin hytte på Roset (ca 1920), jakthytta "Horgabu" bak Lønahorgji (sett opp på 1930-40-talet) og vidare sankebua "Svoltage" ved Mykjedalsvatnet som vart sett opp rett etter 2. verdskrig, er alle døme på hytter og buer i utmark utan direkte tilknytning til støling. Same funksjon har "Nansenhytta" i Torfinnsdalen hatt. Av desse er det "Nansenhytta" som uthevar seg som særleg verneverdig. Dette er den eldste av hyttene, bygd ca 1850 av Voss Reinsdyrinteressentskap. Hytta har og tilknytning til ein kjent historisk person, ettersom Fridthjof Nansen nytta hytta til forbuing før Grønlandsferda.

Førhistoriske minne i stølsområda

Spor etter førhistorisk busetning i stølsområda er knytt til bergkunst, tufter og jarnframstilling. Svært mange av dei kjente gropene i berg og på stein i Voss er lokalisert på

eller i nærleiken av stølar. Dette er omtala under kapittel 7.5. Truleg ligg det framleis mange uoppdaga gropar kring på stølane. I stølsområda finn ein og mange tufter og murrestar. Ein del er grunna nyare bygg til nedfalls, andre er merkje etter tidlegare flyttingar og i nokre tilfelle kan dei og vera tufter etter førhistorisk busetnad. Nærare registrering og gransking må til for å avgjere dette. For nærare omtale av jarnframstilling, sjå 7.7.5. *Alle førhistoriske groper i stein, tufter og kulturminne knytt til jarnframstilling er automatisk freda kulturminne.*

Stølsvegar
Omtala under 7.2.

Fredningsverdige stølsmiljø

186A Indre-Dale

Stølsbol med skilde sel og flor. Steingard i god stand med geil mellom dei ulike stølstrea. Steinklopp og vasskjelde i tunet. Svært interessant miljø pga. heliskapen. Representerer eit autentisk miljø frå den tradisjonelle stølinga, i ei særprega tunform. Marka på og kring stølsbolet vert halden i hevd med beiting. Her føreligg avtale med grunneigarene om vedlikehald. Det vart utført restaureringsarbeid på 1990-talet.



Indre Dale, Dyrvedalen (Foto: Mona Mortensen)

Særleg verneverdige stølsmiljø

187 Potten

Stølsbol med skilde sel og flor, samanbygde sel og flor og kjølebu, ystehus og utløer. Her er ei tuft. Stølen er ei viktig historisk kjelde og har eit heilskapleg og interessant miljø (tuftar, ymse steinsetnad, stølstre og bjørkehage). Heile kulturlandskapet har stor eigenverdi.

188 Malmagrøn

Stølsbol med samanbygde sel og flor. Mur og tufter etter hus. 6 (7) klyvjasteinar, kjølebrunnar til mjølk og spor etter torvuttak. Fleire typiske Vossasel med tredelt romplan. Nokre av dei har også rom til torvlagring.

189 Grønestad

2 skilde stølsbol. På det øvste står 2 hus, eit av desse var utleigd som pensjonat. Vidare er her to hus med sel og flor bygd i lag og ein flor. På andre stølsbolet er sel og flor bygd etter kvarandre, to hus/sel har vore nytta til utleige og vidare eit sel og ein flor. Fleire naust nede ved vatnet. Træene er i ferd med å gro att. Det interessante med heile stølen sett under eitt, er sela som har vore nytta til turisme. Desse husa er store og har mange rom. Nausta ved vatnet vitnar om rolla vatnet spela for samferdsle og matauke tidlegare. Her er og fleire døme på samanbygde hus med sel og flor, som ellers er sjeldsynt i Voss. Det er mykje hytter i området, den tradisjonelle stølen "druknar" på eit vis i dette. Eigarane av

stølsbolet med sel og flor bygd i lag er i gang med vedlikehald. Eine naustet (det eldste?) har hol i taket, men er tekt med presenning.

190 Brekkestølen

Stølsbol med skilde sel og flor og eit kombinert sel og flor. Her er tufter. Stort stølstre med restar etter fleire steingardar, geil mellom dei gamle trea og rydningsrøyser. Stor harmoni på stølen. Nye hus er tilpassa dei gamle og landskapet omkring. Torvtak på mange av husa. Slátteområda mellom gardane og stølen er svært rik på urter og bør haldast i hevd.

191 Kolset

Stølsbol med gamalt lafta miljø og nyare stølsmiljø med hytte. Fleire adskilde sel og flor og eit kombinert sel og flor. Restar av steingard (både ståande steinheller og vanleg steingjerde), heller til å gå turrskodd mellom husa, steinklopp og restar av løypestreng. I lag med det nye miljøet (etter 2. verdskrig?) dannar det ein heilskap som viser ulike stølstradisjonar, utan å gripe inn i kvarandre. Lafta husa bør takast vare på.

192 Hårald

Stølsbol med to kombinerte sel og flor. To utløer, den eine har svært verneverdig stavkonstruksjon i god stand. Mykje hoggen kledning som er festa med trenaglar. To-delt træe med rydningsrøyser. Kvilestad i stein.

193 Kvitla og Steinestøl

To stølsbol med både skilde og kombinerte sel og flor. Saltstein. Gamle træe med steingard og torvgard. Skålgroper i steinmuren i det eine selet på Steine. Mange gamle tufter i stølsområdet, nokre frå førhistorisk tid. Kolgroper. Skålgroper. Området må sjaast i samanheng med vårflor mellom garden Steine og stølsområdet. Kulturminna i området syner brukskontinuitet gjennom fleire tusen år.

194 Mokedalen

Selsbø med eit kombinert sel og flor. Tufter etter hus, spor etter steingjerde og torvgard. Vasskjelde. Svært interessant klyvjaveg som går mellom Fjellstølen og Mokedalen, den er utarbeidd med handamakt og har oppmuringar i naturstein.

195 Mælandstølen

Tuft etter hus og 3 svært små lafta hus, som kan vera verneverdige. Miljøet er lite og intimt.

196 Hedlo

Stølsbol med både skilde og kombinerte sel og flor. Eit av sela er i ein spesiell sleppkonstruksjon (?). Mange murar og tuftar etter hus. Klyvjaveg og steinkloppar opp til stølen. Fire klyvjasteinar og saltstein. Sel i sleppkonstruksjon er ikkje observert på andre stølar.

197 Øyaset

Stølsbol med skilde sel og flor. Eine floren i steinmur/bindingsverk. 2 ostehus i naturstein og 2 hytter. Steinsetnaden på stølen er svært interessant og i god stand. Kan han vera relativt ny? Florane frå 1920-talet er godt vedlikehaldne og i god stand. Eit svært godt miljø. Ostehusa, som er bygd inn i steingarden, bør takast vare på.

198 Nedre Almellingen

Stølsbol med både skilde og kombinerte sel og flor. 1 ystehus i steinmur. To klyvjasteinar (usikker på om dei framleis står i 2004). Ymse steinsetnad og store træe. Lafta florane frå slutten av 1800-talet bør takast vare på, då dei er i god stand og har høg kulturhistorisk verdi. Det same gjeld ystehuset i steinmur. Eit heilskapleg miljø, til tross for nokre nye hytter.

199 Skåndalen

Stølsbol med skilde (og truleg 1 kombinert) sel og flor. Risgard i god stand og delar av ein steingard. Eit av sela har innskrift frå 1871. Fleire hus med mykje gamal tradisjon.

200 Urdlandsstølen

Stølsbol med skilt sel og flor. Eit av sela er bygd saman av to bygningar. Her er og ein heilårsbustad frå ca 1920. Risgard i god stand, stort træe som ikkje vert nytta, rydningsrøyser og hengjebro over Raundalselva. Eine delen av det samanbygde selet er svært gammalt med torvtak, jordgolv og berre ein liten glugg. Huset er verneverdig. Mange innslag av gamle hus på stølen dannar tilsaman eit interessant miljø.

201 Lindbergstølen

Selsbø med med skilt sel og flor. Berre selet, som har torvtak, står. Mur etter floren med 12 båsar og ein tuft. Lite miljø med restar av ymse steinsetnad og ein gamal løypestreng ned til Lindberg. Selet er godt vedlikehalde og har høg autentisitet. Fleire innskrifter frå 1925.

202 Furestølen

Stølsbol som har hatt både skilde og kombinerte sel og flor. Rydningsrøyser, lite hus under ei steinhelle og svake spor etter træe. Lite miljø der eit gammalt hus (frå 1735?) hever miljøet sin kulturhistoriske verdi. Langt kome forfall alt i 1991. Det står ein vårflor i bøgarden mellom stølen og garden.

203 Krone

Stølsbol med kombinerte sel og flor. Ein flor i bindingsverk med hems for overnatting. Murar etter hus. Klyvjasteinar og eit trøe som er inngjerda med nettinggjerde. Det er godt vedlikehald på stølen pga kontinuerlig støling på tradisjonelt vis. Stølen er prioritert som verdifullt kulturlandskap av Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling.

204 Styvestølen

Ytre og Indre Styvestøl er to stølar med 300 meters avstand. Dei ligg innunder Styveshorgi ca. 510 m.o.h. Indre Styvestøl har to sel i god stand og eit rimeleg stort, lett kupert stølstre. Stølstreet vert slege og har difor ei svært artsrik eng (rikt på urter). Sjølv om stølstreet er i god hevd er det likevel gjengroingstendensar i nedre delen. Stølen er interessant i kulturlandskapssamanheng, då det ikkje er så mange stølstre som vert slegne lenger. Ytre Styvestøl har eit sel som er under ombygging, flor, utedo og eit gammalt sel med flor under som er i svært dårleg forfatning. Restar etter løypestreng. Stølstreet er stort, kupert med mykje fjell oppi dagen. Her er det meir myrlendt enn på Indre Styvestøl, området vert beita av storfe og er mindre artsrikt.

Bygningar knytt til støling som kan vera automatisk freda

205 Bygdastølen eit av sela er eit tilflytt lafta hus frå 1500-talet

206 Urtdlandsstølen eit sel, skal vera svært gammalt (flytt frå Fossen)

207 Steinset, ovanfor Skreia (eit av sela skal vera ei årestove frå 1600-talet)

Særleg verneverdige bygningar/anlegg knytt til støling og utmark

208 Sendo; steinsel, bygd i 1914 er unikt blant registrerte stølar i Vossafjell

209 Malmagrøn; to av sela kan vera frå 1700-talet

210 Øvre Almenningen; flor der store delar er i naturstein

211 Veskre; lite lafta hus flytt til støls

212 Svangastølen; sel i bindingsverk med flor i kjellaren og høybrot på eine enden

213 Kvarakvålssellet, Jonsstølen; gammalt sel? (sjå Gjerdåker s:199)

214 Nedrestølen; fleire kombinerte sel og flor der bae høgder er lafta

215 Vetlestølen; gamle lafta florar i god stand, i ulik byggjestyll med ruteskifer på eine taket og lappskifer på det andre.

216 Fljote; flor i naturstein

217 Rørgastølen; flor i bindingsverk av noko eldre dato

218 Øyaset; ostehus i naturstein (2 stk)

219 Nedre Almenningen; ystehus i steinmur

220 Helgaset, Bordalen; ystehus i steinmur

221 Kvåtla; gamle skulen på Steine flytt til støls

222 Hårald; lafta vedhus flytt til støls

223 Liaset (Klyvsstølen); Utløe på trøe.

224 Tveitastølen; vatn- og møkkaspreiingsanlegg ned til garden

225 "Nansen"hytta i Torfinnsdalen

226 Reppane, Engjaldsdalen (eit av sela skal vera 1. høgdi av eit tilflytt gammalt bualoft)

7.7.2. Andre driftsbygningar og anlegg i utmark

Utløer

” I det tradisjonelle jordbruket var utmarka viktigast både til førsanking og beite. Framleis finn ein mange hus som vitnar om denne driftsforma.” (Tyssen 1984:39). Dei eldste utløene er små eitroms tømra bygningar. Seinare vart dei bygde i bindingsverk og var ofte større.

Tidlegare stod det utløer i all utmark. No, då dei ikkje lenger har ein funksjon i landbruket står dei aller fleste til nedfalls. Utløer bør takast vare på i verneverdige kulturmiljø og kulturlandskap, slik at dette viktige elementet i det gamle kulturlandskapet ikkje forsvinn.

Gjerdefang

Tidlegare var mest alle gjerde *risgardar* (Gjerdåker 1990:310). Ein del av desse er framleis bevarte. Det er og bevart ein del *torvgardar*, men desse er vanskeleg å sjå etterkvart som dei vert overgrodd. Ein finn og mykje steinsetnad; særleg *steingarder*. Nokre av desse er bygd med heller sett på høgkant.

Gjerdefang har ikkje lenger ein funksjon i landbruket og står ofte til nedfalls. I verneverdige kulturmiljø og kulturlandskap bør difor gjerdefang takast vare på og vølast, slik at desse viktige elementa i det gamle kulturlandskapet ikkje forsvinn. Plan- og bygningslova (§ 93) inneber at ein ikkje kan rive ein steingard utan nærare vurdering.



Risgard, Skamdal (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Særleg verneverdige utløer og vårflorar

227 Bjønndalen (garden) står det ein utløe i stein m/villskifer på taket.

228 Meland: fleire utløer, både grindbygde og lafta. Restaurert på byrjinga av 1990-talet.

229 Steine: vårflor i stein. Står utan tak, men er dekt med presenning

230 Kvilekvål: utløe

231 Grindelund: fleire lafta vårflorar. Restaurert på byrjinga av 1990-talet.

232 Teigdalen: to lafta løer ved Fasteland. Innrissa "1624"(?) på den eine. Løa kan vera automatisk freda pga høg alder.



Utløe i Teigdalen (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

7.7.3. Vasskraft

Dei eldste oppgangssagene på Voss var i bruk i i andre halvta av 1600-talet. Sagene vart ført opp etter kongelege forordningar, og i svært begrensa tal for ikkje å snauhogge skogen. Då det vart fri tømmerhogst i eigen skog i 1860 vart det sett opp mange sager rundt i bygdelagene. Frå denne tida byrja ein og å nytte sirkelsager. Tømmeret vart sendt til Bergen sjøvegen om Granvin eller fløtt nedover Strandaelvi og Raundalselvi til Vangsvatnet og vidare forbi Osen til Bolstadfjorden. Her vart det henda over til kjøparane – bygningsstrilar, som sjølv transporterte tømmeret vidare. Vossebanen gjorde slutt på tømmerfløtingen mellom Vangsvatnet og fjorden (Gjerdåker 1990:309).

Etter det me veit er det få kulturminne knytt til sagbruk att i Voss. Ein kjenner til ei grindbygd sag på Tønagrovi og ei restaurert i Øvstedalen. Dette er for øvrig einaste sag som og har mylnefunksjon. Tvinnesagen har nytt eksteriør men staden har lange tradisjonar for sagbruk. Vidare er det sag på Mugås, ved Hønseelva i Holbygda og like ved stølen Indre Dale. Det kan og vera fleire langs Raundalselva. Gjerde Bruk L/L si oppgangssag på Palmafossen står framleis intakt, og har inntil ganske nyleg vore i drift. Me meiner at minst eit sagbruk bør vernast som minne etter skogsdrifta i Voss.

Langs sideelvane kunne gardskvernene ligge på rekke og rad. Svært få av desse er bevart. Me kjenner eit fåtal gardskverner og to bygdemylne som framleis står. Sidan så få av dette tidlegare så vanlege kulturminnet er bevart, er det viktig å ta vare på dei som er att. Av desse er Rekve mylne alt vedtaksfreda.

Vassdrivne slipesteinar med bruksrett for eit heilt bygdelag var rett vanlege i eldre tid. Nokre av desse anlegga kunne også vera nokså forseggjorde reint teknisk (oppmurde vass-slok og fundamentering; men utan tak). Om det framleis finnast spor etter slike anlegg veit me lite om, det kan finnast eitt slikt i Engjalandsdalen.



Restaurert mylne på Mugås (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Freda kulturminne knytt til vasskraft

233 Rekve mylna; Bygd 1880-åra. Rekvemylna har og ein vadmålsstampa, flytt ned til mølla etter ein flaum i 1906. Mylna er freda ved vedtak. Men er i dårleg stand pga steinsprang og fukt. Bør gjerast noko med snarast.

Særleg verneverdige kulturminne knytt til vasskraft

234 Kombinert sag og mylne i Øvstedalen. Restaurert av grunneigar.

235 Voss mylna; restaurert. Delvis i drift.

236 Kvernhus på Tønagrova (registrert av Tyssen), i rimeleg bra stand. Eit tiltak for ytterlegare istandsetjing er å demme opp grovo slik at miljøet kring kverna vert mest mogleg autentisk.

237 Kvernhus på Draugsvoll. Restaurert.

238 Gjerde bruk si oppgangssag i Palmafossen



Rekve mylne. (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

7.7.4. Jakt og fangst

Fangstgravar, ledegjerder, bogastiller og hæve er tydelege spor etter jakt og fangst i høgjellet. Ein finn også ringar av stein anten med heller reist på høgkant eller av runde steinar.

Føremålet er uvisst, men mange har tolka det som offerringar. Ein finn og såkalla offersteinar

(stor flat stein som det skulle ofrast på etter ei vellukka jakt). Fangstinnretningane i Vossefjella er nok nytta til fangst av rein, og ligg der reinen hadde sine trekkveggar, gjerne i tronge skar eller mellom eit vatn og ei bratt fjellside. Dei aller fleste av dyregravene er omtrent 1x2 meter og djupna inntil 2 m. Ved reinstrekka finn ein og bogastille, der jegrane fekk reinen på nært hald, og ledegjerde av stein, som førde reinen utfor stup. Kor gamle desse fangstinnretningane i fjella er, er usikkert, men ein datert fangstmur på Handadalseggi på Sognesida er c-14 datert til 500 år f. Kr. *Anlegga i Voss kommune kan ha same alder og er dermed automatisk freda. Dersom nokre av kulturminna ved nærare undersøkingar viser seg å vera etterreformatoriske, vil dei i alle høve vera særleg verneverdige.*



Steinring i høgjellet (Foto: Gaute Sandvik)

Kulturminna som ligg i høgjellet er med sin plassering langt utanfor allfarveg nærast sjølvbevarande. Det einaste som kan truge kulturminna er kraftutbygging, vegbygging og nye høgjellshotellanlegg. Kartfestinga som er gjort av kulturminne i høgjellet på temakarta i planen, bør vera ein rettesnor for kommunen ved fremjing av bygge- og anleggstiltak. Alle tiltak bør leggast i god avstand frå desse kulturminna.

Jakt og fangst har og vore drive i dalane og liene i Vossebygdene. Særleg er det pelsdyrfangst som har gått føre seg. Dei fleste fangsinnretningane har vore enkle og mobile innretningar som ikkje har sett spor i landskapet. Dei få som kan omtalast som kulturminne er ein bjørnebås og fleire røvvovnar. Dei er mest sannsynlig frå nyare tid (etterreformatoriske).



"Røvaovn" (Foto: Gaute Sandvik)

Fredningsverdige kulturminne knytt til jakt og fangst

- 239 Auborahorgi, restar av ledegjerde
- 240 Reinsbjørgi, dyregrav
- 241 Fjellet Hodn, bogastille
- 242 Svartetjørn, dyregrav med ledegjerde
- 243 Ved Horgatjørn, offerstein
- 244 Vikafjellet, dyregraver (4 stk)
- 245 Finnbunuten, dyregrav
- 246 Bjørndalskamben, dyregrav
- 247 Dyratoni, dyregraver (fleire)
- 248 Volaområdet, dyregraver (fleire)
- 249 Borgarbuvatn, dyregrav
- 250 Ljosandal, blokkheller, bjørnehi
- 251 Kleivanut, bogastille
- 252 Kleivanut, dyregrav
- 253 Borgarbuvatn, fangstgraver (3 stk)
- 254 Rjoanddalen, fangstgjerde
- 255 Fossen, fangstgjerde
- 256 Hestabotn, fangstgrav
- 257 Rjoandeggi, bogastille
- 258 Rjoandeggi, bogastille (3 stk)
- 259 Rjoandeggi, bogastille
- 260 Sendebotn, steinringar
- 261 Sendebotn, fangstgraver
- 262 Reinstjørnaskaret, bogastille
- 263 Reinstjørnaskaret, tuft etter fangstbu
- 263a Grodjuvet. Fangsanlegg, 3 lokalitetar
- 264 Grindaflætvatn, varderekke
- 265 Grindaflætvatn, bogastille
- 266 Grindaflætvatn, bogastille
- 267 Grindaflætvatn, steinvoll
- 268 Vetlafjellet, fangstgrav
- 269 Viksets karet, fangstgrav
- 270 Fyresnipa, fangstgrav

Særleg verneverdige kulturminne knytt til jakt og fangst

- 271 Bjørnebåsa ligg i Rastalia, like ved Raundalsvegen. Ukjent alder. Er i dag mykje øydelagt av ein ny skogsveg. Bjørnebåsa bør tilbakeførast til opprinneleg stand.
- 271A "Røvaovnar"

Det fins framleis fleire røvaovnar bevart i Voss kommune. Oppå store flate steinar, eller mura inntil ein stein eller bergvegg var sjølve røvaovnen oppmura som ein firkanta tunnell ca 30 x 30 cm og ca 100-120 cm lang. Tunnelen var stengd i eine enden, der hang åtet på ein tein som stod i forbindelse med ei steinhelle som var gildra opp i bakkant av tunnelen. Når reven åla seg inn og tok åtet, datt steinhella ned bak han. Kor langt attende i tid dei har vore brukt er usikkert, men dei kan vera svært gamle. Ein finn intakte røvaovnar og restar etter desse over heile kommunen, blant anna ved Vinjo, Vossestrand. Men Bordalen peiker seg ut med ein svært høg konsentrasjon. Innafor ein jaktrute over eit heller lite område kjenner ein meir enn 30 ovnar. Ruta vart sett opp på midten av 1800-talet. Denne typen kulturminne er vurdert som svært verneverdig. Kommunen bør gjere eit utval av objekt som bør bevarast og tilretteleggast, gjerne i samarbeid med grunneigarar.

7.7.5. Jarnframstilling

Ein del myrar i fjellstroka kring Evanger, Voss og Vossestrand inneheld malm, som er ein føretsetnad for jarnframstilling. Spora etter framstillinga finn ein att som kolgroper, haugar med slag (slagghaugar) og som lause slagglumpar, eller ”krøker” som ein kallar det i Vossebygdane. I tillegg til slag kan og stadnamn indikere jarnframstilling. ”Krøke” er alt nemd. Vidare kan stadnamn med nemningane –jønn, -jenn, -raud, -blester, og –grue ha å gjere med jarnframstilling. Førhistorisk og historisk jarnframstilling vert vanlegvis skild i tre teknologiske fasar som vert datert til dei fire første hundre-åra etter vår tidsrekning, frå yngre jarnalder (vikingtid) til tidleg mellomalder og ei kort fase mellom 1666 og midten av 1700-talet (Gustafson 1983:45ff). Vossestrand er eit nykkelområde for alle tre fasane.

Slagglumpar frå ein slagghaug i nærleiken av Brileset er datert til romersk jarnalder (200-250 e.Kr). Same staden er det og funne klumpar som viser prov på å vera framstilt med teknologi frå fase 2. Framstillingen i den siste fasen ser ut til å begrense seg til Vossestrand, men systematiske analysar av slag frå heile kommunen kan endre dette biletet. I alle høve er det klårt at Vossestrand har hatt ein særstilling innan jarnframstilling i Vossebygdane. Truleg har bygda hatt god tilgjenge til malmhaldige myrar, slik at jarnframstilling har vore ein viktig utmarksressurs for folk i denne bygda.

Stader med funn av slag og/eller kolgroper

- 271 *Slag frå Bolstad i vest til Vikjar åttung i aust (mellom heimstølen og yttestølen til Bolstad, Rødland i Bergsdalen, Nore Hamlagrø, Flagastølen, Træenstølen (Liaset), Skirstølen, Småstølane i Vikjar åttung)*
- 272 *Slag frå Bordalen til Kvitlar åttung (Tillung, Giljane (Jenngruo), Elgaset i Bordalen, Løkjane)*
- 273 *Slag frå Lemme mot Markusteigen og Myrkdalen (Jusdalen i Lemme, Morset, Raudkjeldo, mellom Leiddalsstølen og Hustveitstølen, Brileset, Vinjo, Tenne, Sundveshaugen, Markusteigen)*
- 274 *Kolgroper på Vinjo, Posthagen (eldre jarnalder)*
- 275 *Kolgroper på Brileset (eldre jarnalder)*
- 276 *Kolgroper på Ondrahaugen, Bygardslüi, gnr 272/1,2, 274/1, 275/1, 276/8 (førhistorisk og etterreformatorisk)*
- 277 *Kolgroper på Røvhaugane, gnr 247/1,2,3,4,5.*
- 278 *Kolgroper på Kvitla*

I desse områda må ein vise stor varsemd ved alle typar tiltak, då her er stort potensial for funn knytt til jarnframstilling. Alle desse vil ha høg vitskapeleg verdi. Alle førhistoriske funn vil vera automatisk freda etter kulturminnelova.



Slagghaug i Langedalen (Foto:Sigrunn Dommarsnes)

7.7.6. Andre utmarksminne

Torvuttak

Torvfyring har ikkje vore særleg vanleg i Vossebygdene og kjente minne etter torvdrift er få. Me kjenner eit torvhus på Egdetveit, gnr. 298 i Hommedal (SEFRAK-registert i 1987) og ei torvløe på Lund i Holbygdi. På stølen Malmagrøn er det spor etter torvuttak og lagringsplass for torv i nokre av husa. Vidare er det spor etter torvuttak i Håmyrane i Storåsen og i Graueåsen. Uttaka i Graueåsen har samband med eit torvkompani som vart skipa under 1. verdskrig og som tok sikte på Bergensmarknaden, der det var stor mangel på brensel.

Tilstanden på desse kulturminna er usikker. Ein bør ikkje gjere tiltak som vil øydeleggje torvuttaka, sjølv om dei vil gro att med tida. Dei to ståande bygningane bør kunne takast vare på, dersom tilstanden gjer det mogleg.

Tjørebrenning

Ein kjenner til spor etter historisk tjørebrenning på Dale, v/Istadelva (reg.nr. 121, Gustafson). I tillegg kan stadnamn vise til tjørebrenning, til dømes "Tjørehedleren", "Tjøreshorvo". Dei fleste er frå etterreformatorisk tid, men kan og vera førhistoriske. *Ein må difor vise varsemd i område med potensial for funn knytt til tjørebrenning, me gjer igjen merksam på at alle førreformatoriske kulturminne er automatisk freda.*

7.8. Tekniske og industrielle kulturminne

I planen har skiferdrift, vasskraftutbygging til elektrisk kraft og telegrafliner skild ut som tekniske og industrielle kulturminne.

7.8.1. Skiferindustrien

Det har vore kommersiell utvinning i tre hovudområde; ved Lønvatnet frå Flatekvål til Lønø, frå og med Ukvitno gjennom Nedkvitne og Norheim til Lemme og Kyte, og sør for Raundalselva frå Skjerve mot Bjørke, Møn, Veisene, Fenno, Håtveit og Istadmyrane. I dette tredje hovudområdet var det og kortvarig drift på Helgaset kring 1920 (Helleve 1995).

Villheller, heller som ikkje er forma til eller skanta, kan ein sjå på nokre bygningar frå tida før kommersiell drift. Til dømes vart lòa på Norheim lagt med skifer alt i 1797. Men skikken med å nytte skifer til taktekking tok først av etter 1830. Truleg er det vekstperioden som kom omkring 1850, med mykje nybygging og endring av stover frå røykstove til lemstove, kombinert med leiting etter nye driftsmåtar og levevegar og ein etterkvart aukande pengeøkonomi, som var årsak til at skifertekking vart så utbreidd på denne tida. Glansperioden for skiferdrift var mellom 1880 og 1940 (Helleve 1995). Dei eldste produserte hellene vart laga til store rektangulære heller som vart lagde i raster på på taket. I 1860-åra tok ein til å lage kvadratiske ruteheller, og i 1865 byrja dei å produsere lappheller, som framleis er den typiske Vossahellen (Helleve 1995).



Avfallsdepotet på Nordheim med Lønavatnet i bakgrunnen. (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Forenkla transport då Vossebanen opna, skapte saman med skantesaksen, grunnlag for kommersiell skiferdrift. Med skantesaksa (som vart utvikla lokalt i andre halvta av 1800-talet), kunne produktiviteten minst tidoblast, frå ca 50 lappheller kvar dag til 500-600 lappheller kvar dag. For å få transportert hellene frå brota vart det bygd togbaner for helletransport frå Norheimsberget til Lønavatnet i 1886 og frå Norheim til jarnbanestasjonen på Kløve, då Bergensbanen vart opna i 1907. Banene hadde fleire sidespor, slik at hellene frå dei ulike benkane vart sendt inn på hovudbanen. På jarnbanestasjonane på Kløve og Ygre stasjon vart det sett opp lasteperrongar. Togbane frå Flatekvål opp til produksjonsplassane på Klondyke, heis på Istadmyrane og løypestrenger frå fleire av brota til hovudvegane var og med på å effektivisere drifta.



Skantehytte på Nordheim (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Utanom såra etter drift i fjellsidene er det i dag få synlege spor att etter den omfattande skiferdrifta. Det står ein hytte på Klondyke som skiferarbeidarene budde i, dessutan står det framleis att nokre delar etter togbanen frå Flatekvål til Klondyke. På Ygre stasjon står framleis lasteperrongen til skifer intakt. I Norheimsbrotet står framleis nokre skantehytter, dvs enkle hytter, der drivarane skanter lappheller med skantesaks på same måte som det har vore gjort i 150 år.

Voss kommune bør snarast vurdere om og korleis ein ønskjer å ta vare på kulturminna etter denne næringa som har vore så viktig for bygda. Me foreslår følgjande tiltak:

- Voss folkemuseum kan skaffe seg eit komplett sett med skanteutstyr.
- Skiferdrift gjort på gamlemåten bør dokumenterast med video/bilete og intervju med ”gamlekara” som framleis driv på gamlemåten.
- Kulturmiljøet Kytesgrenda (sjå pnkt 7.4.1 for nærare omtale av kulturmiljøet) regulerast til spesialområde vern.
- Delar av brota på Norheim bør vedlikehaldast, slik at såra etter uttaka og dei store depotane med avfallsmassane vert bevarte.
- Subsidiært kan og brotet på Møn vedlikehaldast som minne etter eit uttak som gjekk føre seg på ein gard.
- Innlemme intakt lasteperrong på Ygre stasjon i fredningsvedtaket som gjeld stasjonen og pakkhuset, eventuelt sikre perrongen ved regulering til spesialområde vern.
- Eensbryggja er i relativt dårleg stand pga ising kring bryggja. Eigar har planar om å vøle/restaurere. Me foreslår at kommunen gjev økonomisk tilskot til dette arbeidet.
- Lage ein skilta kultursti med poster ved/på Eensbryggja, Ygre stasjon, Kytesgrenda og brota på Nordheim. Ein bør kunne vitje nokre av postane, eller ta heile runden. Ruta bør vera framkommeleg både med bil og til fots/sykkel. Det bør og utarbeidast ein brosjyre som skildrar ruta og postene.

7.8.2. Elektriske kraftverk

Dei fyrste elektriske kraftverka i Voss var private føretak. Stalheim hotell var det fyrste selskapet på Vestlandet som bygde elektrisk kraftverk for ljøs, i 1891/92. Nokre år seinare (1896?) vart kraftverket som framleis står, bygd. Eit elektrisitetsverk på Møen vart bygd i 1911 i samband med skiferdrifta. Utover på 1910 og 1920 talet kom fleire grendekraftverk og private kraftverk til, nytta både til bustader og industri. Palmafossen Kraftstasjon, som stod ferdig i 1919, merker seg ut som den mest interessante. Denne er vurdert av E-verkets folk som svært intakt og verneverdig. I tillegg er det fleire private kraftverk som kan vera verneverdige kulturminne. Nokre er framleis i drift (Kleivafossen på Mjølfjell og Vinjadalen på Vossestrand), medan andre er nedlagde (Møen, Bøfossen i Raundalen, Skiple, Vinjo, Tysso og Århus). Eit døme frå dei store vassdragsutbyggingane er røyrgata og kraftstasjonen på Hodnaberg ved Hamlagrøvatnet, som vart sett i drift i 1953. Her vart og sett opp permanente bustader for dei som arbeidde på kraftverket.



Ei demning med samband til det elektriske kraftverket på Stalheim (Foto:Sigrunn Dommarsnes)

Særleg verneverdige elektriske kraftverk

Me har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å gjere ei verdivurdering av elektriske kraftverk, men peikar på at Palmafossen Kraftstasjon, Hodnaberg kraftstasjon og kraftverket på Stalheim hotel er interessante kulturminne. I tillegg bør ein vurdere om eitt av dei private kraftverka er verneverdig.

7.8.3. Telegraf/telefonliner

I 1859 kom det fyrste telegrafsambandet over langfjella etter traséen Bergen-Voss-Mjølfjell-Gravhalsen-Flåm-Lærdal-Gjøvik-Oslo. I Voss kommune kan ein framleis finne oppmura stolpekjerr i utmarka ovanfor Slåtto ved Reime i Raundalen. Av yngre liner finn ein stolpekjerr innerst inne i Rjoandalen, etter ei avlastingsline bygd i 1876 frå Mjølfjell til Flåm. Fyrste lina over Vikafjell vart opna i 1892. Spor etter denne finn ein i Oppheimsdalen og ved Fliseramstjørnet. I 1891 vart det opna ei telefontline mellom Øystese og Voss. Ho gjekk på sørsida av Hamlagrøvatnet, og her stod det i 2001 fint murte stolpekjerr.

Særleg verneverdige kulturminne knytt til telegraf/telefonliner

Televerket sin verneplan nemner ingen verneverdige kulturminne i Voss kommune. Likevel vil me føreslå at nokre av linene med stolpekjerr vert verna for å sikre denne fyrste generasjon av tekniske kulturminne knytt til

moderne kommunikasjon. Som eldste line og som hovudline foreslår me at stolpekjerra ved Reime vert fredda/verna. Stolpekjerra ved Hamlagrøvatn ser me og som verneverdig i kraft av å vera eit døme på lokalt telegrafsamband.

7.8.4. Småindustri

Det meste av småindustrien var opphavleg gardsdrift som vaks og utvikla seg til sjølvstendige bedrifter. Voss kommune er kanskje mest kjent for kjøtindustri og trelast/trevareverkstader. Teigdalen framhevar seg på båe område og held framleis tradisjonen med kjøtindustri i hevd. På Vangen var to skiproducentar, Lydva og Dolven. Tekstilindustrien var og relativt omfattande med sjaudifabrikkar samt hårduksveveri og ullvarefabrikk på Vangen.

Svært få kulturminne er att etter småindustrien og dersom bygningane står er det sjeldan at interiøret framleis er intakt. Dolvenhuset står framleis, men er i ferd med å rivast. Me kjenner til at ein trevareverkstad på Tyssen har eit, i alle fall delvis, intakt interiør og eksteriør. Voss Uldvarefabrikk sin eldste bygning og Voss Haarduksvæveri står med rimeleg uendra eksteriør, men har avgrensa verdi ettersom interiøret er fjerna. På Svartenakken ved Vangsvatnet står framleis ein bygning som husa ei sag og eit trevarelager, sett opp på 1920-talet. Desse har verdi for kulturhistoria på Voss. Den store trebygde lagerbygningen, truleg bygd med reisverk, representerer ein bygningstype som er i ferd med å forsvinne. Lageret er truga av den planlagde Vangstunnelen. På brekkhus er det verstad for leiketøy og rokkeproduksjon.

Me har ikkje godt nok grunnlag for å gjere ei vurdering av kulturminne knytt til småindustri. Dersom kommunen ønskjer å ta vare på nokre av desse foreslår me at kommunen, i samarbeid med Voss folkemuseum og Fylkeskommunen, registrerer kulturminne knytt til småindustri og gjer ei vurdering og prioritering på grunnlag av dette arbeidet.

7.9 Andre kulturminne

- *For minnesmerka i Voss kommune synar me til Rotary Voss si oversikt frå 2000.*
 - *Ovanfor Vinjo, Vossestrand er ein særskild formasjon som vert kalla Jacobskyrkja. Me kan ikkje sjå at den er registrert eller omtala i oversikter over kulturminne. Denne bør registrerast.*
 - *"Nede i Raundalen" skal det vera ein hellar som vart kalla "Likhedlaren", der dei sette kistene under når dei skulle til Vangen. Kulturminnet er nemnt i eit brev av 1978 (i HFk sitt arkiv), og var då truga av vegarbeid. Usikkert om hedlaren framleis står.*
 - *Kulturhistoriske registreringar i Mjølfjellområdet, utført av Astrid og Knut S. Andersen og Helge Titland. Registreringane er gjort i tidsrommet 1995-2003. Alle kulturminna er kartfesta og skildra.*
- 279** *Solvang kafé, Vossevangen. Intakt oppgang og interiør frå 1950-60-talet.*

7.10. Kulturlandskap

I planarbeidet har me nytta omgrepet *kulturlandskap* som *det historiske kulturlandskapet som menneska har forma gjennom tidlegare tiders landbruksdrift*. Eit kulturlandskap, slik me har sett det, vil difor vera eit område som kan omfatte fleire enkeltelement, mellom anna ulike kulturmarkstypar, fornminne, steingardar, rydningsrøyser, ferdselsårer, tekniske anlegg og eldre bygningsmasse. Tilsaman utgjer desse elementa ein unik heilskap - eit kulturlandskap. Kulturlandskap er tidlegare mellom anna omtala i samband med gardsmiljø (7.1.2) og stølsmiljø (7.7.1.1.) I dette kapitlet har me lista opp ein del interessante kulturlandskap i

Voss kommune. Nokre er større område som me har valt å definere som *kulturlandskapsområde*. Desse områda inneheld fleire kulturlandskap som tilsaman utgjer ein heilskap.

Me har ikkje verdivurdert kulturlandskapa, men ynskjer med denne oversikten å vise kva som finst av kulturlandskapsverdiar i Voss kommune. Det bør vera eit prioritert tiltak å gjere vidare kulturhistoriske og botaniske registreringar i dei områda som ikkje er undersøkt, då kunnskapen er mangelfull. Slike systematiske kartleggingar vil danne fagleg grunnlag for å gjera verdivurderingar som grunnlag for vernetiltak og er naudsynte om kommunen ønskjer å behalde eit representativt utval av gamle kulturlandskap. Kulturlandskapa i oversikta bør og vera aktuell i samband med prioritering av kulturlandskapstilskot (sjå kapittel 8).

Det gamle kulturlandskapet i Voss kommune er prega av ulike kulturmarkstypar. Ein kan skilje mellom fem ulike typar:

- *Styvingstre og ulike kulturskogar*
Enkelt-lauvtre eller skogar av lauvtre som har vore nytta til førsank både ved å bruka lauvet, borken og tynne greiner.



Attgroande styvingstre på Steine (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

- *Hagemark*
Beitemark med tresjikt. Dette er ofte lågproduktive, ljøsopne jordbruksareal med tre som vert nytta til fôr (bjørk, alm, ask) eller reiskap.



Slåttemark med styvingstre på Ulvund. (Foto:Sigrunn Dommarsnes)

- *Urterike slåtteeenger*
Enger med stort artsmangfold og har ofte eit høgt innhald av ville urter. Må slåast fyrst etter at plantane har frødd seg for at blomsterenga skal haldast vedlike. Kraftig gjødsling vil favorisera næringskrevjande arter og konkurrera ut blomsterartar som er mindre næringskrevjande.
- *Myr- og våtmarksslåtter*
Har ofte høg produksjon ved at flaumvatn fører med seg næringsstoff.
- *Stølstre og utslåtter*
For å samla mest mogeleg fôr til vinteren og for å spara den beste jorda/heimebøen til åkrar, vart det slege mykje i utmarka (utslåtter) og på stølen før i tida.



Gjengroande stølstrø med torvgard på Kvitla.

Interessante kulturlandskap og kulturlandskapsområde

Tysse

Gardsmiljø ved fjorden lengst lengst vest i kommunen. Dei fire utskilde gardsbruka var avhengige av sjøvegen heilt fram til 1987. Den vesle grenda har skulehus, snikkarverkstad, naust, bryggje og ei mengd fleire hus. Er ei av få grender i Voss kommune med sterk maritim tilknytting. Bør registrerast og verdivurderast med omsyn til kulturhistoriske og botaniske verdjar.

Meland

I utmarksmiljø i dalføret mot stølen (Mælandsstølen) er mange utslåtter med uteløer. Her er både grindbygde og lafta uteløer. Desse vart restaurert på 1980-talet. Ein bør freista å halde kulturlandskapet i hevd.

Teigdalen

Større kulturlandskapsområde med gardsmiljø, utmarksmiljø, fornminne og naturreservat. Teigdalen er ein trong dal som vidar seg ut ved Brekkhus, der fjellovergangen frå Øvre Eksingedalen kjem ned. Busetnaden ligg nede i dalbotnen langs elva, eller på høgareliggande, framleis veglause gardar. Området rundt og ovanfor gardane på Brekkhus og Århus har fint og velhalde kulturlandskap med mykje fint steinarbeid. Oppmura rassikring (?). Brekkhus er også eit historisk interessant område med tidlegare handelsamkvem med Eksingedalen og trevareproduksjon. Brunborg og Luren er høgtliggjande, veglause gardar. Brunborg er eit autentisk tun som er vurdert som særleg verneverdig. Husa på Luren er frå mellomkrigsåra og i god stand. Andre interessante gardar i Teigdalen er To og Aksleberg. Nokre lafta utløer ved Fasteland er i god stand. Straumebrui (nr. 333) er særleg verneverdig. Fornminne på Brekkhus og ytst i Teigdalen på Styve og Fadnes. Edellauvskog i naturreservatet Fadnesskaret. *Teigdalen peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Hovda, Vestbygda

Utmarksmiljø. Utslåtter med uteløer ovanfor garden. Rester etter torvgard mellom gardane Vestrheim og Hovda. Utanfor bøgarden er denne bevart i omlag 2 km lengd, mellom Lidsheim og Hovda.

Garden Steine og stølslandskapet nord og nordaust for Steine

Kulturlandskapområde med gardsmiljø, fornminne, men hovudsakleg utmarksmiljø knytt til støling. Frå gardane på Edal og Steine utover mot stølane er det fint kulturlandskap med beitemark og slåttemark. Eldste tunet på Steine har gamal bygningsmasse. Særleg verneverdig vårstøl i stein utanfor markagarden. På Steinestølen og Kvitla er det fleire kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder i tillegg til ståande bygningsmasse. Mange stølstre, men dei vert ikkje slegne no. På austsida av elva ligg eit eldre stølstre som har vore inngjerda av torvgard og steingard.

I sidedalføret nordaust for Steine går klyvjavegen frå Fjelastølen til Mokedalen. Vegen er opparbeidd med trepper i Verkane og ved Klovningane. På Fljote vart stølstrea slegne før i tida. Tufter, rydningsrøyser, klyvjastein, steingardar, spor etter torvgard, kjølebrunn. På nordsida av elva ca. 150 m opp hadde dei før i tida flor under ein stor stein. Plass til 20 kyr. På stølen Laudalen skal det vera fjellrabarbra. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*



Vårstøl på Steine (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Nordheim/Nedre Kyte

Kulturlandskap med tekniske kulturminne, gards- og grendamiljø. Opprinneleg fleire bruk på Kyte. Mange av husa i Kytesgrendi er bygd av folk som arbeidde i skiferbrotet. Her har vore butikk med bakeri som i dag fungerer som gardsbutikk. Dette gjev grenda særpreg. Skiferbrotet på Nordheim må sjåast som del av kulturlandskapet med arra i fjellsida og avfallsmassane etter uttak. Ellers er det mykje fint kulturlandskap i området med forseggjorde steingardar og fornminne frå steinalder og jernalder. Ein husmannsplass under Nedre Kyte har gjerde av store skiferheller sett på høgkant, fint haldne bygningar, sjeldne treslag m.m. (sjå nærare presentasjon i kapittel 7.4.1. og 7.8.1).



Kytesgrenda med skiferbrotet i bakgrunnen. (Foto: Sigrunn Dommarsnes)

Lønavatnet nordaust

Større kulturlandskapsområde med hovudsakleg gardsmiljø, tekniske kulturminne knytt til samferdsle, og fornminne. Området i nordenden av og nordaust for Lønavatnet med gardane Staup, Høyland, Bergo, Tvinno, Gjøstein, Hustveit, Hefte, Grotland og Nesheim. Her er mykje interessante og stor variasjon i kulturminne/kulturlandskap innan eit relativt lite område. Lønaøyane er verna som naturreservat. Det gamle kulturlandskapet vert framleis halde bra i hevd. Mykje interessant bygningsmasse på fleire av gardstuna. Postvegen som gjekk gjennom området er framleis synleg mange stader. Framleis spor etter gamal reisleveg frå Afdal går gjennom Smogje og Tvinnetunet. Gangeveg gjennom Stigane til Tvinno Området er svært rikt på fornminne, hovudsakleg frå jernalder. Bør vera ein sterk kandidat til eit av områda kommunen bør prioritere for å helde det gamle kulturlandskapet i hevd?

Tunet på *Staup* er eit svært autentisk tun med røykstove, to smier, bu, flor med eldstad, kårastove. Omgjeve av fint kulturlandskap med styvingstre av alm. Ellers ein del varmekjære artar. Har hatt humlagard. Skiferbrot i området ned mot E-16. Gamal veg med mura vegfot og klopp mellom dei to bruka på Staup. Tunet er i forfall. Er vurdert som fredningsverdig. *Høyland/Bergo* er to tungvinne gardar. På Høyland vert kulturlandskapet halde nokonlunde i hevd. Løypestreng til Bergo. Veggen frå Vangen til Vossestand gjekk i gamal tid om Høyland, Bergo, Afdal, Moldbakken og ned Hydningadalen. *Nesheimstunet* med autentiske bygningar heilt attende til 1500-talet (som Voss Folkemuseum no har ansvar for). Mange av Lønaøyane vart slegne og vert det enno. Døme på våtmarksutslåtter med uteløer. *Tvinno* er ein gard som har ein viktig plass i Voss si samferdslehistorie som gjestgjevarstad langs Postvegen. Den vegause garden *Hustveit* er vurdert som fredningsverdig. Her er to bergkunstlokaliteter (skålgropar og ringar). Mellom *Gjøstein* og *Åsbrekkegjelet* er eit "stølstre", med 2 uteløer og ein flor. På Gjøstein er ein bergkunstlokalitet med ringsteinar. Medan Åsbrekkebrui låg nede gjekk Kongevegen attmed gardstunet.

Det er utarbeidd ein skjøtselplan over kulturlandskapet frå og med heimebøen på Leiddal opp til stølen Gilset. Stølen har fin steinsetnad, stølstre som vart slege og her er skålgroper.

Grotlandsmoen på Grotland har vore omtalt som ein kultplass i førkristen tid. På garden er 6 gravhaugar, steinsetnad og ein 60 meter lang nedsokken steinmur i nord-sør retning for gravhaugane. Ei segn fortel at soknekyrkja opprinneleg skulle byggjast her, men at kyrkjeplassen vart flytt til Vangen på grunn av ein flaum som reiv ned den påbyrja kyrkja på Grotlandsmoen. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Løn/Ure

Kulturlandskap med gardsmiljø og tekniske kulturminne knytt til samferdsle. Gardstuna ligg på rekkje etter utskiftinga i den bratte lia ovanfor Oppheimsvatnet. Det gamle kulturlandskapet er bra bevart, då svært bratte bøar gjer det vanskeleg med intensiv drift. Støttemurar for å halda på den bratte innmarka. Fleire gravhaugar på Løn. Kongevegen gjennom området er skilta. Utløer og vårflorar i utmarka. Steingardar og beitolastein.

Området kring Kvårmo

Kulturlandskapsområde med gardsmiljø og tekniske kulturminne knytt til samferdsle. Område mellom Åsbrekkegjelet og Skjelviki som omfattar Rinden, Taulen, Skogstad, Bjørkelid, Hjellem, øvre og nedre Kvårmo og Kvarmastølen. Tuna står så godt som uendra omkransa av kulturmark. Tunet på Nedre Kvårmo er eit tyngdepunkt som særleg verneverdig gardsmiljø. Skogstad har røykstove, bualof/stabbur. Attmed Skogstad er restar etter gamal veg til Vossestrand. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Vinje, Vossestrand

Kulturlandskap med gards- og grendamiljø, tekniske kulturminne knytt til samferdsle, fornminne og kyrkjestad. Heile grenda Vinje, inkludert Vinjamoen, må sjåast i heilskap. Her er ny busetnad som forstyrrar det gamle, men likevel mange element som gjer at området er særleg interessant. Kulturmarken er rimeleg velhalden. Gamletunet på garden Vinje (261/1, 260/1, 2, 4) utgjer eit tyngdepunkt med sin særlege grad av autentisitet i gardsbusetnaden og den freda mellomalderkyrkjegarden. Samstundes er her mykje interessant bygningsmasse på dei andre tuna. På Vinjamoen er det fleire gravhaugar og ein husmannsstove, husmannsplassen Vinjehagen, kyrkjegarden og kulturlandskapet omkring og ikkje minst kongevegen som går gjennom området. Her er kyrkjevegar og stølsvegar. Gropastein ovanfor nedre Vinje. Fleire traséar av kongevegen har gått gjennom tunet. Gamal kyrkjeveg mot Myrkdalen, stølsveg og ein gamal holveg på Vinjamoen. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.* Sjå og kapittel 7.4.1.

Ulvund

Utmarksmiljø. Er med i ”Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap”, nemnt som spesialområde. Ulvund ligg i ei bratt li med god innstråling. Dette fører til at ein finn edellauvskog her med mykje alm. Mange styvingstre av alm og ask som framleis vert styvt. Svært urterike slåtteenger. Steingardar og rydningsrøyser. Får tilskot for at engene framleis skal verte slått på tradisjonelt vis.

Øyaset - nedste Ulvundsstølen

Mellom desse to stølsbola går det ein stein/torvgard og området må difor sjåast i samanheng. Øyaset er eit stort stølsbol med 12 sel og mange andre bygningar. Her fins mykje fin steinsetnad. Før i tida var det grave lange veiter vestover frå Øyasetelva for å forsyna kvernene på Ulvund med vatn.

Oppheim

Kulturlandskap med gards- og grendamiljø, tekniske kulturminne knytt til samferdsle, fornminne og kyrkjestad. Dei to gardane Nedre- og øvre Oppheim med fleire bruk utgjer grenda og kyrkjestaden Oppheim. Husa i Nedre Oppheim står framleis i fellestun, men jorda er utskifta. Det gamle kulturlandskapet har fleire stader måtte vike for moderne intensivt jordbruk. Endringar på husa og nyare bygningar i og ved tunet gjev eit ”moderne” inntrykk, men her er mange eldre bygningar. ”Gamlebutikken” på Nedre Oppheim er særleg verneverdig og vert teken hand om av Voss folkemuseum. Gamle prestegarden på Øvre Oppheim kan vera automatisk freda. Mellomalderkyrkjegarden er freda. Sjå og kapittel 7.4.1.

Nordenden av Langedalen

Kulturlandskapsområde med gardsmiljø, teknisk kulturminne knytt til samferdsle, fornminne og utmarksmiljø knytt til støling. Område med fleire mindre gardsbruk (fråflytta) utover Langedalen til stølane. Markusteigen og Tufto er to mindre gardsbruk som no er fråflytt men som skal vera i god stand. Plasset Kvednahaugen låg under Markusteigen. Interessant kulturlandskap med styvingstre, steingard, risgard, vårflor, uteløer. Markusteigen har kvannagard som dessverre held på å gå ut. Det går ein gamal ferdslveg gjennom dalen. I området er det funne spor etter jarnframstilling og ei hellekiste (eldre jarnalder). Langedalsstølen har interessant uteløemiljø, seks uteløer i relativt bra stand med lappskifer på taket. Raunestølen har fleire interessante bygningar som kan vera gamle. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Stalheim

Kulturlandskapsområde med gardsmiljø, tekniske kulturminne knytt til samferdsle, fornminne og krigsminne. Verdisetting av området må sjåast i samanheng med Nærøyfjorden, som er kandidat til plass på UNESCO si verdsarvliste. Kulturlandskap med mange ulike kategoriar kulturminne frå ulike historiske periodar i området. Gravhaugar frå jarnalderen. Stalheimskleiva er eit unikt teknisk kulturminne frå midten av 1800-talet. Postvegen, som gjekk gjennom området, er i dag skilta og tilrettelagt for publikum. Stalheim hotell har vore sentralt i samferdsle langt attende i tid. Her har vore skysstasjon i fleire hundre år og hotellet hadde ein sentral plass under 2. verdskrig som barneheim/mødreheim for barn med tysk far. Til hotellet høyrer og ein kraftstasjon

frå slutten av 1800-talet og ein stor samling tilflytta verneverdige, til dels fredningsverdige hus. I området ligg garden Sivle med særleg verneverdig gardsmiljø og plassen Nåli, som no ligg i ruinar. Like ved hotellet står framleis restar etter kanonstillingar frå 2. verdskrig. Stalheim og området kring har vore klassisk motiv for særleg nasjonalromantiske målarar. Ikkje langt unna ligg Brekkedalen, eit uforstyrta stølsdalføre.

Brekkedalen

Kulturlandskap med utmarksmiljø knytt til støling. Dalføret går frå Sivle og Brekke mot nord til Storestølsbrui der dalføret utvidar seg. Fyrste delen av dalen opp frå Brekke og Sivle er trong og skredfårleg. Gamal veg frå Mulen til Vikset framom Ringheimsøynæ. Gardar i nærleiken både på Vossesiden og Sognesiden stølar her (mellom anna Brekke, Stalheimsøy, gardar i Nærøydalen og Gudvangen/Ramsøy) saman med fleire gardar som kjem langvegsfrå (mellom anna Nesheim i Reppen, Voss jordbruksskule, Giljarhus). Truleg kjøpte desse langvegsfarande sine stølsrettar først på slutten av 1800-talet. Bygningsmassen er ikkje registrert og ein veit difor lite om alder og byggeteknikk på stølane i dalføret. Ein god del av husa er truleg oppført av gardane som kjøpte stølsrettar på slutten av 1800-talet. Her er steingardar og stølstræe. Tuftar på stølen Kinnarbakken. Det vert framleis stølt på ein del av stølane i dalføret, og det gamle kulturlandskapet er difor halde i hevd. Brekkedalen representerar eit framleis levande stølsmiljø med relativt ny bygningsmasse. Her er ingen moderne inngrep som til dømes hyttebygging og ein bør difor kunne bevare heile dalføret for andre inngrep. Bør sjåast i samanheng med kulturlandskapområdet Stalheim. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Mellom Urdland og Uppsete i Raundalen

Større kulturlandskapsområde med gardsmiljø, tekniske kulturminne knytt til samferdsle, fornminne, høgfjellsutnytting, kyrkjestad og utmarksminne knytt til støling. Eit område som omfattar høgfjellsområda i austre del av Raundalsvassdraget og frå Urdland til Uppsete. Vestlegaste høgfjellsteinalderbuplassen er funne ved Borgarbuvatn, i det som oppfatast som nykkeleområde for å forstå utnyttinga av høgfjella i Vest-Noreg i steinalderen. Fangstanlegg i høgfjellet. ”Sverrestigen” er ein gamal ferdslveg gjennom Raundalen, med segn knytt til kong Sverre si ferd gjennom Vossabygdene med vossingane i hælene. Hovudferdslevegen gjekk om Raudkjeldo. Husmannsplass på Skiple. Kleivane er høgste gard i Raundalen. Langs vassdraget er det kjent kulturminne frå bronsealder, jernalder og mellomalder. Interessant stasjonsmiljø på Urdland bør sjåast i samanheng med gardsmiljø på Vålo og Urdland skule, som alle er særleg verneverdige. Fleire interessante stølar. Bør registrerast og verdivurderast med omsyn til kulturhistoriske og botaniske verdiar. *Området peiker seg ut som ein kandidat dersom heilskaplege område skal prioriterast ved fordeling av landskapsmidlar.*

Frå Tesdal til Tesdalstølen

Utmarksmiljø med fornminne. Eit stor tal gravhaugar frå eldre og yngre jernalder syner kontinuitet i gardsbusetnaden attende til eldre jernalder. Gravhaugane er med å forme kulturlandskapet. Her er moglege øydegardar. Stølsvegen til Tessdalstølen går gjennom beitemark. På stølsvegen er ei gamal bru. Utløer i beitemarka.

Møn

Kulturlandskap med gardsmiljø og tekniske kulturminne. Mellom anna ei freda stove og ei lemstove bygd om i sveitserstil. Må sjåast i samanheng med skiferbrotet som framleis er synleg og restane frå eit privat kraftverk og vasskraftverk som forsynte Bømoen.

Fjose, Vinjo og Tøn

Kulturlandskap med gardsmiljø og tekniske kulturminne knytt til vasskraft. Området frå Tønademmo langs Tønagrovi med gardsmiljøet Fjose, som er vurdert som fredningsverdig, gardstunet Vinjo som er eit typisk bruk frå siste halvta av 1800-talet og Tøn med smie og sag.

7.11. Stader og område med potensial for funn av automatisk freda kulturminne (fornminne)

- *Grotlandsmoen – segn om at dette var den opprinnelege staden der Vangskyrkja skulle byggast. Her er gravhauger.*
- *Gard like v/ Vinje kyrkje (mot Stalheim). Under gravearbeid i samband med at det vart bygd eit uthus bakom huset for 2-3 generasjonar siden vart det trefft på ei svær helle, arbeidsfolka la snøgt jorda tilbake på plass. Kan vera ei hellekiste?
Informantar: Jan Adriansen (Statens Vegvesen), Ivar Husdal (lokal informant).*
- *I tillegg til alle automatisk freda kjende faste kulturminne er det stort potensial for å finne ukjente fornminne på stader der det tidlegare er registrert lause funn og/eller der faste fornminne er fjerna. Desse to siste kategoriane er ikkje kartfesta i kartverket som kommunen nyttar.*
- *Vær særleg merksam i område der det er funne jarnslag. Her er potensial for jarnvinneanlegg.*

8. Utfordringar – truslar – forvaltning

Utfordringar og truslar

Ei av dei største utfordringane i vår tid er å ta vare på kulturminne og kulturmiljø og samstundes gje plass til moderne plantiltak og arealbruk. Det krev at me skaper ein grunnleggande forståing og respekt for verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø. Haldningsskapande arbeid i form av informasjon er eit viktig verkemiddel for å gjennomføre dette (sjå 3.2., verkemiddel for forvaltning og vern).

- *Konfliktpotensial mellom kulturminne og nye tiltak*

Ofte kan nye tiltaksplanar komme i konflikt med kulturminne og kulturmiljø. Døme på aktuelle saker i Voss som kan ha konfliktpotensiale er tunnelinnslag i samband med den planlagde Vangstunnelen, planar om ny veg gjennom kulturlandskapet på Finne og utbygging ved "Gamlameieriet" i Kyrkjebøkvartalet. I slike tilfelle må ein gjere ei avveining av kulturminneverdien i høve til verdien av tiltaket. Her ligg ein stor utfordring i at kommunen har ei klar haldning til vern av kulturminne og er konsekvent i høve til prinsipielle vedtak som er gjort.

- *Formelt vern er berre fyrste steget*

For private grunneigarar, Voss kommune og fylkeskommunen ligg det ei stor utfordring i korleis ein skal ta vare på dei fredningsverdige og særleg verneverdige kulturminna og kulturmiljøa. Det er til dømes ikkje tilstrekkeleg å gje bygningar eit formelt, juridisk vern. Står hus og anlegg tomme, utan aktivitet, kan den fysiske tilstanden på bygget raskt verte dårleg. Rekve mylne, som er freda, har lidd ein ublid lagnad der fukt og steinsprang kan øydeleggje eit heilt særeige kulturminne. Mylna er eit døme på at formelt vern berre er fyrste steg på vegen mot reelt vern av kulturminne og kulturmiljø. Oppfølging i form av økonomiske støtteordningar og ikkje minst retningsliner og rettleiing frå dei antikvariske styresmaktane er avgjerande for reelt vern av kulturminne og kulturmiljø.

- *Vern gjennom bruk*

Vern gjennom bruk gjer det nødvendig med økonomisk tilskot og støtte både til vedlikehald og til utvikling av næringverksemd knytt til kulturminne og kulturmiljø. Utan slik støtte kan det vera tungt for privatpersonar å ta vare på og gjere nytte av kulturminne og kulturmiljø.

For å vurdere kva brukspotensial kulturminne og kulturmiljø kan ha, bør kommunen, saman med grunneigarar, interesselag og antikvariske styresmakter gjere ein analyse av kva og korleis ein ønskjer å nytte kulturminne og kulturmiljø på Voss. Ein bør tenkje heilskap for å unngå eit ”rotete” tilbod, der mange aktørar med tilnærma like tilbod kjempar mot kvarandre, i staden for å samlast om ein felles strategi. Dersom nye tiltak vert planlagde i nærleiken av kulturminne eller kulturmiljø bør utbyggjarane sjå dette som ei utfordring heller enn ei hemsko. Til dømes kan ein gamal stølsveg i eit hytteutbyggingsområde, bevarast og tilretteleggast og med det gje hytteområdet ein historisk dimensjon.

Fleire kategoriar kulturminne kan ha eit direkte brukspotensial, særleg retta mot turisme. I Voss er stølsdrift, tradisjonell bygningsmasse og samferdsle tre område som kan ha eit slikt potensial. Den tradisjonelle bygningsmassen er dei fleste medvitne om og stolte over og denne vert mellom anna nytta i gardsturisme (t.d. garden Een (Steinar B. Een) og garden Austre Løno (Ivar L. Løne)). Truleg ligg det eit større potensial i dette enn det som til no er utnytta. Voss kommune sitt prosjekt ”Vossameny”, som vidareutviklar mattradisjonar som nisjeproduksjon og merkevarebygging, kan truleg bidra med mykje. Fleischers og Stalheim hotell, dei to store turisthotella i kommunen, trekk båe vekslar på samferdslehistoria, på kvar sin måte, medan tilrettelegging og skilting av strekk langs den gamle postvegen er eit godt tiltak frå Voss kommune. Minne knytt til stølsdrift er berre i avgrensa grad nytta i turistsamanheng, mellom anna på Vetlebotnen i Myrkdalen, der eigarane har opna serveringsstad og på stølen Holo i Myrkdalen der dei sel geitost. Kulturminne knytt til tradisjonell stølsdrift bør ha eit mykje større brukspotensiale enn dette. Ein kan til dømes gjere tradisjonell stølsdrift tilgjengeleg for turistar etter ein gardsturisme/opplevingsferie-modell. Stølane kan tilby enkel overnatting og la gjestane delta i dei vanlege gjeremåla. Stader som kan vera interessante å bruke til eit slikt føremål er Indre Dale og/eller eit stølsbol i Brekkedalen.

- *Korleis fordele tilskot til vern og skjøtsel av kulturlandskap*

Ein særleg aktuell utfordring er korleis me skal ta vare på det gamle kulturlandskapet. Moderne, intensiv jordbruksdrift, inkludert hytteutbygging og skogsvegar, kan rasere og øydelegge enkeltminne og -miljø. Det bør difor ikkje setjast i gang nye byggetiltak før det er gjort ei grundig verdivurdering av kulturlandskapet i det aktuelle området. Tilgroing er ein annan stor trussel. Det er alt sett i verk tiltak for å hindre dette, mellom anna med landbrukstilskot som vert gitt for å halde kulturlandskapet i hevd. Men korleis skal midlane fordelast? Skal ein prioritere visse område eller visse landskapstyper? Med ei slik prioritering vil ein kunne ta vare på større område, medan me let andre område gro igjen. Eller skal gode og gjennomarbeidde skjøtelsplanar vera avgjerande for tilskot? Konsekvensen av ei slik prioritering er at det gamle kulturlandskapet vert ivareteke i bruddstykker. Problemstillinga er aktuell i og med at ansvaret for fordeling av SMIL-midlane frå og med 2004 er delegert til kommunane. Kommunen bør snarast ta ein prinsipiell debatt om korleis ein ønskjer å nytte desse midlane for å ta vare på det gamle kulturlandskapet.

- *Tilrettelegging for publikum*

Voss kommune, med så mange kulturminne, har eit svært godt utgangspunkt for å tilretteleggje natur- og kulturstiar. Stiane kan merkast og skiltast, og det kan utarbeidast rutar som kan vitjast med bil eller til fots. Rutane kan vera tematiske, til dømes skiferdrift, eller geografiske, til dømes for Evanger og Teigdalen. Dei kan formidlast i ei kulturhistorisk vegbok, i egne foldarar og/eller på kommunen sine internettsider. Ein stor slått idé er å tilrettelegge Brekkedalen som eit kulturlandskap med tradisjonell stølsdrift. Dalføret ligg sentralt i høve til hovudvegen aust-vest og vil grense til Stalheim og landskapsvernområdet kring Nærøyfjorden. Her er få moderne endringar i form av hyttebygging og lignande. Også her kan ein tilrettelegge natur- og kulturstiar og opplysningsmateriell som kan nyttast til turisme og i skuleverket.

Også enkeltobjekt i kommunen bør tilretteleggast og skiltast for publikum. Aktuelle stader å søke tilskot for dette er Voss kommune, SMIL-midlar og fylkeskonservatoren.

- *Ufullstendig kunnskap; ein trussel mot kulturminna*

Ufullstendig kunnskap er ein trussel mot forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Det bør difor vera ei praktisk og økonomisk utfordring i å skaffe oversikt over ikkje registrerte kulturminne i Voss. Potensialet for å finne ukjente fornminne under markoverflata (automatisk freda kulturminne) kan vera særleg høgt i område med tidlegare kjente funn. Det er mogleg å vurdere potensiale for nye fornminne i eit område, men endeleg kunnskap får ein først ved arkeologiske registreringar eller avdekking av markoverflata. Når det gjeld bygningsmassen i Voss kommune frå før 1900, er omtrent helvten registrert. Svært lite av bygningsmassen frå tida mellom 1901 og 1950 er registrert. Så lenge me manglar ei fullstendig kartlegging av bygningsmassen vert gjerne prioriteringane av kulturminne og kulturmiljø gjort på eit noko tilfeldig grunnlag. Det bør difor vera ei høgt prioritert oppgåve å ferdigstille registreringane av bygningsmassen fram til 1950. Kunnskapen om dei gamle vegane er og ufullstendig. Ein bør difor setje i gang eit større registreringsprosjekt for å kartleggje og om mogleg datere dei gamle hovudvegtraséane gjennom Voss kommune.

Forvaltning

Kulturminneforvaltning inneber at det skapast forståing for at kulturminna utgjer ein ressurs, ikkje ein trussel, mot nye plantiltak. For å oppnå det må kulturminne og kulturmiljø vera ein integrert del av all areal-miljø- og ressursplanlegging i kommunen.

- *Planlegging som tek omsyn til kulturminne*

I ein kommune som er så rik på kulturminne som Voss, vil det ligge mykje potensielt konfliktstoff. For å unngå konfliktsituasjonar mellom kulturminneinteresser og nye tiltak må kommunen syte for at kulturminna vert tekne omsyn til frå starten av i all planlegging. Ein føresetnad for dette er naturlegvis at kulturminna i kommunen er godt kartlagt. Me vonar at kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø kan vera eit hensiktsmessig verkty i denne prosessen både i administrative og politiske prosessar. Det er difor ønskjeleg at kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø vert rullert med jamne mellomrom, slik at ein har eit mest mogleg oppdatert verkty i planprosessen.

- *Samarbeid med lokale interesseorganisasjonar*

Lokale interesseorganisasjonar er viktige ressursar i kulturminneforvaltninga. Det gjeld både Voss grunneigarlag, historielaga og husflid laga i kommunen. I vidare kulturminneforvaltning

bør desse få enkeltsaker til uttale for å kunne gjeve kunnskap om lokalhistoriske fakta og synspunkt.

- *Retningsliner for forvaltning av kulturminne*

Gjennom retningslinene som er vedtekne i kommuneplan for Voss og i dei regionale retningslinene for kulturminne og kulturmiljø i Hordaland bør det vera mogeleg å forvalte kulturminne og kulturmiljø på ein forsvarleg måte. I følgje dei estetiske retningslinene for bygge-og anleggstiltak i kommuneplan for Voss kommune 2003-2014, skal det ”*leggjast særleg vekt på vurdering av heilskap*” ved tiltak nær kulturminne og på at det nye tiltaket skal ha ”*utforming som er tilpassa den kulturhistoriske heilskapen*” ved tiltak i eit kulturhistorisk bygningsmiljø. Samstundes skal det ”*visast særleg aktsemd innanfor tradisjonelle tunskipnader og stølsgrender*” (Vedlegg 8 i kommunedelplanen). Likevel fell nyare bygg og anlegg utanfor desse retningslinene. Retningslinene bør difor i tillegg presisere at ein ved alle typar tiltak bør vise aktsemd ovanfor bygg, anlegg og miljø som er frå forrige århundre, i hvert fall fram til 1950.

For forvaltning av særleg verneverdige og fredningsverdige kulturminne og kulturmiljø i kommunen, vil retningslinene i fylkesdelplanen vere grunnleggande. Det gjeld særleg punktane 4.-6. Punkt 4. gjeld restriksjonar for tiltak i område som har kulturminne eller kulturmiljø med høg verneverdi (tilsvarar kategoriane fredningsverdige og særleg verneverdige kulturminne, som er nytta i kommunedelplanen). Punkt 5. gjeld dokumentasjon ved bruksendring eller søknad og riving av bygg med høg verneverdi. Punkt 6. gjeld krav om vurdering av negative miljøeffektar og arkitektonisk/estetiske pålegg ved riving av bygg eller anlegg, eller kulturmiljø med høg verneverdi, i søknad eller i reguleringsplan.

- *Restaurering og vern*

Kultur og bygningsvern

Ein kan søkje Fylkeskonservatoren i Hordaland om tilskot til kulturverntiltak, kultur- og bygningsvern. Midlane er øyremarka bygg og anlegg, men også skjøtsel av fornminne. Søknadskjema kan ein få hjå Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland Fylkeskommune. Søknaden sendast same stad. Søknadsfrist 1. november.

SMIL-midlar til kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar

SMIL-midlane er øyremarka landbruket og omfattar tilskotsordningar for restaurering av bygningar så vel som skjøtsle av kulturlandskap. (SMIL-midlar vert i dag forvalta av Fylkesmannen sitt landbrukskontor, men vert overført til kommunane i 2004). Søknadsskjema kan ein få hjå kommunen. Søknaden sendast same staden. Søknadsfrist er 15. februar.

Haldningsskapande tiltak

Haldningsskapande arbeid og informasjonstiltak har ein førebyggjande effekt. Kommunen bør her samarbeide med ulike interesser, som t.d. sogelaga. Aktuelle tiltak kan vera å ;

- Utarbeide eit undervisningopplegg for skulen (sjå mellom anna nettstaden Miljølære og Gode naboar)
- Utarbeide ein brosjyre/folder som tek for seg god byggjeskikk i kommunen (sjå til dømes Fjell kommune sin folder om god byggjeskikk for naust).
- Utarbeide informasjon om kulturminne og kulturmiljø på kommunen sine nettsider.
- Utarbeide informasjonshefte til grunneigarar om kulturminne og kulturmiljø i nærområdet.

- Oppfordre til deltaking frå lokalbefolkningen og nytte lokale ressursar for å synleggjøre kulturminne og kulturmiljø.
- Ei kulturhistorisk vegbok, etter same lest som kulturhistorisk vegbok for Etne og for Fedje, kan vera ein måte å formidle kulturminne og kulturmiljø både til skuleverk, grunneigarar og turistar.

9. Handlingsplan

Prioriterte tiltak i planperioden

TILTAK	TIDSROM	ANSVARLEG	KOSTNAD
Registrering av kulturminne yngre enn 1650, prioritert i denne rekkjefylgja: <ul style="list-style-type: none"> • Kytesgrenda/Nordheim • Bustadområdet bakom Vangen (Ullestad, Lekve og Ronge) • Vangen • Andre uferdige krinsar • Blanke krinsar • Nyare tids bygningsmasse i krinsane som alt er registrert 	2005-2006	HFK/Voss k	Ca 600.000 (2 årsverk)
Registrering og vurdering av botaniske og kulturhistoriske verdier i kulturlandskap	2005-2007	Voss kommune/Hfk	
Registrering og kartfesting av gamle vegar <ul style="list-style-type: none"> • Litteratursøk • Oppsøke informantar • GPS-kartfesting • Rapport 	2005-2006	Hfk/Voss k./Statens vegvesen	Ca 300.000
Tiltak for skjøtsel og verne/fredningsforslag <ul style="list-style-type: none"> • Gardstunet på Fjose • Gardstunet på Staup og Kulturlandskapet kring • Kulturlandskapet Vinje • Stølen Indre Dale med Kulturlandskap • Stølen Grønstad og kulturlandskapet kring • Brekkedalen 	2005-2007	Voss k./Hfk/RA	
Skjøtsel av kulturlandskap og kulturminne <ul style="list-style-type: none"> • Vinje 	2005-2007	Voss k./Flbrk/Hfk/RA	
Haldningsskapande arbeid <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide informasjon om kulturminne og kulturmiljø på kommunen sine nettsider • Utarbeide undervisningsopplegg for skulen • Skrive "Kulturhistorisk vegbok for Voss" • Utarbeide informasjonshefte til grunneigarar om kulturminneverdiar i inn- og utmark og oppmode til utarbeiding av skjøtselplanar 	2004	Voss kommune	5.000
	2005-2007	Voss k.	ca 10.000
	2005-2006	Voss k/Hfk/Statens vegvesen	ca 300.000
	2005	Voss k/Flbrk	25.000
	2005	Voss k	ca 10.000

<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide brosjyre om god, lokal byggjeskikk i Voss kommune. • Tilrettelegge bunkers på Mølster 	2005-2006	Voss k/Vfm	ca 25.000
Kommunale vernetiltak <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide vernetiltak for kulturminna som er foreslått prioritert i kulturminneplanen • Plotte alle kjente fornminne inn på kommunen sine kart • Digitalisere dei prioriterte kulturminna i kommunen sitt kartverk 	2005 - 2005-2010 2005	Voss k Voss k/RA Voss kommune	
Tilrettelegging Vurdere å tilrettelegge Framnes Kurstad (hotel) i reiselivsammenheng	2005	Voss k	

Voss k. - Voss kommune
Flbrk - Fylkeslandbrukskontoret
Hfk - Hordaland fylkeskommune
RA - Riksantikvaren

10. Økonomiske konsekvensar

Handlingsdelen i kommunedelplanen inneheld ulike tiltak som er ressurskrevjande og som ikkje kan dekkast innan budsjettrammene i kommunen sin noverande økonomiplan. Gjennomføring av dei ulike tiltaka må derfor konkret vurderast i samband med utarbeiding av budsjett og økonomiplan.



Vedlegg

Kulturminne verna i medhald av plan- og bygningslova

Reguleringsplan for Vangen*:

- Vangsly ("Lærumshuset", nr. 314)
- Voss Avhaldskafe (nr. 365)
- Nain (nr. 377)
- Ungdomshallen (nr. 378)
- Godtemplarhallen (nr. 383)
- Hustveithuset
- Kyrkjebø
- H. Vik - smedverkstad
- Bryn og Tverranger
- Gamle meieriet
- Gamle posthuset
- Hålandshuset
- Handegårdhuset
- Grønberghuset
- Sauehuset
- Eltrevåghuset
- Haugenhuset
- Bremerthunhuset
- Freslesarmen
- Holsenhuset
- Utkvitnehuset
- Sellandhuset
- Sion
- Bjørndalshus 1

* Jf. og "Førkrigshus på Vangen" av Gunnar H. Ringheim

Reguleringsplan Tvildemoen :

- Magasinbygningen (nr. 399)

Reguleringsplan Mølstertunet :

- Mølstertunet og løebygning aust for tunet (46/2)

Reguleringsplan Rogne :

- Gravhaug (legalfreda etter kulturminnelova)

Reguleringsplan Skulestadmo-området:

- Moen (nr. 42)

Reguleringsplan Røvhaugane :

- Kolgrop (truleg legalfreda etter kulturminnelova)

Reguleringsplan Gullfjounen Vest:

- Lydvo (nr. 22)

Reguleringsplan Evanger:

- Ca. 20 hus i sentrumsområdet

Reguleringsplan Bolstadøyri Sørside :

- Naust

Reguleringsplan Tveite

- Husmurar

Reguleringsplan Eensmoen

- Steinmur